


Rebecca Egeland

## Treng vi egentleg spelemannslag?

Ein casestudie av seks spelemannslag i Telemark i lys av rekruttering, opplæring, sosial arena og institusjonalisering.



Universitetet i Sørøst-Noreg  
Fakultet for humaniora, idretts- og utdanningsvitenskap  
Institutt for kultur, religion og samfunnsfag  
Postboks 235  
3603 Kongsberg

<http://www.usn.no>

© 2018 Rebecca Egeland

Denne avhandlingen utgjør 60 studiepoeng

## Samandrag

Dette er ein casestudie av seks spelemannslag i Telemark fylke som blir sett i lys av rekruttering, opplæring og sosial arena samt forholdet mellom dei seks spelemannslaga og kulturskuler knytt til desse.

Som mange andre frivillige organisasjonar i dagens Noreg, slit spelemannslaga med høg gjennomsnittsalder og dårleg rekruttering til dei kommande generasjonane.

Difor har eg med denne oppgåva undersøkt kva behov det er for spelemannslag i dagens folkemusikk-Noreg ettersom kulturskulane har take over som opplæringsarena for hardingfele. Hovudsakelig har eg nytta kvalitativ forskingsmetode, men det er òg noko innslag av kvantitativ forskingsmetode samt dokumentanalyse av kappleiksresultat og dei seks spelemannslagas føremålsparagrafar.

I oppgåva blir det trekt fram døme på spelemannslag som i nyare tid har lukkast med rekruttering og spelemannslag som slit med rekruttering, særleg av yngre utøvarar. Med dette har det vore høve for spørjeundersøking med elevar i kulturskulen som får opplæring på hardingfele, for å kartleggje forholdet dei har til sitt lokale spelemannslag.

Eg har òg funne det naturleg å sjå på organiseringsutvikling av folkemusikk frå den frilynte ungdomsrørsla til dagens FolkOrg samt vegen folkemusikken (i Telemark) har gått for å bli institusjonalisert.

# Abstract

This is a case study of six Hardanger fiddle-groups in the county of Telemark in the light of recruitment, teaching and social arena, and the relationship between this six hardanger-fiddling groups and the local cultural schools.

As many other voluntary organisations in Norway today, the Hardanger fiddle-groups struggles with high age and low recruitment for today's and the future generations.

Therefore, I have with this task looked closer on need for Hardanger fiddle-groups in today's folk-music Norway, since the cultural schools have taken over as teaching area for Hardanger fiddle.

I've mainly been using qualitative science method, but I've also used some quantitative method and document analysis of *kappleiksresults* (results from folk-music competitions) and statute for the six Hardanger fiddle-groups.

In this task, it will be showed examples of Hardanger fiddle-groups in newer time with good recruitment and Hardanger fiddle-groups with low recruitment, especially youth. By this, I've got the opportunity to do a survey with children who gets their teaching in Hardanger fiddle in the cultural school, to get an impression of what relationship they have to their local Hardanger fiddle-group.

It's also been natural to have a look on organizationsevolution of folk-music from the *frilynte ungdomsrørsla* ("Norway's youth society) to today's FolkOrg, included how the folk-music in Telemark have gone from being volentair to institutionalized.

## Innholdsliste:

<b>1</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>8</b>
1.1	Bakgrunn for val av tema .....	9
1.1.1	Eigen bakgrunn.....	10
1.2	Problemstilling.....	11
1.2.1	Avklaring av omgrep.....	11
1.3	Definisjonar og sentrale omgrep .....	12
1.3.1	Spelemannslag.....	12
1.3.2	Folkemusikk.....	14
1.3.3	Munnleg tradering.....	15
1.3.4	Kappleik.....	15
1.3.5	Organisasjon.....	16
1.4	Metode.....	18
1.5	Teori .....	25
1.6	Avgrensing.....	28
1.7	Litteratur .....	29
1.8	Disposisjon.....	31
<b>2</b>	<b>Framveksten av organisert folkemusikkmiljø nasjonalt, regionalt og lokalt ..</b>	<b>31</b>
2.1	Den frilynte ungdomsrørsla .....	32
2.2	Organisering av spelemenn .....	33
2.3	Frå Landslaget for Spelemenn til FolkOrg – organisasjon for norsk folkemusikk og folkedans .....	35
<b>3</b>	<b>Hardingfeleopplæring i Telemark frå 1970-talet .....</b>	<b>37</b>
3.1	Folkemusikkopplæringa i Telemark .....	38
<b>4</b>	<b>Dagens situasjon for rekruttering blant spelemannslag i Telemark.....</b>	<b>40</b>
4.1	Spelemannslaget Bøheringen.....	40
4.1.1	Kappleikar i regi av Spelemannslaget Bøheringen.....	42
4.2	Falkeriset folkemusikklag.....	43
4.2.1	Kappleikar i regi av Falkeriset folkemusikklag .....	44
4.3	Fjellrosa spel- og dansarlag .....	45
4.3.1	Kappleikar i regi av Fjellrosa spel- og dansarlag .....	46
4.4	Seljord folkemusikklag.....	46

4.4.1	Kappleik i regi av Seljord folkemusikklag .....	47
4.5	Tinn Spelemannslag.....	48
4.5.1	Kappleikar i regi av Tinn spelemannslag.....	50
4.6	Spelemannslaget Vårlengt.....	50
4.6.1	Kappleikar i regi av Spelemannslaget Vårlengt.....	51
4.7	Oppsummering.....	52
<b>5</b>	<b>Drøfting .....</b>	<b>53</b>
5.1	Rekruttering .....	54
5.1.1	Medlemsfordeler som rekrutteringstiltak .....	54
5.1.2	Kappleik.....	55
5.1.3	Konsert .....	58
5.1.4	Marknadsføring .....	59
5.1.5	Oppsummering.....	60
5.2	Opplæringsarena.....	62
5.2.1	Kurs.....	62
5.2.2	Oppsummering.....	64
5.3	Sosial arena .....	64
5.3.1	Spelemannslag som sosial arena .....	64
5.3.2	Kappleik som sosial arena .....	67
5.3.3	Øvingskveldar .....	68
5.3.4	Oppsummering.....	69
5.4	Institusjonalisering .....	73
5.4.1	Oppsummering.....	80
<b>6</b>	<b>Konklusjon .....</b>	<b>82</b>
<b>7</b>	<b>Forkortingar .....</b>	<b>84</b>
<b>8</b>	<b>Litteratur og kjelder.....</b>	<b>84</b>
<b>9</b>	<b>Vedlegg.....</b>	<b>87</b>

## Forord

Så er eg ferdig med mitt andre masterprosjekt, i ein alder av 26 1/5 år. Dette er ein personleg bragd for meg, men eg føler meg òg privilegert som har fått høve til å atter ein gong kunne fordjupe meg i eit folkemusikkemne på mastergradnivå.

Det har vore ein interessant prosess der det dukka opp mange uventa og interessante funn, og eg vonar de som lesar vil finne prosjektet like interessant som det har vore for meg.

Dette prosjektet hadde eg ikkje blitt så nøgd med hadde det ikkje vore for min fantastiske rettleiar Anne Svånaug Blengsdalen. Kjære Anne; du har fått meg til å le og gråte etter møta våre, men resultatet er verd det!

Takk til min ubeskrivelig gode Håkon Vårhus Sagen som det siste året har støtta meg i opp- og nedturar, samt passa på å få i meg mat og frisk luft.

Takk til Ragnhild Kolsrud for mental stønad gjennom heile studieløpet. Utan din stønad og våre felles «breakdowns» med ein studiehumor utan sidestykke, hadde eg nok ikkje kome meg gjennom dette.

Takk til Christine Louise Smith og Brynhild Hanto som saman med meg har utgjort den faste "hald kjeft og skriv"-trioen vårsemesteret 2018. Dette har gjeve meg gode og strukturerte skrivestunder kombinert med flotte ustrukturerte pausar.

Takk til Frida Bergersen som tok seg tid til ein kjapp korrekturlesnad.

Særleg takk til informantane:

Gudrun Straand, Gunnar Blomhaugen, Lars Erik Skjøtskift Øygarden, Lars-Ingar Meyer Fjeld, Rønnaug Larsen, Ragnhild Knudsen, Torunn Raftevold Rue, Unni Boksasp samt Jorun Hagen og Øyvind Sandum i FolkOrg. Ein takk rettast òg til alle hardingfeleungdomar som har svart på spørjeundersøkinga.

Ein siste takk til onkel Halvor som brått døydde to månadar før denne innleveringa.

Takk for at du alltid støtta meg når det kom til utdanning. Det vil alltid vere med meg.

<Bø i Telemark, 15.5.2018>

<Rebecca Egeland>

# 1 Innleiing

Frå tidlegare vart folkemusikkopplæringa gjennomført med at elev oppsøkte spelemenn som eleven kunne tenke seg å lære av, og dersom læremeisteren ville lære frå seg spel, var det ofte eleven betalte opplæringa gjennom fysisk arbeid. Denne læremeisteren var ein vanleg spelemann som ikkje hadde noko teoretisk eller fast opplæringstermologi.

Utover 1900-talet såg folkemusikkutøvarar at ei slik uorganisert folkemusikkopplæring ikkje ville halde i lengda og ein gjekk saman for å organisere dette. Som eit resultat av dette tilbyr fleire kulturskuler folkemusikkopplæring og då særleg hardingfeleopplæring.

Dagens institusjonaliserte læremeistarar er utøvarar som har dette som jobb med fastlønn held seg til ein opplæringstermologi, men ein ser at til dømes kurslærarar ofte er utøvarar som stiller opp frivillig, utan å vere ein del av den institusjonaliserte sektoren.

Hans Majestet Kong Harald sa desse orda om frivillig arbeid i sin nyttårstale for 2017:

Hvert lille samfunn i Norge består av vaffelstekere, kaffekokere, fotballtrenere, besøksvenner, villige hender og store hjerter som vi ikke hadde klart oss uten. (...) Kjernen i frivilligheten er nettopp at vi gjør noe fordi vi synes det er riktig og viktig, ikke for personlig økonomisk vinning. Med dugnadsånd har vi gjennom generasjoner skapt det fundamentet vi står på sammen i dag. Og styrken ligger nettopp i at vi har skapt det sammen – med våre egne hender, at vi har gitt av vår tid, delt av vår kunnskap og vårt engasjement (HMK Harald, 2017).

*Vaffelsteikarar og kaffikokarar* som Hans Majestet Kong Harald nemnar, kan ein sei er like viktige i folkemusikkmiljøet som utøvarane (spelemenn, kvedarar og dansarar). Ein ser at kappleik framleis vert skipa av frivillige i spelemannslag og i kulturskulen finn ein engasjerte foreldre som støtter opp om barnas folkemusikkaktivitet med å vere sjåfør til kurs og/eller publikum på kappleik.

I dag sliter frivillige organisasjonar i Noreg generelt med dårleg rekruttering og oppslutning. Utan den frivillige innsatsen som ligg til grunn, hadde me nok ikkje hatt eit yrande folkemusikkmiljø i dag med folk som gjer nettopp det dei føler er viktig og riktig, "ikke for personlig økonomisk vinning" slik Hans Majestet Kong Harald sa det i nyttårstalen 2017.



## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Dette prosjektet går ut på å belyse seks spelemannslag i Telemark i forhold til rekruttering, opplæring og sosial arena. Då kulturskulen er ei viktig opplæringsinstitusjon for folkemusikk, og særleg hardingfele, blir forholdet mellom dei lokala spelemannslaga og kulturskulen òg belyst. Dette er ein av grunnene til at det kan vere verd å sjå på om spelemannslaga har fått ei svekka rolle i dagens folkemusikkmiljø, når opplæring i større grad skjer innanfor institusjonaliserte rammer enn kva som var vanleg tidlegare.

Det er ikkje uvanleg at ein får høyrd gjetord blant dei som ikkje er folkemusikarar om at folkemusikkmiljøet er eit noko vanskeleg miljø å bli ein del av. Mange folk har fortalt meg sitt inntrykk av at dersom ein ikkje er født inn i ein familie med fleire generasjonar folkemusikkutøvarar bak seg, vil det vere vanskeleg å få «audiens» i folkemusikkmiljøet. Dette kan særleg gjelde i områdar med sterk folkemusikktradisjon.

Innanfor folkemusikkmiljøet har mange derimot eit ynskje om at folkemusikkmiljøet skal auke og få fleire medlemmer, men det kan verke som at dei ikkje heilt veit korleis dei skal få det til. Dette er eit dilemma, og ein uheldig situasjon for folkemusikken når mange utanfrå opplever at ein må vise seg verdig for å kunne ta del i folkemusikkmiljøet, og det er heller ikkje alle som ikkje får den velkomsten dei nødvendigvis hadde ønska når dei oppsøker sitt lokale folkemusikkmiljø.

På 1990-talet organiserte folkemusikkmiljøet seg breitt og organisasjonane i feltet gjekk saman om å lage ein handlingsplan for folkemusikk og folkedans som vart ferdigstilt og overlevert til kulturminister Åse Kleveland i 1995. *Handlingsplan for folkemusikk og folkedans* vart til i regi av den tidlegare paraplyorganisasjonen Landslaget for Spelemenn (Lfs) som òg omfatta dei lokale spelemannslaga. I tillegg var fleire organisasjonar og institusjonar med i nemnda. Med handlingsplanen fekk folkemusikarar ytra eit ynskje om å få folkemusikkopplæring inn i den organiserte sektoren (musikkskulen og seinare kulturskulen), og det blei mellom anna lagt vekt på kor viktig det er at spelemannslaga skal stå for miljøaktiviteten medan kulturskulen skal stå for opplæringa:

Opplæring og kurs er i seg sjølv sjeldan nok for å rekruttere nye utøvarar. Inspirasjonen frå eit aktivt og triveleg miljø der ein kan få brukt det ein lærer, er

ofte meir avgjerande (LfS, 1995, s. 12).

I Handlingplanen vert det òg nemnd at det er viktig for organisasjonane at dei har ei open og inkluderande haldning til dei nye utøvarane, i tillegg til at spelemannslaga har eit særleg ansvar for kursverksemd og lage bruksmiljø der ein kan bruke det ein har lært.

Ettersom opplæringsarenaen for folkemusikk har blitt flytta til kulturskulen har det resultert i at spelemannslaga no har eit mindre ansvar ovanfor opplæring av urøynde utøvarar. Dette gjer at ein kan stille spørsmål om det systematiske arbeidet for å få opplæring inn i kommunal regi har skåre av greina spelemannslaget har hatt i forhold til opplæring og rekruttering.

Med dette i bakhovud har eg valt å ta føre meg spelemannslaga i Telemark som opplærings- og rekrutteringsarena per 2017 og mellom anna sett nærmare på korleis det har gått med folkemusikkopplæringa etter at kulturskulen fekk ansvar for folkemusikkopplæring, ettersom rolla til spelemannslaga har vorte noko endra frå sin opphavlege mening. Kva rolle har spelemannslaga for hardingfeletradisjonen i Telemark no i forhold til tidlegare, og kva betydning har spelemannslaga for rekruttering av nye utøvarar til folkemusikkmiljøet?

### 1.1.1 Eigen bakgrunn

I folkemusikkmiljøet har eg rolle som utøvar på munnharpe og dansar i dansarringen *Sæbyggjan* frå Setesdal. Eg har delteke aktivt på kappleik sidan 2010 som utøvar, arrangør og dugnadsarbeidar. I to år sat eg styret til Setesdal Spelemannslag som er eit interessespelemannslag, det vil sei ikkje eit spelemannslag med aktiv spelgruppe.

Eg var medlem i Setesdal Spelemannslag i 5 år, frå 2011 til 2016 og representerte desse på kappleik denne perioden. Før det deltok eg på kappleik for FolkOrg. Ei periode valte eg å ikkje vere medlem i FolkOrg eller noko spelemannslag då kappleiksdeltakinga har blitt mindre for min del. Sidan eg ikkje spelar noko feleinstrument, har eg aldri vore aktivt medlem i ei spelgruppe.

Eg har vore folkemusikkonsulent ved mindre engasjement hjå Agder folkemusikkarkiv og har hatt ei 50% vikarstilling som folkemusikkonsulent ved Folkemusikksenteret i Buskerud fram til november 2017. I tillegg har eg både bachelor- og mastergrad med folkemusikk som emne frå tidlegare Høgskulen i Telemark avdeling Rauland.

## 1.2 Problemstilling

Dei lokale spelemannslaga sitt føremål har frå byrjinga vore å bevare og utøve den tradisjonelle folkemusikken i sitt område. Mange stader har spelemannslaga jobba for at folkemusikken skal få sin plass i bygdelivet, formilde folkemusikk til folket og få fleire interessert i det.

I dag tilbyr mange spelemannslag lærekrefter til kulturskulene og har slik kome seg innanfor den organisatoriske opplæringssektoren. Dette er med på å bidra til at spelemannslaga har noko å tilby fleire sektorar og nok gjer at fleire blir klar over deira eksistens, men ein ser likevel at mange spelemannslag sliter med labre medlemstal og høg snittsalder på medlemmene.

*I prosjektet vert det gjort ei nærmare undersøking av seks spelemannslag i forhold til rekruttering, opplæring og sosial arena samt forholdet mellom lokale spelemannslag og kulturskulen.*

I tillegg har eg spurt meg desse spørsmåla:

- I kva grad er dagens spelemannslag redusert til å vere ein organisatorisk tilknytning i høve deltaking på kappleik?
- Kva forhold til spelemannslag får kulturskuleelevane når opplæringa skjer i kommunal regi, og korleis påverkar dette rekrutteringa av nye utøvarar i spelemannslaget?
- Har institusjonaliseringa av folkemusikk i kulturskulen ført til svekking av dei tradisjonelle, frivillige organisasjonane?

### 1.2.1 Avklaring av omgrep

- Rekruttering

Rekruttering er knytt til korleis spelemannslag kan få auka tilvekst av medlemmer i laget sitt. I dette prosjektet er rekruttering nytta om medlemsfordeler, kappleik, konsertar og marknadsføring.

Rekruttering av nye utøvarar i spelemannslag treng ikkje berre vere barn og ungdom men kan òg vere vaksne, erfarne utøvarar som har flytta frå eit folkemusikkområde og

tek del i spelemannslaget på den nye staden. I dette prosjektet gjeld det særleg barn og unge.

- Opplæring

Opplæring er knytt til kurs. Spelemannslaga held opplæring i form av kurs anten sjølvstendig eller i samarbeid med kulturskulen.

Hardingfeleopplæring er ein munnleg opplæringsform. I prosjektet er ikkje ordet *opplæring* knytt til opplæringsmetodikk for hardingfele («korleis spele hardingfele»), men opplæring som ein del av kva rekrutteringsarbeid som vert gjort for å auke tilvekst av hardingfelespelarar i spelemannslag.

- Sosial arena

Ein viktig sosial arena når det gjeld folkemusikk er kappleik, men òg øvingskveldar i spelemannslaget med samspel og dansespel for dansarringen. Sosial arena er ein stad for sosial utfolding der fleire med felles interesse kan møtast, og det er her spelemannslaga får utspelt sin viktigaste rolle.

Den sosiale arenaen i folkemusikkmiljøet er i stor grad uformell, det vil sei at det kan vere vel så mykje det som skjer på scena som det som ikkje skjer på scena som er avgjerande for ein utøvar.

- Institusjonalisering

Med institusjonalisering meinast at opplæringa i folkemusikk har blitt flytt til kulturskulen.

## 1.3 Definisjonar og sentrale omgrep

### 1.3.1 Spelemannslag

Spelemannslag er ein frivillig organisasjon for spelemenn på feleinstrument og andre som er interesserte i den tradisjonelle folkemusikken. Spelemannslaga blei etablert for å forvalte den tradisjonelle, lokale folkemusikken i bygdene og står i dag som samspel- og sosialarena og miljøskapar for utøvarar i folkemusikkmiljøet. Spelemannslag er òg ein

stad for å hente tilbakemelding på sitt eige spel då alle som er med i eit spelemannslag verdset tradisjonane dei forvaltar.

Historisk var ikkje spelemannslaga tenkt som samspelgrupper, men som lokale interesseorganisasjonar som organiserte spelemenn i eit avgrensa område (Aksdal & Nyhus, 1993, s. 77). Med tida blei spelemannslaga ein arena for utøving, ikkje minst i forhold til dansespel. Dansespel har vore motivasjon for å gå saman fleire feler for å høyrast betre, ettersom lyden av ei enkelt fele fort kan bli borte i støy frå rommet. Spelemannslaga har òg blitt nytta som ei sosial ramme der spelemenn har kunne møtast for å dyrke tradisjon og spel, samt at spelemannslaga har tatt på seg ansvar og organisering av spelemenn til dansespel, konsert, kappleik eller andre samkomer i deira område.

I dag har dei fleste spelemannslaga spelegrupper som representerer laget med samspel ved forskjellige høve. Nokre lag har drive med dyrking av samspel sidan laget vart stifta, andre har byrja med samspel i nyare tid, medan nokre lag berre dyrkar interessa og har ei organisatorisk rolle. Sidan det finst spelemannslag knytt til forskjellige stader og tradisjonar, nyttar utøvarar ofte spelemannslaga som identifiseringsmerke ved til dømes kappleiksdeltaking.

I *Organisasjon og ledelse i frivillig arbeid (1998)* definerer Kristen Ulstein organisasjon, som er lik måten spelemannslag er organisert:

Begrepet organisasjon kan enkelt defineres som *et bevisst, stabilt og målrettet samarbeid mellom mennesker* (Flaa m.fl. 1995:13). Definisjonen utelukker både familien (fordi den primært er opprettet med tanke på å realisere spesifikke mål) og folkemengden (på grunn av manglende bevissthet og stabilitet i samhandlingen) Forutsetningen er at forholdet mellom mennesker er underlagt en viss struktur (f.eks. fordeling av makt, ansvar og arbeid) og at aktiviteten er koordinert med tanke på å nå visse mål (Ulstein, 1998, s. 21).

Vidare skriv Ulstein «organisasjon er en varig og ordnet ramme for kommunikasjon mellom mennesker» (Ulstein, 1998, s. 22). Styret i eit spelemannslag er organisert med ein leiar, nestleiar, skrivar, kasserar og styremedlem som er på val anten kvart eller annakvart år. Musikalsk leiar er ei leiarrolle for laga med utøvande hardingfelegruppe, men denne rolla er ikkje på val så ofte som dei andre i styret då dette er ei rolle som ikkje passar alle med omsyn til opplæring som kan vere krevjande.

I eit slikt prosjekt må ein ta i betraktning at det kan vere forskjell mellom spelemannslaga i hardingfeleområde og vanleg feleområde. I områda for vanleg fele er samspel meir utbreidd enn i hardingfeleområda, som kan gjere at spelemannslaga har forskjellig verdi i dei ulike områda. Mellom anna har spelemenn frå Røros, som er eit vanleg feleområde, fortalt meg at det har betydd umåteleg mykje for dei at dei kom med i eit spelemannslag i ung alder, medan i hardingfeleområda er ikkje alle tradisjonar like prega av samspelslåttar og dyrking av samspeltradisjon, noko som gjer at opplæring av unge spelemenn i større grad skjer ein og ein framfor i ei gruppe.

### 1.3.2 Folkemusikk

Folkemusikk er ein musikkform med røter langt tilbake i tid. Telemark er eit av områda i Noreg der folkemusikken framleis står sterkt, og det har i fleire generasjonar blitt fostra opp mange legendariske spelemenn i fylket.

Blant folkemusikkinstrument står hardingfela særleg sterkt i Telemark, i tillegg vert det nytta instrument som munnharpe, langeleik og fløyte. Telemark har og rik tradisjon for song og dans. Ein person som utøvar folkemusikk kallar me folkemusikar uavhengig om ein spelar, dansar eller kvedar. Ein folkemusikar som spelar eit feleinstrument kan me spesifikt kalle spelemann, spelekvinne eller felespelar.

Folkemusikk er eit omgrep med fleire definisjonar, difor har eg valt å trekke fram professor Jan Petter Blom sin definisjon som står i *Fanitullen - innføring i norsk og samisk folkemusikk* (1993). Ifylgje Blom skriv vert folkemusikk ein del av det totale musikkinventaret i eit samfunn:

Det vil si et sett av musikalske normer (sjangre, former og utførelsesmåter) som har en særlig verdi (1) i kraft av å være tradisjon, (2) i kraft av særpreg som gjør dem til bærere av meddelelser om etnisk, nasjonal og lokal identitet uten hensyn til yrke, klasse, alder eller kjønn, og (3) som direkte og / eller indirekte kontrolleres av individer og grupperinger som deler disse verdiene (Aksdal & Nyhus, 1993, s. 14).

Slik eg tolkar det kan denne definisjonen godt bli knytt til spelemannslaga og medlemmene si rolle, då dei mellom anna er med på å kontrollere tradisjonen og sjølv har ein verdi i kraft av å vere tradisjon.

### 1.3.3 Munnleg tradering

Folkemusikken har heile tida blitt tradert, eller vidareført munnleg frå ein person til den neste. Dette kallar vi munnleg tradering som vi kan dele inn i vertikal og horisontal tradering. *Vertikal* tradering vil seie at ein yngre lærer av ein eldre og *horisontal* tradering vil seie at ein lærer av sin eigen generasjon. Slik opplæring kallas den gamle spelemannsskulen.

Dei som ikkje lærer eller har lært spel direkte av ei levande kjelde, lærer ofte gjennom opptak som til dømes er funne på folkemusikkarkiv, i spelemannslaget sitt arkiv, på kassettar, CD-ar eller andre media. Dei notekyndige utøvarane kan stø seg til *Hardingfeleverket* (sjubindsverk med slåttar for hardingfele) og andre notenedskrifter. Det er ikkje noko krav om at hardingfeleutøvarar skal ha notekunnskap, og det er heller få av dagens hardingfeleutøvarar som har den kunnskapen. Det er sjeldan dei som ikkje har studert folkemusikk på vidaregåande eller høgskule / universitet spelar etter notar.

Med den munnlege traderinga er ein friare til å legge inn sitt personleg preg i slåtten og ein har større fridom til variasjon. Variasjon er ein viktig del av folkemusikken og gjer at ein del utøvararar ikkje spelar ein slått likt kvar gong.

### 1.3.4 Kappleik

Kappleik er tevlingsarena for folkemusikarar som vert skipa av lokale spelemannslag året rundt. Dei fyrste kappleikane vart skipa mot slutten av 1800-talet og har stort sett blitt skipa årvis i større eller mindre grad sidan den gong.

På kappleik vert det tevla i forskjellige klasser etter alder og nivå, instrument, dans og vokal. Tevlingsforma fungerer som utviklingsarena for utøvarar og mange brukar kappleik som ein motivasjon for å ha noko å øve seg til sidan ein vert dømt med poeng av eit kyndig dommarpanel. Utøvarar brukar gjerne kappleiksresultata til å sjå på si eiga utvikling, og samanlikne resultat frå tidligare kappleikar og i forhold til andre utøvarar.

Etter tevlinga er det høve til sosialt samvær og *buskspel*, ein kontrollfunksjon som kan vere til hjelp for å bygge nettverk samt både høyre og få tilbakemelding på spel. Buskspel er uhøgtidleg spel til dømes rundt eit bord eller på eit hotellrom med fleire lyttarar og kanskje nokon som dansar. Omgjevnaden rundt buskspel er ikkje like roleg som i ein kappleikssal med publikum og har ofte fleire element som gjer at fokus ikkje

berre er på den som spelar. Dette er noko som kan gjere at utøvarar som vanlegvis er nervøse på kappleikssцена kan yte betre ved buskspel, sidan ein ikkje blir dømt av kappleiksdommarar eller naudsamd er midtpunkt i rommet.

Den nedre aldersgrensa for å delta på kappleik er 12 år. For dei som er yngre enn dette er sjokoladekappleik eit alternativ. Den fyrste sjokoladekappleiken vart skipa i 1998 i Bø i Telemark. Med tida har sjokoladekappleiken spreidd seg på landsbasis. Dette er ei uformell «barneutgåve» av den tradisjonelle kappleiken og er ein grei arena for å få sitt fyrste kjennskap til kappleik. Alle deltakarane får tilbakemelding frå dommarar og sjokolade i premie.

I tillegg til lokal- og fylkeskappleikar vert det òg skipa til Landskappleik, kappleik for heile landet, ein gong i året. Medan tevlinga på ein lokalkappleik eller fylkeskappleik vanlegvis er ein dagshending med under hundre som møter opp for tevling og det sosiale, er Landskappleiken det største arrangementet som vert skipa for tradisjonelle folkemusikkinstrument med tevling i fem dagar og fleire tusen møter opp både for å tevla og ta del i det sosiale. Landskappleiken vert lagt til forskjellig stad frå år til år, og det er paraplyorganisasjonen FolkOrg saman med eit eller fleire lokale spelemannslag som står som tilskipar.

### 1.3.5 Organisasjon

Nordmennene sin frivillige organisering er ein viktig del av vårt lands historie og vert karakterisert som ein viktig nasjonal ressurs. Tove Heggen Larsen peikar mellom anna på at Noreg ville både menneskeleg og kulturelt sett vore eit fattigare land utan det rike organisasjonslivet me har (Larsen, 1997, s. 27). Dette kan ein sjå i forhold til folkemusikken, som framleis lever mykje grunna eldsjeler som forvaltar og formidlar folkemusikktradisjonen av eiga interesse der økonomisk vinning sjeldan eller aldri er eit spørsmål, slik Kong Harald sa det i nyttårstalen 2017.

Spelemannslaga det eldste og viktigaste organisatoriske nettverket i folkemusikkmiljøet. Felles for alle spelemannslaga er at dei har ei rolle som forvaltar av lokal folkemusikk og internt i laget har dei eit målretta lagsarbeid med grunnstein i føresegna. Basiseininga for ein frivillig organisasjon, slik Ulstein ser det, er at verksemda har eit namn og medlemskapet byggjer prinsipielt på frivillig tilslutnad.



Dei fleste spelemannslaga har namn som viser lokal tilknytning som *Spelemannslaget Bøheringen*, *Falkeriset folkemusikklag*, *Seljord folkemusikklag* og *Tinn spelemannslag*. I nyare tid har mange spelemannslag tatt namnet *folkemusikklag*, ettersom namnet *spelemannslag* fort kan appellere berre til spelemenn. Dermed er namnet *folkemusikklag* meir inkluderande for fleire medlemar. I eit *folkemusikklag* har ein forskjellige undergrupper knytt til seg som spelegruppe (spelemannslag), dansarring, kvedargruppe og langeleikgruppe.

Dei lokale spelemannslaga ligg under den landsomfattande paraplyorganisasjonen FolkOrg, som set reglement for kappleikstevling og elles spelemannslaga sine felles mål for å forvalte folkemusikken. Det er berre FolkOrg som har tilsette i organisasjonen. Lokale spelemannslag byggjer i hovudsak på frivillig innsats som vert utført av medlem og leiarar i fritida. Det er med andre ord ingen i eit lokalt spelemannslag som har dette som fulltidsjobb.

Ein kan snakke om to typar organisasjonsmedlem: den aktive og den passive.: Den aktive i eit spelemannslag er den som tek del i lagsaktivitet, medan den passive betalar medlemskontingent, men ikkje tek del i lagsaktivitet. Lagsaktivitet kan vere alt frå å ta del i øvingane til spelemannslaget, vere med på skiping av kappleik og dugnadsarbeid kring konsertar med kakebaking og koking av kaffi, representere spelemannslaget på kappleik, kurs og konsertar, og vere sjåfør til kappleik.

## 1.4 Metode

Med spelemannslag som forskingsobjekt opna det seg fleire alternativ for forskingsmetode enn fyrst venta. Professor Dag Ingvar Jacobsen skriv at ein oftast har to val for forskingsmetode i eit prosjekt. Forskingsmetode er korleis ein tileignar seg, og forsøker å avdekke røyndomen, og korleis empiri vert samla inn og behandla (Jacobsen, 2015).

Dei to forskingsmetodane det står mellom er kvalitativ og kvantitativ metode. Ein kvalitativ metode vert ofte nytta til å undersøke sosiale prosesser og sosialt samspel, medan ein kvantitativ metode tek om seg tal og det som er målbart (kvantifiserbart).

Ein kan òg nytte ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ metode, med til dømes å kvantifisere kvalitative data eller parallell innsamling av kvalitative og kvantitative data.

I dette prosjekt har det blitt funne mest relevant å nytte kvalitativ metode som hovudmetode, sidan det i størst grad vert fokuserert på å undersøke sosiale prosessar. I tillegg er dette eit prosjekt som omfattar eit lite område med få einingar som blir forska på inngående, noko som er høvelig for ein kvalitativ undersøking.

Dersom prosjektet hadde vore på nasjonalt plan og til dømes omhandla alle spelemannslaga i Noreg, ville ein kvantitativ undersøking vore best då den metoden går ut på å undersøke mange einingar. Problemet med denne metoden er at ein ikkje har høve til å gå like djupt på forskingsobjekta som med ein kvalitativ metode, samt at informasjonen ein får i ein kvantitativ metode vil vere meir uoversiktleg, detaljert og overflattisk enn det ein får i med kvalitativ metode der ein får meir djup detaljforståing.

Kort sagt kan ein sei at i ein kvantitativ metode ser ein på **kor ofte** eit fenomen hender, medan i ein kvalitativ metode finner ein ut kva som er **innhaldet** i eit fenomen (Jacobsen, 2015, s. 137).

Det er problemstillinga som skal vere styrande for kva slags metode ein vel å bruke i eit prosjekt. Det står mellom ei utforskande (kvalitativ) og ei testande problemstilling (kvantitativ). Med ei utforskande problemstilling finn forskaren ny kunnskap på områder kor det fins lite førehandskunnskap.

Kvalitativ metode vert òg ofte nytta på områder der det finst lite forskingsbasert kunnskap frå før. Det har blitt gjort forskning på organisasjonsarbeid som kunne bli overført til spelemannslag og for folkemusikkdelen i prosjektet har det blitt forska på,

og skrive ein del om både hardingfeleopplæring og folkemusikk generelt, men kombinasjonen hardingfeleopplæring i spelemannslag og kulturskule i Telemark har det ikkje blitt gjort noko med, så vidt meg kjend.

For meg er forskingsfeltet folkemusikk som å studere eigen organisasjon. Dette skriv Jacobsen kan bringe med seg fordelar og ulemper, sidan ein studerer noko som er tett på ein sjølv og som ein har førehandskunnskap om. Når ein har førehandskunnskap om forskingsfeltet kan det vere lettare å få tilgang til informasjon frå til dømes folkemusikkmiljøet enn for ein utanforståande som ikkje har kjennskap til folkemusikkmiljøet og kodane i miljøet. Folk innan folkemusikkmiljøet kan kanskje virke meir skeptiske til ein utanforståande forskar enn for ein forskar frå folkemusikkmiljøet. Ein som har kjennskap til forskingsmiljøet har gjerne kjennskap til miljøets historie, noko som kan gjere det lettare å vurdere kvaliteten av informasjonen ein får, og det kan vere lettare å kartleggje kva ein treng av informasjon, samt at det kan vere lettare å kartleggje informantar enn det ville vore om ein for ein utanforståande (Jacobsen, 2015, s. 57). Ei ulempe med å forske på eigen organisasjon er at ein kan ha utvikla «blinde flekker». Om dette skriv Jacobsen:

Som medlem i en organisasjon utvikler man fort en forståelse av «hvordan vi gjør tingene her». Dermed får man også lett en forutinntatt holdning til hvordan ting faktisk er. I slike situasjoner er det mange eksempler på at det man registrerer, er det man forventer å se. Enkelte sider ved organisasjonen kan forbli utsett rett og slett fordi vi er trent opp til å ikke se dem. Slik sett er det ofte en fordel å komme fra «utsiden». En som kommer utenfra, vil ikke ha slike «blinde flekker», og vil dermed kunne se ting som innsidere ikke får øye på (Jacobsen, 2015, s. 57).

Som ein med kjennskap til forskingsfeltet kan det òg vere vanskeleg å halde nøytral avstand til det som vert forska på, noko som kan resultere i ei rolle som part i saken. Ein oppsøker fort dei uformelle strukturane ein kjenner til og mister dermed informasjon frå delar av organisasjonen ein ikkje er ein fullt integrert del av.

Ein måte mi rolle som forskar i dette prosjektet har blitt nøytralisert, er at det blir forska på eit område av folkemusikken som ikkje er mitt hovudområde, men som likevel er eit område eg har vore knytt til over ein lengre periode og har mange kontaktar i. Dette har bidrege i at det ikkje har vore vanskeleg å finne og kome i kontakt med aktuelle intervjuobjekt, samstundes som det er eit område av folkemusikken som eg sjølv meiner godt kan belysast meir enn det har vore gjort tidlegare.

I prosjektet vert det nytta casestudie for å vise fram dei seks spelemannslaga per 2017. Casestudie, eller eksempel- / tilfellestudie er inngåande studie av ei eller nokre få undersøkingseiningar.

I casestudiet er fokus satt på ei spesiell eining, og innanfor denne eininga kan det vere fleire typar einingar som kan avgrensas til tid og rom (Jacobsen, 2015). Det er tre formar casestudie ein kan vele mellom : enkeltcase, aksjonsforskning og komparative caser. Felles for caseundersøkingane er at dei tek føre seg situasjon i område avgrensa til tid og rom. Enkeltcase og aksjonsforskning tek før seg situasjon i eit avgrensa område og ser på situasjonens utvikling over tid, medan komparative caser tek føre seg to eller fleire avgrensa områder. I enkeltcase og aksjonsforskning er det fokus på å avdekke kausale mekanismar, men i aksjonsforskning vert dette gjort ved at forskaren aktivt føretek manipulering (endring). I både caseundersøkingane er det vanskeleg å generalisere funn ut over casen (Jacobsen, 2015), medan fleire casar, som i komparative casestudiar aukar mogelegheita for generalisering av andre casar, og samanlikning av casane kan avdekke årsakssamband (Jacobsen, 2015).

Caseundersøkinga i dette prosjektet er komparative studiar av seks spelemannslag i Telemark i lys av deira rolle med omsyn til rekruttering, opplæring, sosial arena og institusjonalisering per 2017.

Det har blitt høve til å kombinere kvalitativ metode med kvantitativ metode, ettersom det i prosjektet har blitt nytta ei spørjeundersøking i *Questback*.

Om kombinasjon av ulike data skriv Jacobsen:

Et spørreskjema kan f.eks. inneholde åpne spørsmål som respondenten kan svare på i sine egne ord. Et kvalitativt intervju kan også inneholde enkelte standardiserte spørsmål (Jacobsen, 2015, s. 138).

Questback er ei internettside der ein har høve til å lage nettbasert spørjeundersøking gratis. Her får ein samla svara og høve til å etterarbeide svara med å få tilgang til individuelle svar og resultat. Spørjeundersøkinga i Questback har berre standardiserte spørsmål. Svara har anten svaralternativ der respondenten kryssar av for svaret som passar best. Nokre svar har òg rom for eigne formuleringar og ber slik preg av kvalitativ undersøking.

Spørjeundersøkinga har blitt laga for å få eit inntrykk av kva slags forhold hardingfeelvane i kulturskulen får til sitt spelemannslag, og kva som er elevanes motivasjonen for å lære å spele hardingfele i kulturskulen. Utvalet kulturskular er frå knytt til dei aktuelle spelemannslaga, og gjeld Bø, Vinje, Seljord, Notodden og Tinn. Spørsmåla ber meir preg av å vere knytt til juniorspelemannslag og kappleik, utan noko direkte spørsmål knytt til spelemannslaget. I ettertid har eg sett at eg burde hatt fleire spørsmål knytt til nettopp dette med kontakten med spelemannslag, men materialet har likevel vore godt brukanes i prosjektet.

Aldersavgrensinga i spørjeundersøkinga er satt frå tolv år og oppover, då tolv år er den nedre aldersgrensa for å kunne delta på Ung Kultur Møtes (UKM, tidlegare Ungdomens Kulturmønstring). Tolv år er òg den nedre aldersgrensa for å kunne delta i C-klassa på kappleik og nedre aldersgrensa for å kunne delta på Landskappleiken. Dei som er i alder frå tolv år har òg truleg meir erfaring både i kulturskule og spel enn til dømes ein sjuåring. Det har ikkje blitt satt noko øvre aldersgrense, men stort sett sluttar elevar i kulturskulen når dei kjem på vidaregåande (i seksten-årsalderen). Spørjeundersøkinga vart sendt ut og svart av 13 elevar. Elevane har ikkje oppgjeve namn og har heller ikkje identifisert seg med kva kulturskule dei er knytt til. Sidan målgruppa i hovudsak har vore mindreårige barn trengtes det signatur frå føresette i ein samtykkeerklæring før gjennomføring av questbacken. For å gjennomføre det fekk eg dei utvalte kulturskulelærarane til dele ut samtykkeerklæringa til elevane eller dei føresette, få att samtykkeerklæringa, levere den tilbake til meg, og samstundes gjev elevane internettlenkja til Questbacken. I etterkant ser at eg nok burde satt ein freist på når alle svara skulle vere inne, og informert om dette i skrivet. Sidan eg ikkje gjorde det, resulterte det i at svara kom inn veldig spreidd. Eg byrja ikkje å jobbe med tala før det hadde kome inn eit representativt utval, og svara som kom i etterkant har eg supplert med eksisterande tekst.

Med andre ord har ein del av arbeidet blitt delegert bort. Dette har tatt tid, og eg har vore naud til å sende fleire påminningar til kulturskulelærarane om at prosjektet mitt avhenger at dei gjere tenesta dei lova meg. I dei tilfella elevane har vore myndige, tok eg sjølv kontakt. Det virka lettare å få svar når eg sjølv kom med førespurnaden. Eg kunne sjølv sagt ha møtt opp til dei mindreårige elevanes timar og lagt fram spørjeundersøkinga og samtykkeerklæringa, men dette var ikkje ønskeleg å gjere då det

ville vore både tidskrevjande og ein stor utgift sidan det er lang avstand mellom Vinje, Seljord, Bø, Tinn og Notodden.

I prosjektet har det blitt gjennomført individuelle intervju med eit eller fleire medlem i dei aktuelle spelemannslaga samt kulturskulelærar. Desse intervju har blitt gjennomført med hjelp av intervjuguide. Intervjua har blitt gjennomført på tre måtar: ansikt-til-ansikt, per telefon og via e-post. Den beste intervju-effekten får ein med intervju ansikt-til-ansikt: fysisk møte mellom intervjuar og intervjuobjekt. Dette er med på å etablere tillit og openheit som kan skape god flyt i samtalen, samt at intervjuar har kontroll over intervjusituasjonen. Ei svak side med fysiske intervju er at det kan vere høge kostnader knytt til intervjuet på grunn av geografiske avstandar. Det var nettopp dei geografiske avstandane som gjorde at det ofte var vanskeleg å finne ledig tid for fysisk intervju for intervjuobjekt og meg. I dei tilfella det var mest praktisk vart intervju gjort via telefon. Denne intervjumetoden hadde ikkje noko utgift knytt til seg, men det kan ha noko mindre intervju-effekt enn ansikt-til-ansikt og det er vanskelegare på å etablere tillit og openheit med menneske ein ikkje ser (Jacobsen, 2015, s. 148). Det vart gjort opptak av intervju som vart gjennomført ansikt-til-ansikt og per telefon. Opptak av intervju er praktisk og nærmast nødvendig i eit slik prosjekt der ein er ute etter mykje informasjon. Det har ikkje blitt sett på som nødvendig å skrive av intervjuopptaka. Sidan dei ikkje har vore spesielt lange (kring ein til ein og ei halv time kvar), har det ikkje vore vanskeleg å finne fram i opptaka i ettertid ettersom at eg notert attmed. I tillegg er avskrivning tidskrevjande og noko som ikkje alltid er verd å bruke den dyrebare tida i skriveprosessen på. E-post og Messenger (chat-funksjonen til Facebook) er enkle måtar å kommunisere på, det er lite kostnader knytt til det og ein får ferdig skriftleg informasjon. Det er nok ikkje det mest ideelle då det kan gå lang tid mellom spørsmål og svar, og informasjonen vert komprimert på grunn av skriftleg framstilling framfor munnleg. Intervjuar har ikkje kontroll over intervjusituasjonen og det er mindre konsentrasjon rundt sjølve samtala (Jacobsen, 2015). Denne metoden blei brukt ein gong fordi leiaren av det aktuelle spelemannslaget ikkje ville stille til intervju då vedkommande trengde tid til å samle informasjon om laget og syntes det var best å svare skriftleg. E-post og Messenger har òg blitt bruk for å kome i kontakt med informantar og det har vore praktisk å nytte dette som verktøy om det er noko som vart gløymd i samtalar.

Sidan intervjuar har inneheldt personopplysningar har opptak blitt meld opp til NSD (Personvernombudet for Forskning) og vart godkjend til føremålet. Personopplysningar er opplysningar som kan brukast til å identifisere enkeltpersonar anten direkte med mellom anna namn og personnummer eller indirekte med ein kombinasjon av bakgrunnsopplysningar som kva spelemannslag vedkommande er knytt til samt alder, kjønn og rolle i spelemannslaget. Ei utfordring med prosjektet mitt er at folkemusikkmiljøet i Noreg er eit lite miljø med relativt få aktørar. Dette er moment som kan gjere det vanskeleg å anonymisere dei som har blitt nytta som intervjuobjekt, difor er det berre kvantitative kjelder som leiarar i spelemannslag og kulturskulelærarar som vert nemnd med namn. Det er ikkje knytt noko sensitiv informasjon kring opplysningane som har kome frå intervjuobjekta.

Det har elles vore opent for uformelle intervju i prosjektet. Slike intervju oppstår gjerne spontant utan planlagde spørsmål eller eit bestemt mål med praten. For min del har dette oppstått mellom anna i prat med vener og kjente i folkemusikkmiljøet som har kome med innspel og kommentarar knytt til prosjektet.

I prosjektet har det òg vore ope for dokumentstudie i form av tolking av sekundærdata. Dokumentstudie måler forhold indirekte når det ikkje er mogeleg å innhente primærdata, der intervju eller observasjon ikkje er mogeleg, eller ein ynskjer skriftleg framstilling av hendingar. Dokument til dokumentstudie kan vere alt frå private og personlege kjelder som ikkje er meint for offentlegheita (som dagboksnotat og private e-postar) til offentlege kjelder (som årsmeldingar, pressemeldingar og årsrekneskap). Ein negativ side med dokumentanalyse er at teksta er produsert av ein annan enn forskaren, noko som kan ha betydning for kjeldas pålitelegheit. Teksta er òg produsert med eit anna føremål enn det forskaren skal bruke materialet til. Ein får med andre ord eit behandla materiale som forskaren sjølv ikkje veit korleis har blitt samla inn, og forskaren må ha i bakhovudet kor påliteleg den skriftlege kjelda er. Dokumenta som er brukt i dette prosjektet blir det ikkje sådd stor tvil om i forhold til pålitelegheit. I hovudsak har det blitt brukt dokument for å bli betre kjend med spelemannslaga i casestudia. Dette har blitt gjort med å granske dei forskjellige føresegna og sett spesielt på korleis laga har stilt seg til rekruttering, opplæring og som sosial arena. Føresegna har til dels blitt lese mellom linene mellom anna fordi ansatsen til opplæring ligg i føresegna, men det er ikkje alltid det kjem like tydelig fram. Eg har òg sett på kva var grunnen til at

laga vart etablert. Føresegna til Falkeriset, Bøheringen, og Tinn er publisert i bøker. Føresegna til Spelemannslaget Vårlengt fekk eg tilsendt i posten av leiar Gunnar Blomhaugen, føresegna til Seljord folkemusikklag fekk eg tilsendt av musikalsk leiar Torunn Raftevold Rue og føresegna til Fjellrosa spel- og dansarlag fekk eg tilsendt av Jorun Hagen i FolkOrg då ingen i styret til Fjellrosa hadde desse tilgjengeleg.

Dokumentstudia har òg blitt nytta for å finne ut kor mange som har deltatt for FolkOrg på Landskappleiken sidan organisasjonen kom til i november 2009. Dette har blitt gjort ved å gå gjennom resultatlistar frå 2010 - 2017 for alle klasser. Resultatlistene ligg tilgjengeleg på FolkOrg sine nettsider. Medlemslista over alder og kjønn i spelemannslaga eg tek føre meg har eg òg fått tilsendt frå Jorun Hagen i FolkOrg, sidan ho har ansvar for medlemsregistrering og har denne informasjonen lett tilgjengeleg.

I boka *Vitenskapsteori – tradisjoner, posisjoner og diskusjoner* (2010) skriv Sture Kvarv at hermeneutikk er ein bestemt filosofisk tenkemåte eller tradisjon som gjer seg gjeldande ikkje berre innanfor fagfilosofien, men òg innanfor fag som litteraturvitskap, idéhistorie, etnologi, juss, teologi og historie. Felles for slike fag og studieområder er ein interesse for munnleg eller skriftleg tekst. Føremålet med den hermeneutiske praksis er å oppnå forståing gjennom fortolking (Kvarv, 2010, s. 74). I hermeneutikken er ein open for ulike måtar å forstå verda og menneskes handling på (Kvarv, 2010) og betyr meir direkte å forstå, fortolke eller tyde til dømes tekst eller bilete.

I forhold til hermeneutikken kan ein sei at eg som folkemusikar med emne som studiebakgrunn, kanskje ser dokumenta eg har brukt i prosjektet på ein annan måte enn dersom eg ikkje hadde hatt den utdanninga og førehandskunnskapen om folkemusikk som eg har. Før eg byrja med prosjektet hadde eg allereie ein forståing om felten og forventningar om kva informasjon eg kom til å finne i det relevante materialet.

Den hermeneutiske måten å sjå på har særleg blitt nytta når eg har lese i føremålsparagrafane til spelemannslaga med særleg blick på kva som står om rekruttering og opplæring, medan studie av politiske dokument har gjeve meg politiske føringar i feltet om kva betydinga av den frivillige organisasjonen er.



## 1.5 Teori

Om frivillig innsats i Noreg står det fylgjande i *Stortingsmelding nr. 39 Frivillighet til alle (2006)*:

Norge og de andre skandinaviske landene er samfunn med uvanlig mange organisasjonsmedlemskap per person og et svært høyt nivå for indikatorer på sosial kapital. Blant forskere internasjonalt er det stor enighet om at organisasjonsliv, sosial kapital og demokrati er nært knyttet sammen (DKKK, 2007, s. 20).

Her vert det altså slege fast at frivillig organisering og sosial kapital er nært knytte til kvarandre, og i det følgande vil sosial kapital bli knytt til spelemannslag. I del 2.6 «Organisasjonsliv og sosial kapital» i Stortingsmeldinga nemnast Robert Putnam sin definisjon av sosial kapital. Ifylgje Putnam er aktiv deltaking i frivillige organisasjonar den viktigaste kjelda til sosial kapital. Sosial kapital er ein kollektiv ressurs som individ kan nytte seg av, samt at gode relasjonar mellom offentleg og frivillig sektor er ein faktor som fremjar sosial kapital (DKKK, 2007, s. 20).

Den som er mest kjend for sine teoriar kring kapital er nok Pierre Bourdieu, og det er Bourdieu sine teoriar som vert nytta i prosjektet. I motsetnad til Putnam meinte Bourdieu at sosial kapital er noko enkeltpersonar kan bygge opp, halde for seg sjølv og bruke til å fremje eigne interesser (Hviden, Bjørn; Nf, 2005, s. 9). Bourdieu sine tankar om sosial kapital er godt gjeldande i folkemusikkmiljøet og særleg for lokale spelemannslag, som er ein frivillig sektor under paraplyorganisasjonen FolkOrg. Lokale spelemannslag dyrkar interessa for folkemusikk og utan lokale spelemannslag hadde ikkje FolkOrg hatt noko grunnlag for å eksistere. Dei lokale spelemannslaga er òg eit resultat av enkeltpersonar, og kapitalen som blir bygd opp i spelemannslag kan bli brukt innan folkemusikkmiljøet.

I boka *Bourdieu for begyndere* 2011 skriv Lisanne Wilken om Bourdieu sine fire overordna kapitalformer som kan gjeve tilgang til påverknad og makt. Det er økonomisk (materiell rikdom, verdiar), kulturell, sosial og symbolsk kapital. Av desse fire vert spesielt sosial kapital kopla opp mot kulturell kapital (Wilken, 2011, s. 58).

Bourdieu er mest kjent for kulturell kapital som vert opparbeida gjennom oppvekst og utdanning. Dette kan vere kunnskap, språk, mestring av sosiale koder og regler for oppførsel. Ein finn kulturell kapital i tre formar: kroppsleg form, objektivert

form og institusjonalisert form.

Kroppslig form vert tileigna gjennom sosialisering og er ein del av habitus. Habitus formast som ein del av livet som kvart enkelt menneske har levd, i den forstand består habitus av erfaringar som er nedlagte i kroppen, med andre ord "kroppsliggjort" erfaringar (Kvarv, 2010, s.23). I kroppslig kapital er det eit spørsmål om å ha sans for bestemte verdiar og godar og ein evne til å uttrykke denne sansen kroppslig, mentalt og sosialt. Omsetjinga av den kroppslige kulturelle kapital føregår særleg i familie og er knytt til manerar, til språkbruk og til smak for alt frå underhaldning til julemat til politiske haldningar og reiser.

Med objektivert kulturell kapital meinast måleri, musikkinstrument, bøker og bygningar. I folkemusikken kan dette bli knytt til hardingfela som instrument.

Institusjonalisert kulturell kapital finnes i til dømes eksamensbevis, akademiske titteler og prisar (Wilken, 2011, s. 60).

Kulturell kapital kan bli omsett til sosial kapital ved at den kulturelle kapitalen ein har opparbeida seg kan gjere at ein får tilgang til sosiale krinsar og nettverk. Om sosial kapital skriv Wilken: «social kapital er relateret til både økonomisk og kulturell kapital, og forstærker disse kapitalformers verdi» (Wilken, 2011, s. 62). Bourdieu meiner sosial kapital referer til fordelane ein kan forvente å få gjennom dei sosiale nettverk ein er ein del av, og dei sosiale samband ein har (Wilken, 2011).

I folkemusikkmiljøet er sosial kapital viktig. Det kan spele ei rolle kva familie du er frå for å få tilgang til nettverket i folkemusikkmiljøet, til dømes er det eit pluss å vere av ein slekt etter namngitte spelemenn. Kven ein har lært spel av kan òg medverke den sosiale kapitalen ein får i folkemusikkmiljøet. For å få bygge opp folkemusikalsk kulturell og sosial kapital er det òg viktig å ta aktiv del i folkemusikkmiljøet. Med dette ein kan kome inn på spelemannslaga si rolle.: Spelemannslaga står som ein sosialarena for sosial kapital. Gjennom spelemannslaga får ein bygd opp den sosiale kapitalen med å bli kjend med utøvarar på øving, kurs og felles kappleiksturar. For ein utøvar kan spelemannslag vere knytt til identitet, altså sosial kapital.

Ein kan òg sjå spelemannslag og folkemusikkmiljø i lys av den store og den vesle tradisjonen, ein modell Robert Redfield la fram i 1930. Med denne modellen meinte Redfield at ein innanfor nokre samfunn finn ein kulturell tradisjon for dei (på den tida få) utdanna ("great tradition") og for resten ("little tradition").

Om dette skriv Peter Burke:

The great tradition is cultivated in schools or temples; the little tradition works itself out and keeps itself going in the lives of the unlettered in their village communities.

(...)The two traditions are interdependent. Great tradition and little tradition have long risen out of elements of traditional tale-telling by many people, and epics have returned again to the peasantry for modification and incorporation in local cultures (Burke, 1994, s. 24).

Den store og den vesle tradisjonen kan ein sjå i lys av forholdet mellom elitekultur og folkekultur. Typisk trekk frå den store tradisjonen er notelæring, som ein finn i klassisk musikk. Dette er element ein i dag finn i kulturskulen, men ikkje for dei med hardingfele som instrument. Hardingfele, eit instrument i den vesle tradisjonen har blitt flytta til den store tradisjonen med å ha kome innanfor organisert og institusjonalisert opplæring, men samstundes vert ein del av den vesle tradisjonen bevart, til dømes i forhold til notelæring. Sidan det ikkje er tradisjon for å spele etter notar i folkemusikken, får ikkje kulturskuleelevane på hardingfele opplæring i notar. Notelæring i folkemusikkundervisning får ein ikkje før ein når vidaregåande- og høgskulenivå. Ein annan ting som utgjer den vesle tradisjonen i den store tradisjonen, er at lærarane for hardingfele i kulturskulen er folkemusikarar, og eit del av eit spelemannslag. Anten direkte eller indirekte syter spelemannslag for lærekrefter til kulturskulen.

Trass at folkemusikken har blitt ein del av den store tradisjonen, er det framleis mange trekk frå den vesle tradisjonen som har blitt bevart, mellom anna at opplæringsforma framleis er munnleg, medan det har vore vanleg i den store tradisjonen at opplæringa har gått føre seg med hjelp av notar. Institusjonalisering har òg ført med seg at det har kome tiltak som juniorspelemannslag og sjokoladekappleik for barn.

Anne Svånaug Haugan skriv om modellmakt i forhold til fiolinundervisning og hardingfeleopplæring. Medan fiolinisten lærer seg å spele etter notar, lærer hardingfeleutøvarane via munnleg formidling. I fiolinopplæring finn ein at teknikk er forklart og grunngjeva ut ifrå læringspsykologi og kva som er riktige muskelbruk. Dette er heller ukjend hjå spelemenn som gjennom tidene har funne til og praktisert ein ledig og uavhengig speleteknikk. Når hardingfeleutøvarane vender seg til fiolinskulen, er det

fordi dei manglar eigne detaljerte framstillingar. Ein har klare førestillingar om korleis spelet skal vere, men dei er ikkje verbalisert (Haugan, 1990, s. 23).

I *Kulturutredningen (2014) Punkt 15.3.1 Kulturskolen* vert det hevda at dei kommunale kulturskulene er av verdifull betydning for kulturaktivitetane og kulturarbeidet i heile landet. Utvalet legg vekt på at det bør vere ein ambisjon at kulturskulene skal vere sentrum i det lokale kulturlivet, «men vi legger vekt på at ytringskulturbegrepet bør ligge til grunn for aktiviteten i kulturskolen» (DSI, 2013).

Dette kan ein òg sjå i forhold til kor viktig kulturskolen har vore for folkemusikkopplæringa oppigjennom der samspelet mellom kulturskolen og folkemusikkutøvarar/spelemannslag har blitt ein viktig arena for opplæring innanfor ei ramme som inneheld element frå både den store og den vesle tradisjon.

## 1.6 Avgrensing

Per 2017 har Telemark tretten aktive spelemannslag. I dette prosjektet vert det gjort ei nærmare undersøking av seks spelemannslag med tilhøyrande kulturskuler, ettersom opplæring av dagens nye og yngre hardingfeleutøvarar i hovudsak går gjennom kulturskule.

Desse spelemannslaga er valt ut til prosjektet:

- Spelemannslaget Bøheringen
- Falkeriset folkemusikklag på Rauland
- Fjellrosa spel- og dansarlag på Notodden
- Seljord folkemusikklag
- Tinn spelemannslag
- Spelemannslaget Vårlengt i Porsgrunn

Med dette utvalet får ein kartlegging av spelemannslag som er geografisk knytt til by og bygd, spelemannslag som har samarbeid med kulturskolen og har juniorspelemannslag, spelemannslag med god og dårleg tilvekst dei siste åra og spelemannslag som er på staden kvil når det gjeld tal på medlemmer.

## 1.7 Litteratur

I dette prosjektet har det vore på sin plass å nytte litteratur knytt til spelemannslag og folkemusikk.

Det er skrevet mykje om folkemusikken i Telemark, og eg har hatt stor nytte av både antologiar og monografiar knytt til dei forskjellige spelemannslaga.

I antologiane, eller jubileumsskrifter som er brukt her står det om forskjellige sider av spelemannslaga som mellom anna kappleikshistorikk, rekrutteringstiltak og elles spelemannslagshistorikk som har vore til god hjelp i dette prosjektet.

Følgjande jubileumsskrifter er nytta:

*Spelemannslaget Bøheringen 1934 – 2009. Organisert arbeid for tradisjonsmusikken på hardingfele i Bø gjennom 75 år, 2009* (Asbjørn Storesund (red.)), *Vinje Spilemannslag 1953 – 2003 Spelemannslaget Falkeriset: jubileumsskrift, 2003* (Knut Erik Jordstøyl, Per Åsmund Omholt og Tore Hommo), *Spelemannslaget Vårlengt 1960 – 2010, 2010* (Ingvar Skobba).

Det har blitt nytta to monografiar:

- *Spelemannslaget Fjellrosa 1932 – 1954, 1954* (Ola Berg), som er den einaste boka knytt til Spelemannslaget Fjellrosa.

- *"Som gofa spølå": Tradisjonen rundt spelemannen Knut Dahle 1834 – 1921, 1985* (Knut Buen), der det er eit kapittel om Tinn spelemannslag samt historikk om spelemenna i Dahle-slekta og tradisjonen knytt til Tinn.

Følgjande bøker har blitt nytta i høve tradisjon, spelemannslag og einskildutøvarar generelt frå Telemark.

- *Fanitullen - innføring i norsk og samisk folkemusikk, 1993* (Bjørn Aksdal og Sven Nyhus (red.)): Fanitullen er fyrst og fremst tenkt som ein lærebok for folkemusikkstudentar og som innføringsbok for studentar innan andre musikkgenre og tek føre seg alle sider ved norsk folkemusikk frå instrument, dans og song til folkemusikken i samfunnet og innsamling.
- *50 år med folkemusikk, 1982* (Rolf Myklebust): Myklebust var programsekretær i NRK og programleiar for folkemusikkhalvtimen frå 1952 til 1972. I boka står det om spelemenn og kvinner han møtte, og Telemark har eit særleg stort kapittel.

- *Og fela ho lét: norsk spelemannstradisjon*, 1985 (Arne Bjørndal og Brynjulf Alver): Boka byggjer på materiale samla av Arne Bjørndal i tidsperspektivet 1905-1964 og tek føre seg tradisjonen til spelemenn på hardingfele. Her står det mellom anna om hardingfela som instrument, nemningar og speleteknikk, blømingstida for hardingfela og spelemenn, slåttetradisjon og hardingfela ved sosiale og økonomiske tilhøve.
- *Landslaget for Spelemenn 1923 – 1973, 50 år*, 1973 (Jostein Mæland): Boka vart gjeve ut i høve LfS sitt 50-årsjubileum tek føre seg saga om landslaget og ei oversikt over einskildlag med det enkelte lagets historikk.

To bøker har blitt særleg nytta i forhold til den frilynte ungdomsrørsla og deira samarbeid med spelemannslag:

- *Ungdomslaget : Noregs ungdomslag 1896-1996*, 1995 (Jan Kløvstad).
- *Takt og Tonar - Saga om folkemusikken og folkedansen i Numedal* 2011 (Anne Svånaug Haugan).

Om folkemusikkopplæringa i Telemark har det særleg blitt nytta to artiklar i *Årbok for Telemark*:

- 2014 - Anne Svånaug Blengsdalen: «*Gunnar og eg. Om hardingfeleopplæring før og no*».
- 2015 - Johan Vaa: «*Folkemusikkopplæring i Telemark*».

Fagtidsskriftet *Spelemannsbladet/Bladet Folkemusikk* har vore høgst relevant litteratur for eit slikt prosjekt. Bladet kom ut som *Spelemannsbladet* frå 1941 – 2009 og som *bladet Folkemusikk* frå 2010. Dette er hovudtidsskriftet til det norske folkemusikkmiljøet med artiklar knytt til mellom anna kappleikar, stemne, spelemenn og elles ting som har gått føre seg kring i folkemusikk-Noreg i snart 80 år.

## 1.8 Disposisjon

Oppgåva er delt opp med seks hovuddelar inkludert kapittel 1 med innleiing, problemstilling, metode, avgrensing, definisjonar, metode, teori, litteratur og kapittelinnending.

I kapittel 2 vert det gått inn på framvekst av organisert folkemusikk med vegen frå den frilynte ungdomsrørsla til dagens FolkOrg.

I kapittel 3 vert det sett på hardingfeleopplæring i Telemark, særleg retta til prosjektet Folkemusikkopplæringa i Telemark som vart sett i gong på 1970-talet.

I kapittel 4 vert dei seks spelemannslaga til casestudie introduserte.

I kapittel 5 vert det gjort drøfting med hjelp av casestudie og spørjeundersøking.

I kapittel 6 vert konklusjonen lagt fram, som avsluttar det heile.

## 2 Framveksten av organisert folkemusikkmiljø nasjonalt, regionalt og lokalt

I tidlegare år var folkemusikken fyrst og fremst bruksmusikk. Musikken vart nytta i dagleg kvardagshøgtider og årshøgtider ved gardsdrift, bryllaup, barnsøl og andre samkomer. Musikken og dansen hadde i tillegg sin naturlege plass i folkelivet på fjellstemner og markadar. Mot slutten av 1800-talet og fram mot unionsoppløysinga i 1905 kom det eit sterkt nasjonalt straumdrag over landet som fekk mykje å seie for folkemusikken som verneverdig nasjonal kulturarv.

Folkemusikken vart flutt frå å vere bruksmusikk i det private til å bli underhaldningsmusikk på scena i høve konsertar og kappleik. Dette var ein del av bygdenasjonalismen som var prega av «ei fiendtleg haldning til bykultur» (Haugan, 2011, s. 272). For å sikre den tradisjonelle folkemusikken vart den sett i organisert ramme og med organiserte spelemenn har ein òg i seinare tid fått organisert opplæring.

Det fyrste laget ein kan kalle for frivillig folkemusikkorganisering i Noreg er *Hallingluren* som vart skipa i Hallingdal i 1875. Laget arbeida for å halda oppe lurlåten, prillarhornmusikken og langeleikspelet, ettersom den eldre folkemusikken var "åt å tagna" (Bjørndal & Alver, 1985, s. 196). Hallingluren skal ha skipa den fyrste kappleiken ein kjenner til, i 1881, med tevling i spel på dei eldre folkemusikkinstrumenta. Denne kappleiken vart skipa i samarbeid med Den Norske Turistforeining (DNT, skipa i 1868).

Vidare utover slutten av 1800-talet skipa Hallingluren og DNT speltevingar for dei eldre folkemusikkinstrumenta i Telemark, Hallingdal og Gudbrandsdalen.

I 1888 vart den fyrste kappleiken for hardingfele skipa i Bø i Telemark. Dette var fyrste gongen felespelet kom under sakleg kritikk og vart offentleg vurdert av fagmenn på instrumentet (Bjørndal & Alver, 1985, s. 198). Kappleikane resulterte i ei meir medviten dyrking og odling av denne kulturgreina. Folkemusikken kom atter i høgsetet i bygdene, og kunne leva livet sitt ved sida av den nyare dansemusikken. Det viktigaste var likevel at spelemennene no kom fram for ålmenta som det dei ville vera, som kunstnarar, og ikkje lenger vart sedde på som muserale raritetar frå eit reliktområde (Bjørndal & Alver, 1985).

I dette kapitlet vert det sett nærmare på organisering av folkemusikk frå byrjinga med den frilynte ungdomsrørsla (Noregs Ungdomslag), Landslaget for Spelemenn paraplyorganisasjon for lokale spelemannslag, fram til organisasjonen i 2009 vart slått saman med Norsk Folkemusikk- og Danselag til det vi i dag kjenner som FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans.

## **2.1 Den frilynte ungdomsrørsla**

Den frilynte ungdomsrørsla, eller Noregs Ungdomslag (NU) vart stifta i 1896 og vart med dette den fyrste paraplyorganisasjonen innan frivillig arbeid med folkemusikk og folkedans. Føremålet deira var, og er å skape engasjement og levande lokalmiljø gjennom folkelege kulturaktivitetar. Vern av kultur og motstand mot nye kulturimpulsar kom til å bli drivkrafta i norskdomsrørsla (Haugan, 2011, s. 273). NU sitt arbeid er spesielt retta mot den norske folkedansen og er i dag den einaste organisasjonen som utdannar instruktørar innan norsk folkedans.

Ein felles ideologi for NU og spelemenn rundt om i landet var motstanden til runddans samt at dei hadde felles ideologi om å arbeide for å fremje norsk folkemusikk og nasjonale kulturelle verdiar. NU blei tidleg ein viktig organisasjon for spelemenn landet rundt. Mellom anna vart spelemenn nytta når Hulda Garborg og Klara Semb heldt opplæring i folkedans, eller folkeviseleik frå byrjinga av 1900-talet.

Frå kring 1905 til 1930-åra vaks ungdomslagshusa fram og la grunnlag til ein konsertkultur på bygda. Desse blei viktige grende- og kulturhus i sine områder og vart etter kvart spelemennas viktigaste konsertarena. NU inviterte spelemenn til å halde



føredrag og konsertar med høve til spel og dans etter føredraga og konsertane. Framleis står lokale ungdomslag og ungdomslagshusa som sentrale samarbeidspartnarar for spelemannslag når det gjeld lokale kappleikar.

Ein annan arena der spelemenn og dansarar kunne utfalde seg har vore i samband med skyttarlag. Skyttarlaga har skipa til både reine festar og festar i samband med skyttarstemne der spelemenn sto for musikken. I nokre høve samarbeidde ungdomslag og skyttarlag om felles hus (Haugan, 2011, s. 283).

I tida før spelemenn fekk sin eigen paraplyorganisasjon sto NU saman med DNT sentralt i arbeidet med å skipe til kappleik. Til dømes var den fyrste kappleiken i Bø i Telemark 1888 i regi av Telemark fylkeslag, som var under NU (Kløvstad, 1995, s. 163), og elles vart kappleikane inkludert som ein del av NU sine landsstemner.

## 2.2 Organisering av spelemenn

Frå slutten av 1800-talet til utpå 1900-talet opplevde hardingfela ei nedgangstid då dei såkalla «nydansane» tok meir over for dei tradisjonelle norske bygdedansane. Dette var ein viktig grunn til at spelemenn såg eit behov for å organisere seg, og med dette byrja danninga av spelemannslag.

«Nydansane» var dansar som masurka, reinlender og vals. I 1870-80-åra vart det knapt dansa bygdedans i mange bygder. Det var «nydansane» ungdomen var interessert i å danse. Spelemenna ville helst halde seg til å spele slåttane dei kjende, men såg etter kvart at dei var nøydde til å spele det som vart etterspurd (Mæland, 1973).

Allereie før trekkspølet kom til landet vart hardingfeleslåttane nedprioritert, og betre kår vart det ikkje for hardingfela då trekkspølet kom til mange stader i landet på 1920- og 30-talet i høve jernbanebygginga. Særleg frå Telemarksområdet kan ein lese at trekkspølet vart møtt med stor skepsis blant hardingfelespelarane . Mellom anna vart Spelemannslaget Bøheringen skipa som ein reaksjon for å sikre den «nasjonale» musikkarven. Mange hardingfelespelemenn i Bø såg med skepsis på trekkspølmusikken, då trekkspølarane etter kvart tok over spelejobbane som til no hadde vore hardingfelespelaren sin inntekt (Storesund, 2009).

Trekkspølet (eller dragspølet) hadde ein eigenskap som ikkje var like sterk hjå fela: det let ulikeleg kraftig. Jamvel på ein livat fest kunne ein utan vanskar høyre spelemannen, og når fleire trekkspølarar slo seg saman var det reint så det ljoma.

Og det var ikkje berre volumet som avgjorde. Tonalt og rytmisk er slåttespelet – særleg springaren – meir komplekst og dermed snautt like lett tilgjengeleg som trekkspelmusikken (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004, s. 11).

Det var altså i stor grad volumet i trekkspelet som vart grunnen til at spelemenn såg ein konkurrent i instrumentet, og som gjorde at ein såg eit behov for å spele saman sidan ti feler let høgare enn ei. Både hardingfela og den vanlege fela hadde ein kraftig konkurrent i trekkspelet, men det vart ein meir naturleg del av tradisjonen på vanleg fele enn på hardingfele grunna korleis instrumenta er stemt. Hardingfela er oftare stemt ei tone høgare enn den vanlege fela i tillegg til at tonane i hardingfela litt i den utempererte skalaen, i motsetnad til trekkspel og toradar som ligg i den tempererte skalaen. Den vanlege fela ligg òg innanfor den tempererte skalaen.

Ein annan forskjell mellom vanleg fele og hardingfele er speleteknikk. For hardingfele er det tradisjonelt ikkje vanleg å spele med fiolinteknikk og i ”posisjonsspel”, noko felespearane gjer og slik kan legge seg nærmare spelet til belginstrumenta.

I 1923 gjekk spelemenn saman og skipa Landslaget for Spelemenn (LfS) i Bergen med Arne Bjørndal som fyrste formann. LfS var ein underorganisasjon av NU fram til 1948. Det hadde vore ein viss motsetnad mellom Fylkeslaget og spelemannslaga med omsyn til fråhaldssaka. Dette galt nok i nokon mon òg på nasjonalt plan (Haugan, 2011, s. 375). Dei fleste lokale spelemannslag under LfS vart til i perioden 1923 til kring 1945, men det fins både eldre og nyare lag (det fyrste spelemannslaget var Laget for Folkemusikk i Oslo stifta i 1903) (Mæland, 1973).

LfS vart mellom anna oppretta for å sørge for at dei eldste tradisjonane, særleg på fele og hardingfele, kunne stå sterkare mot påverknad utanfrå. For å nå dette målet arrangerte ein kappleikar. Det blei òg tatt inn i arbeidsprogrammet til LfS at ein burde starte organisert opplæring i spel. Frå tidleg 1950-åra fekk dei til opplæring basert på statsstøtte, og at ordninga fungerte slik at lokallaga sto for den praktiske tilrettelegginga og gjennomføring av kursa. Seinare har LfS gjennom medlemskap i Norges Musikkråd fått kanalisert store summar til folkemusikkopplæring i regi av lokallaga (Aksdal & Nyhus, 1993, s. 339). Organiseringa av spelemenn ved hjelp av LfS har nok vore med på å redde mykje av den nasjonale kulturarven då den var i ei kritisk fase. Dette har nok òg vore hovudgrunnlag for at mange hardingfelelag har kome til.

Den fyrste Landskappleiken vart skipa i Bergen i samband med etableringa av LfS i 1923, og med dette vart det fart i dei lokale kappleikane som spreidde seg meir og meir over heile Sør-Noreg (Stubseid, 1993). LfS såg det individuelle spelet som sitt viktigaste arbeidsområde, men etter 1950 byrja samspel å bli ein større del av lagas verksemd, noko som resulterte i at LfS i 1957 sette opp ei eiga samspelklasse for hardingfele og vanleg fele under Landskappleiken på Fagernes (Aksdal, 1993), og dermed hadde spelemannslaga fått gjennomslag for tradisjonelt samspel.

## **2.3 Frå Landslaget for Spelemenn til FolkOrg – organisasjon for norsk folkemusikk og folkedans**

Den 21. november 2009 fekk Noreg ein ny folkemusikkorganisasjon: FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans. Dette er ein samanslutning av LfS og Norsk Folkemusikk- og Danselag<sup>1</sup>.

FolkOrg er ein landsomfattande livssynsøytral og partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon med ope medlemskap. Føremålet til FolkOrg er å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet (FolkOrg- organisasjon for folkemusikk og folkedans, 2017). På same måte som tidlegare LfS, er det i dag FolkOrg som eig kappleikssystemet, fastset tevlingsreglementa på kappleikar, og er hovudarrangør av Landskappleiken.

FolkOrg vil sikre best moglege vilkår for lag, utøvarar og arrangørar. Dette er med på å sikre høgt kunstnarleg nivå, god rekruttering, breidd og vidareføring av tradisjonane i ulike tradisjonsområde. FolkOrg sit òg på mykje kunnskap for lokallag med omsyn til fond og støtteordningar. På FolkOrg sine nettside står visjonen deira nemnd:

Vi vil engasjere medlemmer og publikum gjennom å vise mangfald, eigenart, aktivitet, musikkglede, danseglede, og framstå som ein livskraftig, moderne kulturorganisasjon med røter i tradisjon  
(FolkOrg- organisasjon for folkemusikk og folkedans, 2017).

---

<sup>1</sup> NFD vart skipa i 1987 med formål å halde oppe dei eldste ubrotne folkemusikk- og bygdedanstradisjonane i Noreg, og å fremje norsk folkemusikk og bygdedans som fullverdige kunstformer. Laget kjenner eit særleg ansvar for å formidle desse kunstformene til eit breiare publikum og stiller seg ope for nyskaping og eksperimentering på folkemusikken sin grunn.

I FolkOrg er medlemmene knytte til organisasjonen i større grad enn LfS. Det er krav om at alle medlemmene i eit lokallag må vere medlem i FolkOrg, og som medlem FolkOrg må ein betale kontingent til FolkOrg i tillegg til lokal- og/eller områdelag. I LfS kom denne kontingenten som ein del av medlemskontingenten til spelemannslaget og slik vart den noko «gøymd» i forhold til dagens todelte kontingent til FolkOrg og medlemslag. Når FolkOrg kom til, måtte i tillegg alle medlemslaga endre sine føremålsparagrafer til å få inn punkt om at lagetts medlemmer må vere medlem i FolkOrg. Både i tidlegare LfS og i dagens FolkOrg kan ein vere medlem utan å vere knytt eit lokallag, altså direkte medlemskap.

Medlemslaga i FolkOrg kan skipe kappleikstevlingar og det er berre medlemmar av FolkOrg som har retten til å kunne delta på Landskappleiken og Landsfestivalen i gamaldansmusikk.

På dagens kappleikslister ser ein at dei fleste utøvarar representerer eit (eller fleire) lokallag. Frå 2010 til 2017 har 120 utøvarar representert FolkOrg på Landskappleiken. Blant desse finn me utøvarar som har representert FolkOrg på ein eller eit par Landskappleikar som ein etter kvart ser representerer eit lokallag. Vi finn òg utøvarar som har representert FolkOrg heile tida og som ikkje har gått over til eit lokallag. Dei som har gått over til å representere eit lokallag, kan ha gjort det valet fordi dei var såpass nye i «gamet» på sine fyrste kappleikar at dei ikkje hadde noko tilknytning til lokallag. Dei som framleis representerer FolkOrg er ofte utøvarar som bur i Oslo eller andre byer utan lokallag, men det kan òg vere utøvarar som ikkje har sterk tilknytning til ein spesiell tradisjon. Er ein medlem av eit lokallag, kan det vere ei forventning av kva du skal framføre, men om du representerer FolkOrg er det kanskje ikkje venta at du skal framføre noko frå ein gitt tradisjon. Via e-post har lokallagsrådgjevar i FolkOrg Øyvind Sandum supplert med ei hypotese om at paraplyorganisasjonen har ein del kappleiksdeltakarar som er medlem i fleire lokallag, og kanskje skriv FolkOrg for å representere alle laga.

### 3 Hardingfeleopplæring i Telemark frå 1970-talet

Tidlegare gjekk hardingfeleopplæring føre seg i det private, ofte ved at læresveinar oppsøkte lærereister for å lære slåttar tak for tak eller at ein lærde seg spel på eiga hand. Andre tilfelle av opplæring tidlegare kunne vere mindre høgtidleg med at ein spelemann satt og lydde på fleire spelemenn og tok slåttane etter øyra. Om ein har høyrd ein slått mange nok gonger, kan den fort feste seg i minnet. Slike måtar å lære slåttar på er framleis vanleg innan uorganisert opplæring, men for mange (kanskje særleg dei med lita speleerfaring) er den organiserte opplæringa særst viktig for å få eit ankerfeste i slåttehavet.

Ein annan opplæringsinstitusjon har vore, og er framleis spelemannslaga. Dei aller fleste som får grunnopplæring i folkemusikk, får det gjennom organiserte kurs som ofte er i regi av spelemannslaget (Aksdal & Nyhus, 1993, s. 339). Men i spelemannslaget som generell opplæringsstad har ein kunne oppleve gubbevelde og mindre iver over å lære bort slåttar til nybyrjarar. Som døme på dette skriv Johan Vaa frå Rauland at han møtte opp på øvingar i spelemannslaget Falkeriset på 1960-talet for å høyre spel og sosialisere seg om spel og spelemenn. Fleire av *gubbane* i laget visste at Vaa hadde meir enn ei fele, men ingen av dei sa: ”kom heim til meg, så skal eg prøve å lære deg litt!” (Vaa, 2015, s. 145).

Den organiserte hardingfeleopplæringa i Telemark byrja for alvor på 1970-talet. Dette står som ei viktig tid for den organiserte folkemusikken. På denne tida byrja folkemusikkmiljøet å få bevisstheit om at det var dei sjølv som måtte gjere noko for å sikre folkemusikkopplæringa for framtida. Organiseringa av folkemusikkopplæring har vore med på å forvalte folkemusikken og sikre at tradisjonskunnskap går vidare innanfor ei fast ramme med læringsmål, faste øvingstider og fast lærar.

I det fylgjande blir det sett nærmare på Folkemusikkopplæringa i Telemark, som var det fyrste initiativet på å setje i gong ein heilt organisert hardingfeleopplæring. Etter kvart tok ordninga med kommunale musikkskular over opplæringa og i dag har hardingfela eit stødig miljø for unge i Telemark med opplæring i kulturskulen og fleire juniorspelemannslag som er eit alternativ til spelemannslag for vaksne.

### 3.1 Folkemusikkopplæringa i Telemark

Då hardingfeleentusiast Jon Stuvøy frå Hjartdal flytta til Skien i 1958 grunna jobb i industrien vart han ein viktig person i arbeidet for folkemusikken i Grenland og ein av dei viktigaste initiativtakarane til opptakten av den organiserte hardingfeleopplæringa i Noreg, som har resultert i dagens hardingfeleopplæring i kulturskulen. I tida før 1970 var organisert hardingfeleopplæring så og seie ikkje eksisterande. Stuvøy såg at hardingfeleopplæringa i uorganisert form ikkje var haldbar i lengda, og ved eit formelt initiativ gjennom spelemannslaget Vårlengt fekk han gjennomslag for at Telemark fylke skulle tilsetje ein vandreleiar i folkemusikk i 1971 (Vaa, 2015).

Eit slikt engasjement for opplæring ville vore ei naturleg oppgåve for Telemark fylkeslag for nasjonalt spel og dans (seinare Telemark Folkemusikklag). Johan Vaa skriv at det diverre var slik at haldningane hjå dei som sat i styret hadde same innstilling som gubbane på Rauland – ”ein var langt på veg nøgd med å kose seg med sitt” (Vaa, 2015, s. 146). Etter å ha blitt møtt med slike haldingar valde Stuvøy ved *Nemnda for rekrutterings- og opplæringsspørsmål for folkemusikken i Telemark* å gå sin eigen veg og dra i gong ein ny organisasjon som etter kvart fekk namnet *Folkemusikkopplæringa i Telemark* (FOT) (Vaa, 2015, s. 146).

Initiativet FOT blir sett på som særskilt sidan dette var fyrste gong opplæring for hardingfele vart organisert. Planen var å få til ein fast vandreleiar, men sidan dette viste seg vanskeleg å få til vart opplæringa driven av kjende og dyktige spelemenn rundt om i fylket. Tilbodet vart gjort kjent gjennom lokalavisene, som nok gjorde at fleire vart med enn om det berre hadde vore eit tilbod som vart kjent gjennom spelemannslaga. Tilbodet kom for alvor i gong i 1972 og blei eit populært tilbod med 79 elevar som fylgde undervisninga det fyrste halve året, medan det andre året (1973) var det 54 elevar (Vaa, 2015).

Fylgjande kommunar var involvert i FOT: Tinn, Hjartdal, Sauherad, Skien, Porsgrunn, Kragerø, Drangedal, Bø, Nome, Seljord, Tokke og Vinje. I 1982 kom òg Fyresdal med i prosjektet. Tiltaket fekk økonomisk stønad frå fylkeskommunen, ein rekke kommunar i Telemark samt Norsk kulturråd (Haugan, 1990).

Anne Svånaug Blengsdalen var ei av dei fyrste elevane i FOT. Ho fekk si opplæring hjå Gunnar Dahle i Tinn. Om opplæringa skriv ho:

Øvingsøktene fylgde ikkje tidsskjema til Musikkskulen på 22 ½ minutt. Det kunne gå både to og tri timar. Slik måtte det vera når slåtten skulle lærast tak for tak, frå læremeisteren armar og hender til eleven. Det var ikkje å levere ut eit noteark og be eleven øve heime på eiga hand. Dette var handboren kunnskap. Grunnlaget for heimeleksa låg i øvingsøkta hjå læremeisteren (Blengsdalen, 2014, s. 31).

Opplæringa i FOT var altså relativt lik opplæringa slik den gjekk føre seg tidlegare, utan fast tidsramme og gjennom munnleg tradering. Med ei slik opplæring får ein god tid til å tileigne seg stoffet. Sidan FOT kom til når folkemusikken i Telemark var nede i ein bølgedal, var det viktig at slåttane vart overlevert så nøyaktig som råd, noko som har bidrege til dagens kvalitetsstempel på hardingfelespelet. Dei gamle spel-tradisjonane vart med andre ord nytta i denne konteksten, men flytta til ein meir handfast opplæring enn tidlegare, som kunne vere noko sporadisk. Den organiserte hardingfeleopplæringa som kom i gong med FOT var med på å skape ei oppbløming av hardingfeleutøvarar i Telemark, og Johan Vaa skriv at stort sett alle hardingfeleutøvarar i Telemark som er under 60 år er eit resultat av organisert opplæring, i regi av FOT eller musikkskulane (Vaa, 2015, s. 150). Ordninga med musikkskular tok til midt på 1970-talet. I nokre kommunar heldt FOT fram til utpå 1980-talet, men etter kvart vart det til at musikkskulane i fylket tok over ansvaret for hardingfeleopplæringa (Blengsdalen, 2014, s. 31). Om FOT sin betyding skriv Johan Vaa.:

At FOT blei skipa, vågar eg meine vog tungt for å få hardingfela inn i musikkskulane. Fylkeskommunalt engasjement gav legitimitet til musikkforma og skapte eit politisk trykk for at instrumentet skulle inn i musikkskulane då dei kom i gong (Vaa, 2015, s. 150).

I 1982 såg Stuvøy på det som gledeleg at musikkskulane fekk innpass på bygdene, og at folkemusikken glei inn i opplæringa i kulturskulane i Vinje, Seljord og Bø. Stuvøy meinte òg at det måtte vera ei oppgåve for FOT å arbeida for liknande utvikling i andre kommunar (Vaa, 2015). Det var elles viktig at det vart skapt eit miljø der folkemusikken kunne bli utøvd. Med generasjonsskifte i Telemark fylkeslag på 1980-talet vart det tatt tak i rekrutteringsarbeid. Dei satt mellom anna ned ei eiga nemnd, som òg søkte fylkeskommunale midlar. Det vart med andre ord tre institusjonar for folkemusikkopplæring i Telemark på denne tida: musikkskulen, FOT og Telemark fylkeslags rekrutteringsnemnd for kveding og bygdedans. Dette gjorde at Stuvøy i 1985

gjorde framlegg om at FOT vart lagt ned frå 01.01.1986, utan at det vart noko større innvending på det (Vaa, 2015). Om viktigheta til FOT har Anne Svånaug Haugan skrive dette:

Folkemusikkopplæringa i Telemark førte til et oppsving i interessen for hardingfela, og på sitt beste var elevtallet over 100 i året. Etter hvert har spelemannslag og kommunale musikkskoler overtatt mye av opplæringen og dette helt i tråd med Folkemusikkopplæringa sin intensjon.

Det er viktig å poengtere at dersom Folkemusikkopplæringa i Telemark ikke hadde kommet i gang, hadde jeg, og mange andre med meg, neppe begynt å spille. Opplæringen var gratis, det ble t.o.m. stilt instrument til rådighet (Haugan, 1990, s. 10).

Ein kan med andre ord sei at Stuvøy og FOT har vore eit særst viktig grunnlag for dagens organiserte folkemusikkopplæring i Telemark.

## **4 Dagens situasjon for rekruttering blant spelemannslag i Telemark**

I dette kapittelet vert dei seks spelemannslaga til casestudia introdusert i historisk perspektiv. Her vert det sett på kva som var motivasjonen for at spelemannslaga vart skipa, og vidare korleis laga har stilt seg i forhold til opplæring, rekruttering og som sosialarena. For å få dette fram har føremålsparagrafane til laga blitt nytta samt jubileumsskrifter og anna relevant litteratur kring spelemannslaga. Etter introduksjon av spelemannslaga, vert trådane samla og det vert sett nærmare på kva som har vore likt og ulikt mellom spelemannslaga.

### **4.1 Spelemannslaget Bøheringen**

Bø i Telemark er ei gamal hardingfelebygd som har fostra opp mange vidkjende spelemenn og fjorten felemakarar i Helland-Steintjønndalen-Haugen-familien frå sytten hundretalet til midt på nittenhundretalet.

Spelemannslaget Bøheringen vart skipa 9.juni 1934. Styret besto av Halvor Almankås som fyrste formann, Sveinung Innleggen Bruserud, Knut Langkås, Eirik Odden, Gunnulf Borgen, Olav Innleggen og Einar Lund. Frå starten hadde laget hadde stor aktivitet med speløvingar, møter, skiping av festar og speling ved ulike arrangement.



Laget har alltid hatt fokus på samspel, og det var samarbeidet mellom spelemennene Gunnulf Borgen og Einar Lund som låg til grunn for at samspelet kom i stand i spelemannslaget alt frå 1934 (Storesund, 2009, s. 14).

Namnet *Bøheringen* kjem av springaren med same namn, ein slått som vart mykje nytta av Torkjell Haugerud frå Bø. Slåtten er kjenneteiknet til spelemannslaget, og vert ofte nytta når laget spelar i offentlege samband.

I føresegna frå 1934 står det at laget skulle stø om hardingfeleutøvarar med økonomisk stønad, og støtte og rettleie dei spelemenn som måtte trenge det. Laget skulle òg sende ein eller fleire spelemenn på kappleik for å representere laget og støtte utøveren(e). På denne tida var det altså ikkje noko eksplisitt fokus på opplæring, men implisitt kan ein sei at rettleiinga som kjem fram i føresegna kan ha vore meint som ein slags opplæring. Som ein kan lese ut av føresegna, såg laget på kappleik og utøving som viktig. Dette kjem mellom anna fram med at hardingfelelaget skulle prøve å vere ein motsetnad til runddansen, og vere ein arena for "spelemenn som dyrkar egte norsk instrumental folkemusikk" (Storesund, 2009, s. 21).

I 1984, året spelemannslaget fylte 50 år, fekk føresegna ein revisjon. Nytt av denne er mellom anna at lagets hovudoppgåve i større grad er å skape eit miljø for folkemusikken i Bø og drive opplæring i hardingfelespel. Til grunn for dette låg tankar om at spelemannslaget skulle vere ein reiskap for å fremje ein musikalsk kulturarv meir enn å verne om dei etablerte spelemennene sine interesser og posisjon (Storesund, 2009, s. 104).

Bø juniorspelemannslag vart skipa i 1986 og har fostra opp mange av dagens fremste utøvarar frå Bø. Laget vart til på initiativ frå Heidi Løvlund som såg behovet for å starte med systematisk hardingfeleopplæring av barn og unge. Løvlund gjekk ut og spurde elevar i skulen om dei hadde lyst til å spele hardingfele. Det hadde fleire, og med dette starta Løvlund ei privat spelgruppe, som fort blei ein del av Bø musikkskule. Løvlund la med dette grunnlaget for framtidens hardingfeleopplæring i Bø gjennom musikkskulen og juniorspelemannslaget. Samarbeidet mellom Bø dansarring og Bøheringen vert trekt fram som viktig inspirasjon og har vore med på å knytte dei yngre til det lokale folkemusikkmiljøet (Straand, 2009). Om Løvlund si rekrutteringsprosess skriv Sigrid Straand:

Løvlund ynskte å rekruttere spelinteresserte barn og unge breitt og allment, ikkje berre frå familiar og miljø i det etablerte folkemusikkmiljøet, og ho visste at teknisk opplæring på instrumentet hardingfele ikkje åleine var nok til å utvikle ein spelemann, ei heller til å lyfte den rike hardingfeletradisjonen i Bø inn i framtida. Ho såg at elevane trong folkemusikalsk påfyll utover individuelle speletimar, og at dette låg utanfor musikk læraren og musikk skulen sine pedagogiske oppgåver. Difor vart foreldra til elevane invitert til å organisere Bø juniorspelemannslag som eige støttelag med formålet:

*Å fremje folkemusikklivet i Bø ved å:*

- *Gje medlemmene undervisning, individuelt og i samspel*
- *arbeide for å framføre god musikk og spreie trivsel der vi opptrer*
- *utvikle godt kameratskap og eit positivt miljø gjennom arbeidet med folkemusikk*

Laget skulle leggje til rette for at interesserte barn og unge i Bø fekk tilgang på individuell opplæring på hardingfele og skaffe hardingfeler til opplæringa (Straand, 2009, s. 134).

Med dette vart det skapt eit folkemusikkmiljø for barn og unge i Bø, mellom anna fekk juniorspelemannslaget vere med å opne Telemarkfestivalen, og frå 2002 byrja ein å skipe årlege kurs i lokal speletradisjon, særleg retta til juniorar. Spelemannslaget Bøheringen har fått hausta frukter av juniorspelemannslaget, mellom anna med generasjonsskifte i styret i 2001 der dei nye styremedlemmane var tidlegare medlem i juniorspelemannslaget sytte for ny iver i laget. Med dette gjekk medlemstalet frå 8 til 30 medlemmer.

#### 4.1.1 Kappleikar i regi av Spelemannslaget Bøheringen

Spelemannslaget Bøheringen skipa kappleikar stort sett årvisst frå 1935 til 1965-talet. Etter dette vart kappleikane skipa sporadisk fram til 2001, då det i samband med generasjonsskifte i laget syta for at tradisjonen for årvisse kappleikar vart teke opp att på ungdomshuset Sandvin i samarbeid med Bø dansarring, Bø juniorspelemannslag og Bø ungdomslag. Kappleiken i 2001 var jubileumskappleik for Myllarguten som hadde 200 årsjubileum.

Forutan lokalkappleikar har Bøheringen skipa Landskappleik i 1949, 1975 og 1988 samt ein rekke fylkeskappleikar. Laget deltok på sin fyrste Landskappleik i Oslo 1939, og frå og med Landskappleiken på Rauland i 2001 har Bøheringen hatt det som tradisjon å stille som lag på Landskappleiken (Aasen Leikvoll, 2009).

Fyljande har mellom anna vore viktig innan lagets musikalske virke:

Johannes Sundsvalen, Heidi Løvlund, Kjell Bitustøyl, Torgeir Straand, Per Anders Buen Garnås, Ottar Kåsa og Lars-Ingar Meyer Fjeld.

## 4.2 Falkeriset folkemusikklag

Vinje kommune er den einaste kommunen i Telemark med to spelemannslag: Vinje spilemannslag som vart skipa 1.august 1953 og Falkeriset folkemusikklag (tidlegare Spelemannslaget Falkeriset) på Rauland som vart skipa 15.november 1953.

I dag er Falkeriset folkemusikklag det mest aktive av desse to laga, og difor eit lag det er grunnlag for å ha med i casestudiet. Namnet *Falkeriset* kjem av springaren med sama namn etter spelemannen Håvard Gibøen frå Møsstrond i Rauland. Falkeriset er òg eit fjellparti mellom Rauland og Møsstrond. Slåtten er kjenneteiknet til spelemannslaget, og vert ofte nytta når laget spelar i offentlege samband.

Forutan Håvard Gibøen, var Torgeir «Myllarguten» Augundsson ein legendarisk spelemann frå Sauherad som budde sine siste år i Rauland. Slik fekk Rauland namnet «Myllarbygda», og det har vorte arrangert Myllarspel til ære for Myllarguten. Spelemannslaget Falkeriset vart skipa som ein forvaltningsarena for den gamle folkemusikken i «Myllarbygda» Rauland med Rikard Gøytil som formann. Dei andre som var tilstade på skipingsmøtet var: Svein Krontveit, Knut Jore, Arnt Bitustøyl, Nils Gardsjord, Knut Flåten, Eivind H. Juvland, Steinar Mo, Magne Tjøninstaul og Olav Svalastog (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004).

I jubileumsboka til Falkeriset står det fylgjande om kvifor laget vart skipa:

Situasjonen var den same som i Vinje. Det var fleire spelemenn som sat heime for seg sjølve og spela og ynskte seg ein ny kveik, ikkje minst det å koma saman i heimane til kvarandre med røur og innlæring av nytt tilfang. Likeeins var det lettare å få fram felemålet i ein stor dansesal når ein var fleire. Samhald gjev styrke, heiter det (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004, s. 62).

Slik det kjem fram i føresegna var spelemenna på Rauland interesserte i å gjere forvaltning av folkemusikk med hjelp av samspel og skipe til stemne og kappleik for å få folk til å høyre godt spel og sjå god dans (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004).

Det står ikkje noko spesifikt i føresegna om at laget skal vere ein opplæringsarena. Derimot står det at laget ville vere ein arena for folkemusikk i Rauland, som ville prøve å vekke interessa for folkemusikk i bygda samt «halde oppe noko av den gamle folkemusikken i bygdi, so den ikkje vert heilt gløymd og skuva til sides av den moderne musikken» (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004, s. 63). Dette kan implisitt bety at spelemannslaget ville gjere sitt for at fleire kunne bli interessert i å sjølv utøve folkemusikk, anten med spel eller dans. For innlæring av slåttar vart det mellom anna innkjøpt ein bandopptakar i januar 1954 som gjekk på omgang. Bandopptakaren skulle brukast i opplæringa, for det var ofte vanskeleg, og tok lang tid, å få lært inn nye slåttar i laget. Frå 1960-talet vart det skipa spelkurs i laget (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004).

I 1987 vart rekrutteringsproblem i Falkeriset teke opp i laget. Problemet kom av at det tok til å bli ein del felespelarar i den kommunale musikkskulen, men spelemannslaget fekk ikkje «tak i» desse. For å gripe tak i rekrutteringsproblema vedtok laget mellom anna å gje tilskot til dei som spelte fele musikkskulen, og laget vart oppmoda om å lage ein lærekassett for rekruttane (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004, s. 87). I 1997 fekk Falkeriset sitt juniorspelemannslag, med medlemmar som i utgangspunktet var elevar i musikkskulen. I dag er juniorspelemannslaget oppløyst. Om dette er det skrive:

Juniorlaget er for tida oppløyst, men det er å vone at rekrutteringsarbeidet i Kulturskulen i Vinje over tid vil skape nye unge spelemenn til laget. Spelemannslaget bør nok framover ha i tankane om det går an å skape eit sosialt miljø som kan vera eit tilbod for nye spelemannspirer (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004, s. 98).

#### 4.2.1 Kappleikar i regi av Falkeriset folkemusikklag

Falkeriset har stått for mange tilskipingar gjennom tida. Den fyrste kappleiken dei skipa var i 1954. Utover 1950-talet skipa laget kappleikar stort sett årviss. Frå 1960 og utover har det blitt skipa meir i rykk og napp. Laget har òg skipa fleire fylkeskappleikar frå 1955 samt Landskappleik i 1994 og 2001.

Kappleikane på 1950-talet hadde nok sin motivasjon i Myllargutspelet som vart skipa av Rauland Bygdekunstlag i 1951 i Kosi, Arabygdi der Myllarheimen vart avduka. Heile 2000 møtte opp og folkemusikken var sett i høgsetet. I 1962 vart det skipa nytt Myllargutspel, like suksessfullt som elleve år tidlegare med over 2000 fram møtte.

Myllargutspellet frå 1962 er sagt å vere eit av dei mest avisomtalte folkemusikkstemna i landet (per 2004), og det var ei stemne med både skodespel og kappleik. Det var kring 16 000 menneske tilstade under dei forskjellige hendingane på Rauland den helga. Det vart òg skipa Myllargutspel i 1972, i høve 100-årsdagen for Myllaren sin død samt kappleik i 1973 som markerte 100 år sidan Håvard Gibøens død (Jordstøyl, Omholt, & Hommo, 2004). Laget hadde sin kappleiksdebut på Landskappleiken i Bø i 1988, og deltek framleis på kappleik ved høve.

Fyljande har mellom anna vore viktig innan lagets musikalske virke:

Per Åsmund Omholt, Terje Christian Hansen, Arne Øygarden, Ottar Kåsa og Lars Erik Øygarden.

### 4.3 Fjellrosa spel- og dansarlag

Grunnlaget for spelemannslag på Notodden kom då mange spelemenn frå bygdene fekk seg arbeid i industrien med Norsk Hydro sin etablering i 1905. Med industrien kom det òg eit vaksande miljø med fleire kulturgenre frå bygdene, noko som gjorde at kampen for eldre tradisjonar vart sterkare i byene.

Felemakar Olav Helland på Notodden hadde lenge hatt i tankane å skipe eit lag av spelemenn, som dyrka nasjonalmusikken og av andre som interesserte seg for den. 17.november 1932 fekk Notodden sitt spelemannslag: Fjellrosa spel- og dansarlag med Helland som fyrste formann. Under skipinga i 1932 fekk laget 18 medlem av spelemenn og interesserte (Berg, 1947). Det var Helland som kom med namneforslaget Fjellrosa. Namnet Fjellrosa kjem av springaren med sama namn, etter spelemannen Lars Fykerud frå Sauherad. I tidlegare år hadde Fykerud mellom anna budd på Notodden, og var slik noko knytt til staden.

Laget vart grunnlagd *Fjellrosa spelemannslag*, men under årsmøtet i 1967 vart det vedteke å endre namn til *Fjellrosa spelemannslag og dansarring*, då mange aktive dansarar hadde meldt seg til laget dei siste åra (Mæland, 1973, s. 179). I vedtektene er det tydeleg vekt på at laget ikkje berre er skipa for spelemenn, men for å samle spelemenn, songarar, dansarar og andre interesserte for å dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, song og dans.

Fjellrosa var i sin tid eit av landets største spel- og dansarlag med Gjermund Haugen som største personlegdom. Haugen var den fremste spelemannen i laget og musikalsk leiar så lenge han var aktiv. Han livnærde seg av musikken og fekk utbetalt Statens Kunstnarløn, og framleis står han som meister innan flest sigarar på Landskappleiken saman med Gunnulf Borgen frå Bø

I vedtektene står det òg at laget skal drive opplæringsarbeid og ta opp spørsmål som kan fremja folkemusikk- og dansearbeidet. Dette dreiv laget godt med fram til midten av 1970-talet då den «eldre garden» i laget byrja å dra på åra. Med dette sank òg aktiviteten i laget. På 1980-talet hadde Olav Sem og Rønnaug Larsen leikarring ein kveld i veka i gymsalen på Rygi skole. På det meste var det heile 80 barn og unge som var med på dette, men jamt over dala oppslutninga der òg.

I perioden 2007 – 2009 låg Fjellrosa i dvale med berre eit interimsstyre. I 2009 ville ein handfull eldsjeler dra i gong att Fjellrosa spel- og dansarlag, med Olav Sem i førarsetet (Andersen, 2009). Dette vart realitet, og i dag er det framleis eit spelemannslag på Notodden.

#### 4.3.1 Kappleikar i regi av Fjellrosa spel- og dansarlag

Laget har vore eit aktivt lag med både spel- og dansegruppe. Så tidleg som i 1936 skipa laget sin fyrste Landskappleik. Dei skipa òg Landskappleik i 1946, 1958 og 1963. Laget har elles skipa ei ukjend mengde mindre kappleikar og fylkeskappleikar både på Notodden og i Heddal. Fjellrosa har hatt mykje samarbeid med ungdomslaga, særleg Vidar ungdomslag.

Fyljande har mellom anna vore viktig innan lagets musikalske virke:

Gjermund Haugen, Johannes Evensen, Olav Sem og Rønnaug Larsen (dans og rekruttering) og Gudrun Straand.

## 4.4 Seljord folkemusikklag

Bygda Seljord har fostra opp fleire storspelmenn. Mellom anna stammer ei av dei viktigaste tradisjonsline for hardingfelespel frå Seljord. Opphavet til denne tradisjonslina er spelemenna Jon Kjos - Øystein Langedrag - Leiv Sandsdalen på attenhundretalet. Øystein Langedrag var ein av dei fyrste storspelemenna i Telemark, og var mellom anna

læremeister til sonen sin Leiv Sandsdalen og Myllarguten. Denne tradisjonslina er døme på ein radikal tradisjon, då dette er ei line der improvisasjon og utbygging av slåttar har vore viktigare enn nøyaktig overlevering.

Men kanskje det viktigaste ein kan sei om spelet i Seljord er to damer som har blitt fostra fram: Torbjørg Aas Gravalid og Signe Flatin (som òg var medlem i Spelemannslaget Vårlengt). Båe var elevar av Torkjell Haugerud, og inspirasjon for kvinnelege felespelarar i dag. Desse to hald mellom anna konsertferd på 1930-talet, og Aas Gravalid var den fyrste kvinnelige hardingfelespelaren til å vinne Landskappleiken i 1960.

Spelemannslaget i Seljord folkemusikklag er eit relativt nytt spelemannslag som vart skipa i 1992 for å dyrke og halde i hevd den lokale musikkarven i Seljord og Vest-Telemark. Ideen til eit spelemannslag i Seljord kom frå Harald Manheim då Torunn Raftevoll Rue og Magne Manheim hadde flytt til byda. I tillegg budde Håvard Mo og den då ferske hardingfelespelaren Ragnhild Knudsen og i Seljord, og saman utgjorde dei grunnmuren i Seljord spelemannslag til særleg forvaltning av Seljordstradisjonen. Magne Manheim var lagets fyrste leiar fram til han døydde i 1997.

I føremålsparagrafen til Seljord spelemannslag per 23.02.1994 står det at laget skal medverke til samkomer i spel, song og dans, og ta opp spørsmål som kan fremja folkemusikkarbeidet. Implisitt kan *folkemusikkarbeidet* tyde opplæring, noko laget har vore særst fram på med sidan 2000-talet. I 2001 vart Seljord juniorspelemannslag skipa som ein del av spelemannslaget. Juniorspelemannslaget har gjort seg synleg nasjonalt med å ha vunne lagspel junior på Landskappleiken på Voss 2010. Fleire medlem har òg utmerkt seg nasjonalt, mellom anna Marie Tveiten som vann C-klasse hardingfelespel 2010 og Sara Fjågesund Aase som i dag spelar hardingfele i klasse A.

#### 4.4.1 Kappleik i regi av Seljord folkemusikklag

Laget har alltid vore eit utøvande, men det var fyrst då Torunn Raftevoll Rue tok over som leiar etter Magne Manheim i 1997 at laget byrja å delta på kappleik. I 1998 fekk laget sin kappleiksdebut under Landskappleiken på Kongsberg.

Laget byrja sjølv å skipe kappleik i år 2000 i tradisjon etter Seljordspelet. Dette var eit spel som vart skipa til frå 1960-talet og utover med kappleik og spel sama helg i regi av ungdomslaget. Dagens leiar Ragnhild Knudsen sa i intervju at laget skipar til

kappleik fordi dei opplever det som ein bra stimulans og ein hyggeleg ting å gjere, samt at kappleik er ein viktig arena for folkemusikarar. Om våren skipar laget sjokoladekappleik i samarbeid med leikarringen Tusseleiken. Knudsen peika òg på at skiping av Landskappleiken 2011 var eit stort løft for laget.

Fyljande har mellom anna vore viktig innan lagets musikalske virke:

Magne Manheim, Torbjørg Aas Gravalid, Ragnhild Knudsen, Torunn Raftevold Rue og Sara Fjågesund Aase.

## 4.5 Tinn Spelemannslag

I likskap med Seljord, stammar ei anna av dei viktigaste hovudlinene for hardingfeletradisjonen i Telemark frå Tinn. Denne lina har sitt opphav i spelemennene Knut Lurås - Håvard Gibøen – Kjetil Håvardson – Knut Dahle – Johannes Dahle – Gunnar Dahle.

Grunnlaget for eit spelemannslag i Tinn kom alt i 1890 då spelemannen Hans O. Bernos frå Ullern i Atrå kom med ei skriftleg oppmoding til musikkinteresserte tinndølar om å gjere noko for å take vare på det gamle felespelet. I brevet vert det lagt særleg vekt på at felespelet vert "forfalsket, da en spillemand lægger noget til, den anden tager noget ifra, så det tilslutt aldeles ligger i Grus, hvis derfor intent gjøres" (Buen, 1983, s. 173). Bernos oppmoda i tillegg Knut Dahle til å vere instruktør, og Dahle var glad for at det skulle bli gjort noko for at slåttane hans skulle førast vidare gjennom organisert opplæring og innøving (Buen, 1983, s. 173).

Tinn spelemannslag vart skipa 1.januar 1912 på eit møte på Ullern i Atrå og vert rekna som landets eldste spelemannslag. Knut Dahle og sonesonen Johannes Dahle vart tilsett som leiarar og læremeistarar i spel.

Lagets føremål, slik det kjem fram i føresegna, er å samle og oppebevare deira gode, gamle nasjonale "tinndølspele", som fortel noko om nasjonale strømmingar i samtida. Vidare skal spelet søkjast nått ved innøving og samspel av Knut Dahles slåttar. Slåttane har eit særleg særpreg som har blitt bore fram sidan Knut Lurås sine dagar. Slåttane som vart vidareført etter Knut og seinare Johannes Dahle med fokus på å overlevere og vidareføre slåtteformar på så korrekt mogeleg måte der slåtteformane er nærmast ferdige autoriserte formar med forankring i fortida (Haugan, 1990).



I føresegna er det òg eit viktig punkt å drive med generell forvaltning av immateriell kulturarv. I paragraf tre står det at slåttanes namn, samt segn og soger knytt til slåttane skal bli nedskrive og oppbevart. Med denne innsamlingsbiten kjem det fram at bygdemål skal bli mest mogeleg nytta. Utifrå punkta i føresegna kan det tyde på at dei som var med i stiftinga av spelemannslaget allereie då såg mørkt på framtida for både det særprega hardingfelespelet og bygdemålet i Tinn, noko som kan ha vore eit resultat av at det var mange industriarbeidarar frå landet rundt i Tinn på kraftstasjonen Vemork som vart opna i 1911. Trekkspellet byrja òg å gjere sitt inntog i kommunen, noko som gjorde at spelemannslaget spelte gamaldansslåttar. Men i motsetnad til mange andre stader i Telemark var ikkje gamaldansen like bannlyst i Tinn som til dømes i Vinje og Bø.

Johannes Dahle la ned eit stort livsverk i Tinn Spelemannslag etter Knut Dahle døydde i 1921. Om Johannes som læremeistar skriv Knut Buen: "Nøyaktig og tolmodig lærde han slåttane etter gofaren vidare til dei unge spelemennene i laget. Han (Johannes) var ein berande kraft i so og sei tre mannsaldarar" (Buen, 1983, s. 174). I 1954 spela Johannes inn 192 slåttar med namn og ymse soger til for spelemannslaget, med stønad frå Tinn Kulturråd. Dette er av tiltak som har vore med på å bevare Dahle-tradisjonen og gjer at ein framleis har materialet tilgjengeleg. Om tiltaket skriv Rolf Myklebust:

I Tinn var dei merksame på kva verd Dahle-tradisjonen hadde for folkemusikken. Tinnsjø Ungdomslag hadde valt ei nemnd, Dahle-nemnda, som hadde søkt og fått stønad frå kulturrådet i Tinn til å fremje og bevare Dahle-spelet ved opptak på lydband og ved opplæring av spelemenn (Myklebust, 1982, s. 231).

Gunnar Dahle, bror til Johannes må òg nemnast i samband med opplæring. Gunnar var ein av lærarane i FOT på 1970-talet, og med Anne Svånaug Blengsdalen kjem det tydeleg fram at Gunnar, som Johannes, var ein nøyaktig og tolmodig lærar (Blengsdalen, 2014). Arne Olesrud fortalte meg at kursverksemda som kom på 1960-talet gjorde at mange i Tinn vart interessert i spel og dans. I det aktive samspellet møtte 15 spelemenn på øvingane som gjekk føre seg annankvar veke og det var lenge Johannes som verka som fast instruktør og spelleiar i laget (Buen, 1983).

#### 4.5.1 Kappleikar i regi av Tinn spelemannslag

Tinn spelemannslag har vore eit aktivt kappleikslag som ofte deltok på kappleik i Porsgrunn, fylkeskappleikar og mellom anna Landskappleik 1994. Kappleiken på Fagerstrand i Tinn i 1902 var kanskje den største av dei fyrste kappleikane i Telemark, og fleire av utøvarane på denne kappleiken var med på å skipe laget i 1912.

Det har vore noko vanskeleg å finne ut når den fyrste kappleiken til Tinn vart skipa, men i fylgje Spelemannsbladet 1947 nr.3 skipa spelemannslaget kappleik i Miland dette året i samarbeid med Vestfjorddalens Ungdomslag., men det er truleg at spelemannslaget har skipa kappleikar før denne tid. I 1982 skipa laget og Ungdomslaget Fjell-ljomen i samarbeid med Tinn kulturstyre og Rikskonsertane det fyrste Luraas-stemnet med kappleik og dansefest. Luraas-stemnet i 1982 vart halden som 200-årsjubileumsstemne for Knut Luraas. Stemnet vart halden meir eller mindre årviss fram til midten av 1990-talet.

Fyljande har mellom anna vore viktig innan laget muskalske virke:

Knut Dahle, Johannes Dahle, Gunnar Dahle, Olav Øyaland, Øystein Haugen, Unni Boksasp (rekrutteringsarbeid) og Lars-Ingar Meyer Fjeld.

#### 4.6 Spelemannslaget Vårlengt

Grunnlaget for eit spelemannslag i Porsgrunn var, til likeins med Notodden, at mange bygdespelemenn kom flyttande til Grenland for å jobbe i industrien. I Porsgrunn skjedde òg dette med Norsk Hydro, men ikkje før i 1928, med særleg vekst frå 1945 til 1965. Bygdespelemenn hadde med seg interesse for den tradisjonelle norske folkemusikken, songen og bygdedansen, og det vart interessert i å få eit yrande folkemusikkliv i byen.

Med dette vart folkemusikkarenaen flytta frå bygd til by med blømande aktivitet i Porsgrunn. Spelemannslaget Vårlengt vart skipa 6.april 1960. I styret satt Olav Haugen, Isak Havstad og Jon Stuvøy (Skobba, 2010, s. 7). Namnet *Vårlengt* kjem av gangaren med sama namn, etter den tidlegare nemnde Lars Fykerud frå Sauherad.

Føremålet til Vårlengt er at laget skal halde norsk folkemusikk- og dansetradisjon levande, men i motsetnad til andre lokale spelemannslag er ikkje Vårlengt retta mot ein

spesifikk tradisjon, men «alt» av folkemusikk det er tradisjon for i Telemark, noko som kan kome av at Porsgrunn ikkje har noko eigen folkemusikktradisjon som er "typisk" for byen. Oppgåvene i laget er å vere ein sosialarena der einskildpersonar vert samla for å dyrke telemarkformene i folkemusikken, songen og dansen. Arbeidet for å hegne om folkemusikken frå Telemark er ein del av spelemannslaget sitt arbeid med immateriell kulturarv, "der medvitet om eigne tradisjonar vert ei kjelde til livsutfalding og eit grunnlag for sjølvkjensle, rotfeste og vørnad for andre særdrag", som det står i vedtektene.

Av praktiske oppgåver frå vedtektene skal laget mellom anna skippe til kappleikar og konsertar. Laget har òg hatt faste speleøvingar. I løpet av dei fyrste 25 åra auka øvingskveldane til rundt tjuge kveldar i året. Frammøte kunne variere frå 40 til 70 personar. Det kunne vera opp til 15 spelemenn (Skobba, 2010, s. 22), resten dansarar eller kvedarar. Vårlengt var eit særst aktivt spelemannslag fram til aktiviteten dabbra av frå 1990-talet og utover. Laget har skipa til mange kulturkveldar og har vore med på mange kulturinnslag på tilstellingar i mellom anna ungdomslag, mållag, pensjonistlag og idrottslag (Skobba, 2010, s. 26).

#### 4.6.1 Kappleikar i regi av Spelemannslaget Vårlengt

Laget skipa sitt fyrste stemne: *Folkemusikkdagane i Porsgrunn* 26. og 27. august 1961 og dette blei ein stor suksess med 28 spelemenn og 52 dansarar som deltok, samt eit publikumstal på 1500 (Skobba, 2010, s. 10). Perioden 1965 – 1980 var utan tvil stordomstida for Porsgrunnkappleiken under *Folkemusikkdagane*. På denne tida vart kappleiken sett på som ein av dei viktigaste kappleikane i landet etter Landskappleiken, og det kom ofte nesten like mykje folk til Porsgrunn som til Landskappleiken. Laget skipa og Landskappleik i 1967.

Fyljande har mellom anna vore viktig innan lagets musikalske virke: Jon Stuvøy, Leif Neset, Signe Flatin Neset, Eilef Eilefsen, Olav Bøe, Lars-Ingar Meyer Fjeld.

## 4.7 Oppsummering

Bakgrunnen for skipinga av spelemannslag er å forvalte den lokale folkemusikken innanfor Telemark fylke, samt å vere ein arena for immateriell kulturarv. Ein ser at laga har kome til på ulike tider, noko som kan vere grunnen til at ein finn forskjellig grunnlag for danning av spelemannslag: Tinn Spelemannslag (1912) vart danna på ei tid der det var relevant å ta vare på det gamle nasjonale felespelet så korrekt som råd, medan Spelemannslaget Bøheringen (1934) og Falkeriset folkemusikklag (1953) vart danna mykje fordi spelemenn såg det nødvendig å gå saman mot trekkspellet. Mange spelemenn ønskte å få ei ny kveik over felelåten, og kome saman med andre spelemenn for å prate og lære nye slåttar. Fjellrosa spel- og dansarlag (1932) og Spelemannslaget Vårlengt (1960) vart danna med 28 års mellomrom, men baae laga kom til i høve industrien då mange frå bygda flytta til byene for å jobbe. Med innflyttarane kom folkemusikkinteressa til områder utan særleg sterk folkemusikktradisjon. Det nyaste laget blant dessa, Seljord folkemusikklag (1994) vart danna for å vere ein forvaltningsarena, sosial arena og arbeid for fremjing av folkemusikkarbeid. Som ein ser, har spelemannslaga lang historikk med unntak av Seljord – men sjølv på 1990-talet har det blitt sett behov for å skipe spelemannslag.

Laga skil seg noko frå kvarandre når det gjeld føremålsparagrafane, og spelgar tida dei er skrivne i. Av desse seks, er det Spelemannslaget Bøheringen (revidert føremålsparagraf frå 1984) Seljord folkemusikklag, Tinn Spelemannslag, Fjellrosa spel- og dansarlag og Spelemannslaget Vårlengt som går direkte eller indirekte på opplæring og / eller rekruttering, medan Falkeriset folkemusikklag sitt føremål er å vere ein arena for folkemusikk på Rauland.

I stiftinga av laga ser ein at menn har vore sentrale i prosessen. Dette gjeld alle lag utanom Seljord folkemusikklag der Ragnhild Knudsen og Torunn Raftevold Rue var sentrale. I historisk lys kan ein sjå at kvinner sjeldan har hatt noko rolle i spelemannslaga. Dette har endra seg med tida og i dag er kvinner like aktive i spelemannslag og styre som menn.

Ein fellesnemnar for fleire av spelemannslaga er Lars-Ingar Meyer Fjeld. Meyer Fjeld har vore involvert i alle spelemannslaga eg har tatt føre meg, på forskjellig vis. Meyer Fjeld har to kulturskuleelevar i Fjellrosa, han deltek på kappleik for Vårlengt, er kulturskulelærer i Bø og Tinn, og musikalsk leiar i Bøheringen og Tinn spelemannslag.

Meyer Fjeld har fordjupa seg i slåttespellet frå Tinn men spelar elles slåttar frå fleire tradisjonar, og han fortalte meg at det nok har blitt meir *Tinnspel* i Bøheringen no når han er musikalskleiar enn kva det var før. Tidlegare hadde Johannes Sundsvalen i Spelemannslaget Bøheringen ein liknande rolle som vandreleiar i samarbeid med FOT. Han var mellom anna lærar i Bø, Seljord, Nome, Notodden og Porsgrunn. Meyer Fjeld er med andre ord den omvandrande læremeisteren som Stuvøy ynskja seg i FOT. Lars Erik Skjøtskift Øygarden i Falkeriset folkemusikklag er òg døme på kulturskulelærarar frå dette prosjektet som vore involvert i andre kulturskular, mellom anna Seljord.

I vedtektene til Falkeriset, Seljord, Bøheringen, Fjellrosa og Vårlengt vert kappleik trekt fram som ein viktig sosialarena, både for å delta i lag eller individuelt. Det er òg viktig å skipe til kappleik. Alle laga har skipa fleire kappleikar, fylkeskappleikar og alle lag utanom Tinn har skipa Landskappleik(ar).

## 5 Drøfting

Tema for drøftinga er sett i lys av korleis dei seks spelemannslaga jobbar med punkta rekruttering, opplæring og sosial arena, samt konsekvensane av institusjonalisering per 2017.

Dette blir belyst med Pierre Bourdieus kapitalteori, Robert Redfield og Peter Burkes teori om den store og vesle tradisjon. Eg vil òg nytte organisasjonsutvikling av Kristen Ulstein, Jan H. Heitmann og Per Selle.

Intervju med lagsleiarar og/eller musikalske leiarar i spelemannslag og lærarar i kulturskulen, samt svar frå spørjeundersøkinga, er grunnlaget for å kaste lys over dagens forhold mellom spelemannslag og kulturskulen. Medlemstal frå FolkOrg er lagt ved for å få eit overblikk over kor mange medlemmer laga har, alder og kjønn.

Firedelinga rekruttering, opplæring, sosial arena og institusjonalisering er valt for å gjere drøftinga oversikteleg. Særleg er opplæring og sosial arena to område som går mykje inn i kvarandre når det gjeld spelemannslag. Ein spelemannslagsøving er både for opplæring og som sosial arena for mange, samstundes som spelemannslaga ikkje er ein arena der urøynde utøvarar byrjar å spele. Her er opplæringsarena satt under punkt for sosial arena.

## 5.1 Rekruttering

Med rekruttering meinast medlemsfordeler, kappleik, konserter og marknadsføring.

### 5.1.1 Medlemsfordeler som rekrutteringstiltak

1. Medlem i eit lokallag knytt til FolkOrg får lov til å delta på kappleikar i regi av FolkOrg og Landskappleiken samt at ein får redusert pris på inngangsbilletten til Landskappleiken.
2. Mange spelemannslag, som Tinn og Fjellrosa er med på å støtte deltakaravgift på sjokoladekappleik, kappleikar, kappleiksturar og andre aktivitetar som er relevant i høve forvaltning av lagets tradisjon.
3. Som medlem i eit spelemannslag får ein tilknytning til folkemusikkmiljøet.

Eg har ikkje sterkt metodisk grunnlag for dette, men det kan vere verd å drøfte noko kring medlemsfordelane likevel. Medlemsfordelane er kanskje ikkje store, men likevel er dette ting som nok kan vere med på å bidra til at det kan vere lettare å sei ja til å vere med i eit spelemannslag.

Eit viktig påskot for å vere med i eit spelemannslag er at ein får lov til å delta på Landskappleik i regi av FolkOrg. Dette gjeld spesielt for barn over 12 år då dette er minstegrensa for å kunne delta på kappleik utan å vere rekrutt og ein i då i større grad er knytt til eit spelemannslag. Både Fjellrosa, Tinn, Bø og Seljord er lag som stikker seg spesielt ut når det gjeld kappleiksdeltaking, særleg med yngre. I Fjellrosa tek leiaren i laget med barn på sjokoladekappleikane i Bø og Seljord, og i Tinn har engasjerte foreldre spelt ein viktig rolle som sjåfør til kappleikar og sjokoladekappleikar. Pengar laget har i kassa vert ofte nytta til å dekke kostnader knytt til kappleik, særleg for barn og unge. Desse pengane kan ha kome frå betalte speleoppdrag. Det er rimeleg å tru at det å skape ein atmosfære på fritida for barn og unge som kan bidra i å gjere det vesle ekstra for medlemmene.

Å få tilknytning til folkemusikkmiljøet gjennom eit lokallag gjev både sosial og kulturell kapital, og for mange er dette knytt til identitet. Å kunne vise fram lag og tradisjon frå sitt eige område kan vere ein motivasjon for å delta på kappleik eller vere

medlem i eit spelemannslag, medan dei som berre tilhøyrar FolkOrg mister noko av tilhøyrsla til tradisjonen og dermed ein viktig identitetsmarkør. Til dømes vil ikkje eit kappleikspublikum kunne vite kva ein utøvar for FolkOrg vil spele av slåttar, medan ein utøvar frå til dømes Falkeriset folkemusikklag er det venta at skal spele slåttar frå Vest-Telemark. Med andre ord er ein utøvar frå FolkOrg meir eit namn enn ein utøvar frå eit lokallag som har tradisjonsforankringa meir synleg.

### 5.1.2 Kappleik

I *Kulturutredningen* vert det teke opp at festivalfrivillighet er ein form for deltaking som er meir utforpliktande og meir innretta på å tilfredstille ein søken etter meningsfull aktivitet «her og no» enn tilfellet er med den tradisjonelle kulturfrivilligheita (DSI, 2013, s. 270).

Kappleik er ein festival, og kappleiksfrivillige (festivalfrivillige) er ikkje nødvendigvis medlem i spelemannslag. Dersom det ikkje finst nok medlem i laget som stiller seg frivillige vert gjerne personar som har vore medlem i laget tidlegare eller personar med interesse for folkemusikk (i tillegg til samarbeidspartnarar). For dei som er kappleiksfrivillige, ligg det nokre «godar» som at ein kan få gratis mat /måltid og inngang på kappleiken. Ein får òg opplevd ein del av det sosiale fellesskapen og på sett og vis få bygd opp sosial kapital i folkemusikkmiljøet med at ein får observert kva som skjer, får høyrd spel og kanskje vel så viktig: kappleiksdeltakarane observerer gjerne kven som er tilstade på ein kappleik og dermed er det truleg at ein frivillig vert hugsa og blir tatt inn i varmen ved anna høve.

Ein vanleg kappleik vert skipa anten fordi det står i føremålsparagrafen at spelemannslaga skal gjere det, men det å skipa kappleik er òg ein viktig og synleg måte å skape merksemd rundt tradisjonen, laget og einskilde spelemenn. I dag vert alle seks laga representert på kappleik, og har til felles at dei har blitt det trass i nedgangstider. Det er viktig for utøvarane å ha kappleik som arena, og kappleikane har nok vore ein viktig motivasjon for å halde saman som lag. Ikkje alle deltek på kappleik som lag, men det å ha eit lag å representere verkar som eit viktig element.

Spelemannslag som identitetsmerke er kanskje ikkje noko barn og unge i kulturskulen tenkjer over, men for leiarar og eldre medlem kom det tydeleg fram at dette er viktig. Gudrun Straand sa i intervju at for hennar del er det uaktuelt å stille på

kappleik utan eit spelemannslag, då det ligg identitet i det. Lars Erik Skjøtskift Øygarden sa at for hans del ligg det òg er eit element av lokalpatriotisme for å vise fram laget frå sitt eige område. Det ser ut til at det er i kappleikane mykje av spelemannslaget si ånd kjem fram, og dette kanskje er mykje av grunnen til at mange spelemannslag som har vore «nær døden», framleis eksisterer i ein eller annan form.

Det kan òg sjå ut som at mange spelemannslag har det å overleve som mål framfor å auke i vekst. Vedtektene til dei fleste laga seier at lag berre kan oppløysast av årsmøtet med minst tre fjerdedels fleirtal, og ikkje dersom minst fem medlemmer går mot det. Dersom eit lag blir oppløyst, og arbeidet ikkje er tatt oppatt på sama grunnlag innan ti år, kan LfS (no FolkOrg) avgjera korleis laget sitt eige skal takast vare på og eventuelt brukast i distriktet til formål laget har arbeidd for. I Vårlengt skal lagsmedelen gå over til Telemark Folkemusikklag og Bøheringen skal det setjast eit fond og bli oppnemnt ei nemnd av Bø kulturstyre tek avgjerd om bruken av fondet dersom laget ikkje er i gong att innan 10 år. Som ein ser utifrå dette, er det ein ganske lang prosess for at eit spelemannslag skal bli lagt ned, både i forhold til kor mange røyster som trengst for at laget skal bli oppløyst og kor mange år det tek før laget blir lagt ned. Samstundes kunne nok fleire lag godt ha auka i vekst, for å sikre kontinuitet når eksisterande medlemmer vert for gamle til å kunne ta på seg til dømes styreverv og skiping av kappleikar.

Alle kulturskuleelevar blir oppmoda til å delta på kappleik. I spørjeundersøkinga hadde ni av tretten deltatt på kappleik. Det kjem fram at desse barna jamt ser på kappleik som ein god arena. Fleire svarte at det er moro å opptre og at det ligg mykje læring i det. Eit svar var at kappleiksdeltaking har hjelpe for å bli mindre nervøs mellom anna når det gjeld å skulle framføre noko på skulen. Andre har svart at det er spennande å sjå om ein utviklar seg og moro å møte andre som speler. For dei som ikkje har deltatt på kappleik ligg det i at dei ikkje føler seg gode nok, eller er sjenerte. At kulturskuleelevar får tilbod om å vere med på kappleik opplever eg som eit viktig rekrutteringstiltak fordi elevane får opplevd eit miljø rundt sitt eige spel som kan styrke sin eigen posisjon i folkemusikkmiljøet. Det er nok òg viktig for barn og yngre å oppleve at det er fleire på deira alder som held på med folkemusikk, ikkje berre vaksne og personar godt oppi åra. Gudrun Straand i Fjellrosa synes det er viktig å stimulere kulturskuleelevane til å vere med på kappleikar for å høyre godt spel, bli kjent med spelemenn og -kvinner, og bli



kjent med arrangement for etter kvart å sjølv kunne delta.

Med ein slik stimulering får kulturskuleelevane òg opparbeida seg sosial kapital innan folkemusikkmiljøet som dei nødvendigvis ikkje ville fått berre gjennom kulturskulen. Dei får mellom anna lært og observert kodene i folkemusikkmiljøet, og kappleiksdeltaking gjer ein får eit namn i folkemusikkmiljøet. Det vil seie; namn på resultatlistar gjer at folk får vite kven du er, og dei som er i salen er eit svært kunnig publikum som får høyrd spelet ditt.

For Fjellrosa har det vore viktig å ha representantar for laget på kappleik, spesielt når laget låg brakk. Straand trur det er ganske vesentleg å stille på kappleik for eit lag sjølv om det ikkje er noko regelmessig aktivitet i det. Dette har truleg bidrege til at spelemannslaget har "overlevd" motgang, sidan deltaking på kappleik viser at det er liv i spelemannslaget og framleis mogeleg for interesserte å bli medlem. Når ein ser at fleire lag har slitt med nedgangstider, men ikkje har blitt lagt ned, så kan nok dette vere fordi ein ser ein identitetsverdi i å kunne delta på kappleik for laget.

For å skipe ein lokalkappleik krevst det eldsjeler og motivasjon. Ikkje alle lag greier å skipe til kappleik – dette kjem mellom anna av dårleg publikums- og utøvaroppslutnad og at det er ressurskrevjande å skipe ein kappleik. I tillegg skjer det veldig mykje i folkemusikk-Noreg per 2017. Straand sa at dette er ein av grunnene som gjer det vanskeleg å skipe kappleik for Fjellrosas del. Det er trongt om plassane og både publikum og frivillige har mange val som kan gjere det vanskeleg å få «tid til alt», særleg når kappleikane ofte vert skipa i sommarmånadane. I perioden 2015 – 2017 har Fjellrosa vore med og arrangert hardingfelekappleik med Norsk hardingfelesenter og Brattrein Hotell på Notodden. Hardingfelekappleik er ei helg med fokus på hardingfele og hardingfelespel, med tevling og konsertar. Samtidig har det vore folkemusikk-kurs på Notodden i spel, dans og kveding. På hardingfelekappleikane vart det sett opp rekruttklasse for hardingfeleeelevar under 14 år, men berre to barn som har deltatt. I år 2016 freista hardingfelesenteret med å premiere vinnaren med to speletimar hjå anten Knut Buen, Ottar Kåsa eller Torgeir Straand, men heller ikkje dette gjorde oppslutninga noko større, og det ende med at dei to rekruttane vann tur med Torgeir Straand til Knut Buen.

I Vårlengt er det tydeleg at laget slit med å få til det sama miljøet dei hadde på den tid *Folkemusikkdagane* vart sett på som den største og viktigaste hendinga i

folkemusikkmiljøet etter Landskappleiken. *Folkemusikkdagane* låg mellom anna i brakk frå 2011 til 2016, men har no fått noko oppsving og eit håp om å kunne få att noko av den "gamle" *Folkemusikklaget i Porsgrunn* og få liv i laget att som sosial arena.

På Rauland blir kappleiken i hovudsak skipa av høgskulestudentane, men Falkeriset stiller ofte opp som med-arrangør og har mykje ansvar for å stille med frivillige. Sidan folkemusikklaget ikkje har noko særleg hovudansvar i høve skipinga, gjer dette at laget ikkje har stor risiko for å bruke mykje ressursar på å skipa ein kappleik, men får likevel ha kappleik som ei fast hending.

Ein likskap med alle kappleikane er at dei vert skipa på eige initiativ frå spelemannslaga, medan sjokoladekappleik er eit resultat av at folkemusikken har kome inn i kulturskulen og vert skipa i samarbeid med juniorspelemannslag (under kulturskulen) og spelemannslag. I tida dei fleste lag vart skipa i var det ikkje vanleg at barn skulle bli inkludert i dei vaksne sine aktiviteter. Ifylgje Ulstein vart barn og unge i det tradisjonelle samfunnet betrakta som ein masse som måtte bli sosialisert gjennom skule og oppvekst, for å kunne gjere nytte av seg i vaksen alder. Skiljet mellom barn og vaksen varte fram til 1950-talet når ungdom byrja å etablere si eiga identitet og ungdomskultur vart eit omgrep (Ulstein, 1998, s. 60). Dette kan vere ein grunn til at spelemannslaga tradisjonelt sett ikkje har vore noko arena for barn.

### 5.1.3 Konsert

Konsertar vert ofte arrangert i høve folkemusikkpub. Etter konserten er det ope for dans, song og buskspel. Dette er ein måte å samle både eldre og yngre folkemusikkinteresserte til uformelt samvær. Sidan folkemusikkpubane oftast blir skipa på ein vanleg pub, hender det at personar utanfrå folkemusikkmiljøet tek del og kan bli interessert. Dette er døme på publikumsutvikling innan folkemusikken. Publikumsutvikling kan føre til rekruttering med at det vert skipa folkemusikkonsertar utanom dei tradisjonelle lokala og dermed få relasjonsbygging til nye publikumsgrupper.

Eit speleoppdrag med spelemannslag kan vere ein måte å bli scenevand på. Det er ikkje ofte eit lag held ein heil konsert, men det kan vere at lag har innslag på diverse konsertar der enkelt.utøvarar er i fokus. Ungdomane i juniorlaget Tinndølan held mellom anna sine eigne konsertar med spel, dans og kveding. Desse hatt profesjonell instruksjon og regi på sine konsertar og slik kan ein her snakke om ei viss

profesjonalisering. Den profesjonelle instruksjonen har dei fått av lærarar som òg er profesjonelle utøvarar i folkemusikkmiljøet.

Døme på konsertar utan profesjonell regi, er mellom anna konsertane Spelemannslaget Bøheringen og Bø juniorspelemannslag held når dei er med på den årvisse opninga av Telemarkfestivalen i Bø. På mange kappleikar er det òg vanleg at det vert skipa konsert fredagskvelden før tevlinga om laurdagen. I dag er det vanleg mellom anna for fredagskveldane i kappleikar skipa av Bøheringen og Seljord at spelemannslaget spelar nokre slåttar og får presentert seg og kappleikshelga for publikum.

#### 5.1.4 Marknadsføring

Alle spelemannslaga utanom Bøheringen har Facebook-side. Vårlengt er det einaste laget som tydeleg annonserer om når dei har øving på informasjonen om sida medan dei andre laga annonserer mellom anna danseøving, kurs og andre arrangement i varierende grad. Dersom spelemannslaga ikkje hadde «knuga» på informasjonen om øvingstider hadde det kanskje kome fleire på øving. I det minste hadde det vore lettare å finne informasjon for dei som er interessert i å ta del i slik. Kanskje Fjellrosa hadde greidd å bygge opp eit spelemannslag om ein hadde gått ut i breidda og annonsert om øving? Kanskje det hadde møtt opp fleire på øvinga til Vårlengt om dei til dømes hadde hatt fellesøving med eit anna lag ein kveld i månaden?

Det laget som går fram som godt døme når det gjeld marknadsføring er Tinn spelemannslag. Dette har kome til med hjelp av eldsjela Unni Boksasp som vart tilsett som prosjektlærer i musikkskulene i Tinn kommune tidleg på 2000-talet. I 2011 kom juniorlaget Tinndølan til består av dei eldste i kulturskulen. Desse kom til finalen i talentprogrammet *Norske talenter* på TV2 våren 2017. Tinndølan reklamerer sjølv på si Facebook-side at dei tek imot underhaldningsoppdrag med kveding, spel og dans.

Men utanom Tinn spelemannslag, kan det verke som at ein del spelemannslag har stivna noko når det gjeld å appellere til nye utøvande medlem. Ein grunn til at det ikkje er mykje informasjon kring øvingar, kan vere fordi medlemmane har vorte vand med ei lita gruppe kjentfolk som ein har det er sosialt med. Heitmann og Selle kommenterer at motsetnadane i organisasjonsteori ofte handlar om forholdet "dei gamaldagse" mot "dei moderne" og kallar det for dei som tek nye omgjevnadar innover seg, versus dei som lukker seg ute frå omgjevnadane (Heitmann & Selle, 1999, s. 12). Spelemannslag

kan nok bli karakterisert som ein stad der alle kjenner alle og det sosiale er vel så viktig som spelinga. Kanskje ein frykt for at det kan bli upersonlege øvingar.

Med slike haldningar kan det virke som at ein ynskjer at folk skal ta del i aktivitetar, men ikkje alt. Det blir ein ekskludering der informasjon om høving og aktivitet forblir ein godt bevart hemmelegheit og informasjonen når berre dei innvidde.

Spelemannslaget kan på sett og vis «bestemme» kven dei vil ha med. På ein slik måte kan øvingane i spelemannslaget stå fram som noko berre utvalte personar får lov til å ta del i. Det er ikkje alle lag som sit med korta tett til brystet, men nokon.

Ulstein viser til ein analyse av organisasjonens nærmiljø som kan knyta til omgrepa *venlegheit, stabilitet og kompleksitet*. Særleg omgrepet venlegheit dreier seg om omgjevnadens haldning til organisasjonen. «Det sier seg selv at negative elementer i omgivelsene først og fremst får negativ innflytelse når organisasjonen er avhengig av disse elementene» (Ulstein, 1998, s. 70).

I lys av dette kan ein sei at spelemannslaga i byene nok lettare kan få problem med korleis omgjevnadane rundt dei tek del i organisasjonen, i motsetnad til i bygdene der tradisjonskjensla kanskje ikkje alltid er like sterk, men det nok er noko som ligg nærmare sjela til fleire.

### 5.1.5 Oppsummering

I dei fleste spelemannslag er det jamt over mykje fokus på rekruttering, men ikkje alle laga får det til i like stor grad. Alle laga har til felles at dei har vore prega av bylgjedal med lite aktivitet og år med høg gjennomsnittsalder på medlemmene – forutan Seljord folkemusikklag som er eit såpass nytt lag at det er i ein tidleg bløming, men ifylgje leiar Knudsen har laget opplevd både opp og nedturar når det gjeld aktivitet i løpet av dei 16 åra laget har eksistert. Dette gjer at dei ikkje har opplevd drastisk bylgjedal på lik måte som dei eldre laga. Saman med Tinn, peiker Seljord seg særleg positivt ut når det gjeld rekruttering. Seljord har heile vegen vore interessert i å få med yngre i spel.

Tinn og rekrutteringsbylgja som har kome der, er spesielt verd å merke seg. Det som har skjedd i Tinn er at dei ved hjelp av rekruttering har greidd å gå frå å knapt ha nokon medlem, til å i dag ha eit yrande miljø med overvekt av yngre som er med å dreg lasset. Medlemmene i juniorlaget Tinndølan består av einskildmedlemmer i spel, dans og kveding som representerer Tinn spelemannslag på kappleik og har satt

Tinntradisjonen på kartet med god kappleiksdeltaking og konsertar dei siste fem åra rundt om i Telemark og på Landskappleikar.

Fjellrosa og Vårlengt er laga som slit spesielt med rekruttering. Dette kan vere på grunn av posisjonen folkemusikken har i byene i motsetnad til i bygdene. I Tinn, Rauland, Bø og Seljord har folkemusikk stått sterkt i identitetsbygginga, medan Porsgrunn og Notodden er industribyer med industrien som identitet og slik har større avstand til folkemusikkmiljøet enn det bygdefolka har. Både Fjellrosa og Vårlengt var store lag på 1960-talet og utover, men det merka at eldsjeler har falt frå.

Eit generasjonsskifte i Fjellrosa med Gudrun Straand som ny leiar frå 2016 og kulturskulelærer frå 2013 har gjort at det i dag er fleire engasjerte foreldre med i lagets styre som er opptatt av rekruttering.

I Spelemannslaget Vårlengt fell mange av medlemmene frå eller bur på gamleheim og er difor passive støttemedlem. Lars-Ingar Meyer Fjeld (født 1992) er av dei yngste i laget og er ein av få som representerer laget på kappleik. Laget opprettheld tanken om at det fins folkemusikkmiljø i Porsgrunn, trass dårleg rekruttering dei siste åra. Fjellrosa har ikkje noko aktivt spelemannslag, og driv no og bygger seg opp etter år i dvale og med nedgangstider. Nye eldsjeler bergar laget med å skipe kappleik, folkemusikkpubar og kurs i samarbeid med kulturskulen.

I eit kjønnsperspektiv er det verd å sjå på Seljord, Tinn og Fjellrosa. Ragnhild Knudsen frå Oslo og Torunn Raftenvold Rue frå Hornindal (Seljord), Unni Bokstap frå Nordmøre (Tinn) og Gudrun Straand frå Bø (Fjellrosa). Felles for desse fire er at dei er innflyttarar og har fått til auka rekruttering i spelemannslaga. I seinare år ser ein at den sterke kjønnsinndelinga har avtatt, og kvinner har fått fleire og meir sentrale roller i organisasjonslivet (Ulstein, 1998, s. 61). Ettersom spelemannslaga tradisjonelt var mannsdominert når det galt spel, og kvinnerolla var å steike vaflar og koke kaffi, er det no tydeleg at kvinnene har hatt ein sentral rolle i dei laga som i nyare tid har lukkast mest med rekruttering. I spørjeundersøkinga var eit svar at folk ikkje kjem om øvingane i eit juniorlag ikkje tilbyr mat, sosialt, leik og litt spel «folk kommer ikke hvis det ikke er gøy». Ein kan spørje seg om det ligg lettare for kvinner å gjere ting koseleg enn for menn, til dømes i spelemannslagssamband der kaffi og vaflar er med på å skape god stemning. At det er kvinner som innflyttarar kan òg vere eit relevant punkt. Dei som er utanfrå har kanskje eit anna syn på rekrutteringssituasjonen enn dei som allereie bur der.

Spelemannslaga totalt sett fornyar seg dårleg når det gjeld bruk av sosiale media.

I dagens samfunn er dette ein viktig informasjonsarena som særleg appellerer til yngre, og generelt er sosiale media ein informasjonsplattform som mange nyttar seg av. Heitmann og Selle peiker på at det er viktig for mange organisasjonar å vurdere informasjonssystemet sitt, særleg kva informasjonsteknologien som internett kan brukast til. Internett endrar mellom anna føresetnaden for kommunikasjon mellom medlemmene, mellom leiinga og medlem og mellom organisasjon og samfunn i heilt avgjerande grad (Heitmann & Selle, 1999, s. 66). Heitmann & Selle skriv òg at mange eldre organisasjonar slit med haldingar og røyndomsopfatningar, arbeidsformar og tradisjonar som slett ikkje passar for den nyare tid. Dei evner ikkje å omstille seg når utviklinga går dei imot (Heitmann & Selle, 1999, s. 11).

## 5.2 Opplæringsarena

Med opplæringsarena meinast kva laga skipar til av kurs, øvingskveldar med dansespel og samspel.

### 5.2.1 Kurs

Sidan 2015 har kurset "Folkemusikkdag i Vinje" vorte skipa ein til to gonger i året. Kurset er retta til barn og unge i heile Telemark i alderen 7 til 17 år. Vinje kulturskule har hovudansvar for dette i samarbeid med Falkeriset folkemusikklag og Vinje spel- og dans med Ellen Nordstoga i spissen. Fjellrosa spel- og dansarlag har òg skipa folkemusikkurs i dans, kveding og spel for barn og unge sidan 2015 og vert skipa ein til to gonger i året. Både kursa i Vinje og på Notodden har trekt til seg kring 30 påmelde. Fleire av deltakarane er ofte elevar i kulturskulen.

Vårlengt skipar kurs i dans, kveding og munnharpe ved hjelp av eldsjeler i laget. Dette er kurs av mindre omfang enn det Falkeriset og Fjellrosa skipar. Kursa til Vårlengt er kveldskurs som går over fleire veker. Per 2017 har spelemannslaget kome i kontakt med kultursjefen i Porsgrunn og håpar på å få til samarbeid slik at ein kan få folkemusikk inn i kulturskulen att. Leiar Gunnar Blomhaugen saknar mest rekruttering på hardingfela og sa i intervju «utan spelet hadde ikkje dansen vore noko, og omvend». Ein kan med andre ord ikkje berre rekruttere dansarar, ein må rekruttere spelemenn òg for å få eit

miljø. Men diverre er det ikkje interesse for kurs i hardingfelespel for tida i Porsgrunn. Det opplevast at det vert eit fråfall av yngre i Vårlengt. Dei som er med på kurs tek ikkje neste skritt, det vil sei; etter avslutta kurs vert oftast ikkje kursdeltakarane med på ordinære øvingar og liknande – og dermed aukar ikkje tilslutninga til folkemusikkmiljøet i Porsgrunn noko meir grunna kursverksemd. I fylgje leiar Blomhaugen har Vårlengt òg problem med å appellere til dei yngre. Dei slit med å få yngre deltakarar til å delta på kurs, og opplever ofte at dei som har vore med på kurs ikkje møter opp på vanlege øvingskveldar. Det er med andre ord eit problem at folk møter opp på kurs, men ikkje tek steget vidare og blir ein del av spelemannslaget. Blomhaugen nemnde dansaren Arnhild Brennesvik som ein viktig ressurs i laget, som mellom anna er tilsett som danselærer i Sauherad kommune. Igjen kan ein sjå på miljøfaktor som kan bli skapt av kvinne-engasjement. Blomhaugen peika på at han synes det er noko rart at dei ikkje har greidd å få fleire yngre med nettopp når Brennesvik er med. Men samstundes er Brennesvik sitt område dans og ikkje spel, og det kanskje ikkje er nok med ei kursleiar i dans for å appellere til dei yngre.

Sidan hausten 2015 har Bø kulturskule i samarbeid med Telemark folkemusikksenter arrangert fordjupingskurs i folkemusikk for motivert ungdom i heile Telemark, med kring seks samlingar i året. Fordjupingskurset medverkar òg på Telemarkfestivalen. Kulturskulerektor Guro Røsok informerte meg i e-post om at rekrutteringa skjer i samarbeid med lærarane i kulturskulene i fylket og folkemusikkklaga. Ungdom frå Seljord, Tinn, Kviteseid, Bø, Gransherad og Vinje er med, alderen på elevane er frå 13 til 19 år. Kursa er i telemarktradisjon, og det er tilbod i hardingfelespel, kveding og munnharpe. Det er ni hardingfeleeelevar med i kurset som går frå 2017 – 2018. Hardingfeleelærarar er Lars-Ingar Meyer Fjeld og Johanne Flottorp frå Åmli i Aust-Agder.

Medlemmene i Falkeriset, Vinje spilemannslag, Seljord og Spelemannslaget Sullarguten i Tokke kommune utgjer interesselaget Vest-Telemark storspelemannslag med øvingar og kursverksemd 4-6 gonger i året. Med jamne mellomrom lærast det nytt fellesrepertoar på øvingane, i tillegg er det ein del opplæring knytt til storspelmannslaget i form av kurs. For medlemmane i Storspelemannslaget er det viktig å kome saman for det sosiale, for å spele saman men òg for å dyrke solospelet. I praksis spelar laget ein del i samspel, med ein lærar som lærer bort sin form til alle. Dette kunne vore aktuelt for andre spelemannslag å gjere.

## 5.2.2 Oppsummering

Av desse seks spelemannslaga er det berre Seljord som har eit opplegg i laget for opplæring av nye medlemmar. Spelemannslaga utmerker seg ikkje å vere ein opplæringsarena, dette er oppgåve som kulturskulen har fått. Ein ser at der spelemannslaga har fått suksess med kurs, er kulturskulen involvert.

Det kjem fram at eit spelemannslag ikkje er ein institusjon for opplæring, men ein arena for utøving, noko som kan gjere at utøvarane som kjem på speleøving synes det er unødvendig tidsbruk og kanskje umotiverande å skulle bruke kvalitetstida si på speløving med å lære bort slåttar på nybyrjarnivå, tak for tak. Eit viktig funn frå Seljord er at dei løyser dette ved å dele opp: dei som er ferske går med musikalsk leiar og øver ein annan stad fyrst til dei er klare for å spele i lag med heile gruppa.

## 5.3 Sosial arena

I det fylgjande blir det sett nærmare på spelemannslaga som sosial arena, kappleik som sosial arena og øvingskveldar. Det er òg i den sosiale arenaen at ein i stor grad får bygd opp sosial og kroppsleg kapital i folkemusikkmiljøet.

### 5.3.1 Spelemannslag som sosial arena

Om medlem i organisasjonar skriv Heitmann og Selle:

Aktive medlem har vært *grunnmuren* i det frivillige organisasjonsvesenet. Sammenlignet med andre land har norske frivillige organisasjoner rekruttert uvanlig bredt sosialt (Heitmann & Selle, 1999, s. 76).

I dei seks spelemannslaga per 2017 har FolkOrg oppgjeve medlemstala slik:

Lag	Medlem totalt	Kvinner	Menn
Bøheringen	22	10 Fem i alderen 30 – 40 år Tre i alderen 40 – 80 år	12 Seks i alderen 20 – 40 år To i alderen 60 – 70 år



Falkeriset	46	19 Ein under 30 år Resten i alderen 30 – 60 år	30 Ein under 30 år Resten i alderen 30 – 75 år
Fjellrosa	17	6 Seks i alderen 31 – 63 år	11 Ti i alderen 34 – 86 år
Seljord	30	21 Eleve i alderen 15 – 30 år Ti i alderen 30 – 70 år	9 Fire i alderen 15 – 30 år Fire i alderen 30 – 60 år
Tinn	42	21 Femten i alderen 9 - 30 år Seks i alderen 40 - 70 år.	21 Eleve i alderen 9 – 30 år To i alderen 40 - 60 år
Vårlengt	18	10 Ikkje oppgjeve alder	8 Ein i alderen 25 år Fire i alderen 47 – 69 år Resten har ikkje oppgjeve alder

Desse tala er inga indikator på kor mange av medlemmene som er aktive. Ikkje alle medlemmene hadde oppgjeve alder, men det er tenkeleg at dei som er mest aktive på kappleik og liknande er dei under 70 år. Ofte kan ein sjå at dei over 70 er ein alder der motorikken i fingrane ikkje er like rask som tidlegare, men dette er ikkje alltid tilfelle.

Som ein ser utifrå denne tabellen er Seljord er eit ungt lag med flest medlem i aldersgruppa 15-30 år.

Laga som har lukkast med rekruttering er dei med flest eller like mange kvinner. Dette kan vere med å avlive myta om at spelemannslag berre er for menn. I Seljord, er det ein overvekt kvinner, medan i Tinn er kjønna jamt fordelt. Ein ser elles at medlemstala i Fjellrosa og Vårlengt ikkje skil seg veldig frå kvarandre.

Overraskande er det kanskje at Bøheringen berre har 22 medlem, medan Seljord som ligg tre mil unna, har 30 medlem. Seljord har òg yngre medlemmer enn Bøheringen. Dette kan nok kome av at hardingfelelærarane i Seljord oppmodar kulturskuleelevane til å bli medlem i laget.

Tinn og Falkeriset stiller sterkast med flest medlemmer, men Falkeriset har berre to medlem som er under 30 år, resten er mellom 30 – 75 år. I Tinn er 26 av medlemmene mellom 9 – 30 år. Her ligg majoriteten både i yngre medlem og jenter. Sett med ein annan vinkel, er fleire yngre medlem i Tinn enn det er medlemmer totalt i både Bøheringen, Fjellrosa og Vårlengt.

Gjennom spelemannslaga får ein bygd opp sosial kapital med å bli kjend med utøvarar på øving, kurs og felles kappleiksturar, medan den kulturelle kapitalen kan bli kan opparbeida gjennom utøving. Den kulturelle kapitalen vert bygd opp med slåttelæring og overføring av generell tradisjonskunnskap. Kulturell kapital får ein òg gjennom kven ein har lært å spele av. Det er utøvinga som er det gjæve i folkemusikken, som kan gjere ein person høgt verdsatt i folkemusikkmiljøet. Om ein kjem til folkemusikkmiljøet og held ei hardingfele som ein fiolin blir ein eller ikkje naudsamd godt motteke., og kven ein har lært samt kor mykje ein meistrar slåttane og gjerne vanskelege slåttar gjev status. Dei som har lært seg slåttar på gamlemåten får ofte større sosial kapital i folkemusikkmiljøet enn dei som har lært etter notar.

For ein som kjem utanfrå kan folkemusikkmiljøet fort opplevast som traust, inneslutta miljø det er vanskeleg å kome inn i, der folk berre går i bunad og gjennomsnittsalderen er høg. Når ein derimot har brukt tid i miljøet, vil ein bli kjent med kodane og oppdage at folkemusikaren ikkje brukar bunad til kvardags. Til dømes er lusekopte og svart brok vanleg for karane når dei skal delta på kappleik. Ein finn òg både yngre og eldre i miljøet. Dette har med kapital å gjere.: Dei som er vaksen opp med folkemusikk i heimen får opparbeida den kroppsleg kulturelle og sosiale kapitalen til folkemusikk frå ung alder. Det kan krevje sitt for å få innpass i folkemusikkmiljøet dersom ein ikkje er vaksen opp med folkemusikk i heimen. For å bygge opp kroppsleg og sosial kapital må ein vere aktiv i folkemusikkmiljøet og det er med dette ein kan kome inn på spelemannslaga si rolle. Gjennom spelemannslaga får ein bygd opp sosial kapital med å bli kjend med utøvarar på øving, kurs og felles kappleiksturar.

### 5.3.2 Kappleik som sosial arena

I det store bilete kan ein sei at dei frivillige organisasjonane i Noreg slit. I *Kulturutredningen 2014* vert det trekt fram at både dei som vier mykje tid til frivillig arbeid og det aktive medlemskap er svekka etter tusenårsskiftet.

Omfanget av befolkningens tidsbruk på frivillig arbeid innenfor kategorien kunst og kultur har vært svakt økende etter årtusenskiftet. På tross av dette er de frivillige lokallagene på kunst- og kulturområdet i nedgang (DSI, 2013, s. 266).

Meldinga seier at dette truleg skuldast at frivillige engasjement vris over mot festivalar og kortvarige arrangement. Det er generelt lettare å få folk med dersom det er eit engasjement som går fort over enn å forplikte nokon til dømes eit styreverv som går over eit år. Vidare i *Kulturutredningen* vert det teke opp at festivalfrivillighet er ein form for deltaking som er meir utforpliktande og meir innretta på å tilfredstille ein søken etter meiningsfull aktivitet «her og no» enn tilfellet er med den tradisjonelle kulturfrivilligheita (DSI, 2013, s. 270). Kappleik er ein festival, og kappleiksfrivillige (festivalfrivillige) er ikkje nødvendigvis medlem i spelemannslag. Dersom det ikkje finst nok medlem i laget som stiller seg frivillige vert gjerne personar som har vore medlem i laget tidlegare eller personar med interesse for folkemusikk (i tillegg til samarbeidspartnarar). For dei som er kappleiksfrivillige, ligg det nokre «godar» som at ein kan få gratis mat /måltid og inngang på kappleiken. Ein får òg opplevd ein del av det sosiale fellesskapen og på sett og vis få bygd opp sosial kapital i folkemusikkmiljøet med at ein får observert kva som skjer, får høyrd spel og kanskje vel så viktig: kappleiksdeltakarane observerer gjerne kven som er tilstade på ein kappleik og dermed er det truleg at ein frivillig vert hugsa og blir tatt inn i varmen ved anna høve.

Mi undersøking viser at spelemannslaga som frivillig organisasjon i lita grad har fornya seg, dei gjer stort sett det sama dei gjorde når dei vart etablert. Spelemannslag kan ofte vere vanskeleg å få tilgang til, og ein ser døme på at tilfella der spelemannslaga har lukkast med sosiale, har eldsjelene kome utanfrå.

Spelemannslag er òg av dei frivillige lokallaga som slit med nedgangstider når det gjeld lagsarbeid. Eit døme på dette er at FolkOrg dei siste åra har slitt med å finne lag som vil ta på seg å skipe Landskappleiken. Dette har mellom anna resultert i at Røros var tevlingsstad i 2013 og 2017, og Vågå i 2016 og 2019. Skiping av Landskappleiken er

basert på 100 % frivilligheit. Laga som tek på seg å ha Landskappleik (som Røros og Vågå) har vist seg å ha gode samarbeidspartnarar (mellom anna bygdekvinnelag, idrottslag) og eit stort yrande folkemusikkmiljø med fleire spelemannslag i nærområdet. I tillegg prøver skiparane av Landskappleiken å rekruttere frivillige i folkemusikkmiljøet på landsbasis mellom anna via internett. Dei frivillige vert tilbode godar som gratis inngang på heile Landskappleiken, mat i høve vakta, t-skjorte og invitasjon til dugnadsfest. Mange lokallag som blir spurte om å ta på seg Landskappleiken føler dei ikkje kan, fordi dei er for få medlemmer i laget eller at medlemmene føler seg for «gamle» til å kunne dra i gong slik tilskiping. Dårleg rekruttering og lite fornying i dei spelemannslaga kan på sikt resultere i at til dømes Landskappleiken (som krevjast fleire hundre frivillige) ikkje kan bli skipa, eller ikkje kan vere ambulerande som den er i dag, og konsekvensen av "forgubbinga" lokalt kan få konsekvensar nasjonalt.

Kappleik er ein forvaltningsarena per definisjon, og dette er viktig for spelemannslaga. På kappleikar får ein utfalde seg sosialt og ikkje minst er dette ein arena for å få tilbakemeldingar på spel. Kappleik er òg ein måte å få bygd opp sosial- og kulturell kapital på. Å få bra resultat på kappleik, kan bidra i å heve kulturell kapital i folkemusikkmiljøet. Ein god utøvar blir inkludert i sosial omgang, medan ein mindre god utøvar nok kan oppleve det litt vanskelegare å oppnå same inkludering.

### 5.3.3 Øvingskveldar

Av desse spelemannslaga har fem av seks lag faste øvingskveldar. Det har ikkje lukkast for Fjellrosa å få i gong noko spelegruppe, då ikkje medlemmene i laget er røynde nok utøvarar til å kunne drive med lagspel. I laga som har speløvingar, er det stort sett mellom fem og sju stykk som møter på øving. Når eit spelemannslag deltek i lagspel på kappleik er det fleire som deltek, men for mange spelemenn er den solistiske tradisjonen viktigare enn samspeltradisjonen, noko som gjer at ikkje alle som deltek på kappleik for eit lag, er med i lagspel eller på øvingane.

I dei fire kulturskulene som har eit spelemannslag knytt til seg vert dei flinkaste elevane oppmoda til å ta del i øvingane til spelemannslaga. Forutan jamleg øving i Falkeriset har Lars Erik Skjøtskift Øygarden ei hardingfelerekrittgruppe *Falkerisetgruppe* på høgskulen på Rauland der han lærer bort slåttane som vert spelt i spelemannslaget, og Per Åsmund Omholt har laga ei plate med kjernerepertoaret i spelemannslaget for

opplæring/rekruttering. Leiar Ingrid Hamberg legg vekt på at rekruttgruppa med høgskulestudentar har bidrege til eit større, men beskjeden fokus på rekruttering i laget.

Om øving i seniorlaget til Seljord folkemusikklag sa leiar Ragnhild Knudsen at øvingane dei siste fire åra har blitt delt opp slik at fyrste del (45 minutt) er brukt til å spele til dans for leikarringen, den andre halvdel er øving i laget. Det er elles viktig at folk skal føle seg velkomne på speløvingar anten dei kan noko eller ingenting. Knudsen fortalte at det ein gong kom to studentar frå Bø som tok del i fleire øvingar fordi dei vart teke så godt i mot i Seljord. Knudsen la heller ikkje skjul på at ikkje alle i laget har ei like positiv haldning til nybyrjarar. Å handtere nye medlem på denne måten, er kanskje den beste måten å behandle situasjonen på: på denne måten er ikkje nye medlem/nybyrjarar til «bry» for røynde medlemmer.

I Bøheringen har seniorlaget øving ein kveld i veka samt at dei speler til dans for Bø Dansarring. Etter at Meyer Fjeld tok over som musikalsk leiar har det blitt meir tinndøsslåttar i Bøheringen, men det er framleis vekt på slåttar frå Bøherad.

Tinn Spelemannslag låg lenge i brakk utan stor integrering frå juniorlaget Tinndølan. Ungdomane i juniorlaget har vore og er framleis medlem i spelemannslaget, men det var ikkje før hausten 2017 det kom i gong att faste øvingar i spelgruppa med Meyer Fjeld som musikalsk leiar.

#### 5.3.4 Oppsummering

Leiar i Falkeriset Ingrid Hamberg skreiv i e-post: «Det kan vere laget opplevast som noko lukka, noko det eigentleg ikkje er». Om eit lag opplevast som lukka, kan det vere ein grunn til at laget slit med rekruttering. Eit dårleg fyrsteinstrykk for nye potensielle medlem kan resultere i at ein mister det potensielle medlemmen. At Falkeriset kan opplevast som lukka er noko laget har historie på å vere, jamfør Johan Vaa sin oppleving på 1960-talet. Som ein kan lese utifrå Hamberg sitt sitat, kan det sjå ut som at laget har ei sjølvverkjenning av at dei kan bli opplevd som eit lukka lag. Eit lag som Falkeriset kan stille seg spørsmålet om kva lag dei vil vere – vil dei vere eit lag som er ope for nye medlemmer både innan og utanfrå, eller vil dei vere eit lag som held på sine haldningar og trivst best med eldre medlem som har vore med i laget heile tida, som kjenner til Falkerisets historie og repertoar.

Laget held dansekveldar og per 2017/2018 er det oppdelt slik at det annakvar veke er telespringar og telegangar, veka etter er det ein annan type dans. Med tanke på at Raulands høgskulestudentar på folkemusikkstudiet er frå fleire stader i både inn- og utland, kan nok ei slik ordning bidra til auka kunnskap om dans frå forskjellige stader, samt at det er lettare å få med fleire på danseøving om ein har eit breiare tilbod enn berre dei tradisjonelle dansane. Ulempa med å vende seg til studentane på høgskulen, er at dei fleste studentane på Rauland ikkje held seg der i mange år, slik at det fort kan bli ein del rullering i utøvarane. Men likevel kan det nok vere eit poeng for folkemusikklaget å rette seg til studentane og deira behov, og på sikt er kanskje dette noko fleire lag burde sjå på. Kva ynskjer potensielle kursmedlem å danse eller for den saksskuld spele? Berre springar og gangar, eller skal ein blande inn til dømes runddans? I Seljord er det *sosiale aspektet* er ein viktig ting for laget, om dette sa Knudsen:

Når folk først møter opp så er det for å spille, og sosial arena. Fokus på spill kommer av at en kjenner hverandre og har det greit sosialt. Når det kommer nye så må de føle at det er greit sosialt for at de vil ta del i laget.

Ettersom ikkje alle i Seljord har positiv haldning til nybyrjarar / nye som tek del i laget, kan dette sjåast fordi dei innkøyrde medlemmane kan oppleve seg «truga» eller ikkje vil bruke tid på dei som ikkje kan så mykje. Dei kan føle at det kjem nokon nye og «øydelegg» gruppa og fellesskapet dei har i gruppa, samstundes som spelemannslaga slit med dilemmaet vil ha nye medlemmar, men vil ikkje ha nye medlemmar som ikkje kjenner til kodane. Det kan virke som eit bra grep at nybyrjarar vert teke med ut for å lære repertoaret før dei vert med på øving i sjølve laget.

Ulstein skriv om den menneskelige faktor i ein organisasjon at arbeidarane ikkje reagerer som enkeltindivid, men som gruppemedlemmer. Atferdspåverknad må skje ved å endre gruppevariablar (til dømes storleik, samanheng, leiing og struktur) (Ulstein, 1998, s. 189). Det kan tyde at det må gjerast noko med mentaliteten i heile laget, ikkje berre frå ein person.

Då Unni Boksasp vart tilsett prosjeklærar i musikkskulene i Tinn vart kveding eit populært tilbod i kulturskulen. Boksasp hadde òg danseundervisning i den vanlege skule. Det vart eit ynskje om å få dansen inn i kulturskulen. Dette hadde ikkje kulturskulen kapasitet til og ilag med spelemannslaget satt Boksasp i gong kurs for foreldre og ungar før det med tida vart eit tilbod i kulturskulen. I Tinn spelemannslag var det ein

rekrutteringsrunde i dans på 1970- og 80-talet som har gjeve eit bra grunnlag for dei som er foreldre no, men dei som lærte bort desse Tinndansane på den tida var såpass strenge at det låg ein redsel og angst for å danse feil. Denne redsla måtte Boksaps og kompani rydde bort. Redsla frå rekrutteringsperioden på 1970-80 talet hadde òg resultert i at det knapt var nokon som kunne danse tinndansar lengre, difor måtte Boksasp og hennar medhjelparar ta i bruk arkivopptak frå Rådet for Folkemusikk- og dans for å sjølv lære seg tinndansen. Denne rett/gale-problematikken som låg i Tinn på 1970-80 talet er typisk for mange folkemusikktradisjonar, som har ført med seg ein redsel for å gjere noko galt. I Tinn førte rett/gale-problematikken til at danseinteressa vart drepen med det smuldra òg speltradisjonen bort.

Tinn som tradisjonsområde låg nesten heilt nede frå 2000 til 2009. I spelemannslaget var det berre eit fåtal medlem og stort sett berre ein aktiv kappleiksutøvar. Ifylgje Boksasp har rekrutteringa blitt eit engasjement i lokalsamfunnet, og ho meiner Tinndølan har folkemusikken som ein del av sin identitet. Dette har hjelpe med å få i gang folkemusikkrekruttering då, i fylgje Boksasp «alle vil ha med ungane på folkemusikk», men ein kan spørje seg kvifor tradisjonsområdet har vore såpass nede, dersom folkemusikken ligg som ein del av identiteten til Tinndølan. Det kan nok mellom anna kome av at dei som vaks opp på 1970-80 talet fekk oppleve strenge lærarar som nok har gjort at dei ikkje har turt å utøve dans sjølv, jamfør Blomhaugen sitt utsegn om at spelet ikkje overlever utan dansen og omvend.

Ein ser altså at dansen har vore med på å auke rekruttering og at dans framleis spelar ein rolle for folkemusikken. Utan dansen hadde nok ikkje Tinn fått den oppsvingen som har skjedd dei siste åra, og dansen er med på å skape eit yrande folkemusikkmiljø på Rauland – om ikkje i spelemannslaget aukar i medlemstal, så er iallfall mange aktive i folkemusikkmiljøet. Dette skil Tinn frå dei andre laga i undersøkinga. Bøheringen spelar til dans for Bø dansarring, men der er dei prega av at dei aktive medlemene er eldre og at det kan vere vanskeleg å kome i kontakt med dansarringen, trass i at dei har faste øvingar. Dilemmaet ligg nok mykje i at det for tida ikkje blir jobba aktivt med rekruttering av yngre. Elevane i kulturskulen spelar til dans ein kveld i veka saman med spelemannslaget. Ettersom det i hovudsak er dei flinkaste kulturskuleelevane som blir oppmoda til å ta del i øvingane til hovudspelemannslaget, kan nok dette òg vere ein grunn til at laget er prega av høg snittalder.

«Forgubbinga» i spelemannslag kan vere ein grunn til at dei slit med rekrutteringa. Som ein ser frå Bøheringen på 2000-talet og Tinn bidrog eit generasjonsskifte til at medlemstal og aktivitetsnivå auka, og at snittalderen på medlemmene minka, men problemet i dag er at ikkje alle lag får til eit slikt generasjonsskifte, som nok kan henge saman med at det generelt er vanskeleg å få frivillige til å vere med i lengre engasjement.

I 2009 var det sett opp ein 5-årsplan med mål for folkemusikkrekruttering i Tinn kommune. Det var tre hardingfeleelevar, sju kvedarar og ingen dansarar i Tinn kulturskule. I dag er det oppimot 70 folkemusikkelevar i kulturskulen, og fleire hardingfeleutøvarar som representerer C og B-klassa i *Tinndølspele* enn det nokon gong har vore. Tinn har òg unge lærarar i spel, dans og kveding, og har fokus på det sosiale.

Heitmann og Selle skriv at det kan sjå ut som at fleire organisasjonar har mista førestillinga om kva dei ynskjer å vere i framtida og for mange er det vanskeleg å sjå framover, og ikkje tilbake på ei gylden tid.

Strategiarbeid handlar om forslag til konkrete og framtidsretta tiltak, forslag til løysingar på spørsmål som verksemda står ovanfor i åra framover. Eit strategidokument må a) legge grunnlag for handling, b) lede til handling, c) føre til resultat (Heitmann & Selle, 1999, s. 105).

Det er forslag som må være *lett* knyttet til organisasjonens målsetting og virksomhetsidé, og som gir visjoner for framtiden som ikke er løse og luftige og basert på idealisering av en svunnen fortid (Heitmann & Selle, 1999, s. 12).

Kanskje fleire spelemannslag skulle tenkt over kva lag de ynskjer å vere om 5 år. Kor mange medlemmer ynskjer de å ha. Skal laget ha fleire yngre medlemmer enn dei har no og korleis ynskjer dei å få det til, kan vere tankar å spørje seg om. Å ha eit mål å jobbe mot kan vise seg å vere motiverande, samstundes som ein får eit større overblikk over kva rolle spelemannslaget har og kan få i dagens folkemusikk-Noreg. Dette kan nok vere eit viktig punkt for å fornye seg.

Med tanke på at alle spelemannslag har føresegn, skulle det nok vere mogeleg å jobbe utifrå dette. Å ikkje ha strategiplan kan kanskje vere grunnen til at mange lag står på staden kvil.



## 5.4 Institusjonalisering

I det fylgjande blir det sett på spelemannslaga sitt forhold til kulturskulen samt objektivert og institusjonalisert kapital. *Kulturutdretningen* viser til ei undersøking frå 2010 der dei fleste kulturskulene hadde undervisningstilbod i klassisk musikk og pop/rock, mens om lag halvparten hadde undervisningstilbod i jazz/blues og folkemusikk (DSI, 2013). I dette prosjektet er det folkemusikkundervisning i fem av seks aktuelle kommunar.

Vidare i *Kulturutredningen* kan ein lese at kulturskulene er blant dei viktigaste lokale ytringskulturarenaer og eit av kulturpolitikkenes viktigaste verkty i arbeidet med å styrke kulturens eigenverdi og samfunnsverknadar – rettferdighet, mangfald, demokrati og ytringsfridom. Dei er institusjonar for rekruttering av utøvarar og publikum til kunst- og kulturfaga og er ein viktig arbeidsstad for profesjonelle kunstnarar. (DSI, 2013).

Institusjonalisert kapital er noko som fyrst og fremst har tilhøyrse i den store tradisjonen og ein kjem ikkje noko langt i folkemusikken med eksamensbevis og akademiske tittlar. Der institusjonalisert kapital kjem til uttrykk i folkemusikkmiljøet er med utmerkingar som æresmedlemsskap i ein organisasjon, diplom frå kappleik og kongepokalen som blir tildelt vinna av Landskappleiken i ambulerande klassar.

Når det gjeld institusjonalisering, er det snakk om at den vesle tradisjonen (folkemusikk) har blitt ein del av den store tradisjonen (kulturskulen). Sidan hardingfelelæraren er tilknytt eit spelemannslag, har spelemannslaget framleis hand om opplæringa, men opplæringa i systematisk ramme som er noko «nytt» om ein ser på folkemusikkopplæring frå tidlegare år. I den gamle spelemannsskulen til dømes var det nok aldri snakk om tidsavgrensing når slåttar vart lært bort, medan ramma i kulturskulen er på 22 ½ minutt per elev. Opplæringa kan bli organisert i gruppe for å få betre tid. Folkemusikkopplæring i systematisk ramme er noko som har forandra seg med tida, men spelemannslaga har i stor grad ikkje klart å få til den faste, jamne og systematiske opplæringa. I spelemannslagas øving er det meir ope for det sosiale, og det er meir fokus på spelet i laget som heilskap enn einskildpersonar. Øvingstid og hyppighet på øvingar kan variere - det er til dømes ikkje alle lag som har øving kvar veke.

Ein ser at spelemannslaga kan drive prosjektbasert opplæring i form av kurs, men laga har ikkje høve til å drive med systematisk opplæring på øvingar over lengre tid.

Som elev i kulturskolen er ein derimot meir forplikta til oppmøte og eigenøving med leksene ein får. Det forventast at ein elev skal øve og ha ein læringskurve gjennom året, samt at det kostar å vere elev i kulturskolen, og læraren får betalt.

Hardingfeleutøveren som lærar har òg fleire krav til undervisning no enn tidlegare. Ein lærar i kulturskolen må kunne setje ord på og grunngi kvifor ein vel noko framfor noko anna (Haugan, 1990, s. 22). Det er ein sterkare teoritesering av emnet, noko ein tidlegare berre har funne i den «store tradisjonen». Sidan hardingfeleopplæring i hovudsak er munnleg, høyrer teorien som har kome kring hardingfeleteknikk dei siste åra til i den «store tradisjonen». Ein utøvar som ikkje er klassisk skulert, kan fort oppdage at det er noko vrient å skulle ordleggje seg om musikkteoretiske spørsmål, til dømes skala, takt og tonar som er ein vanleg del av institusjonalisert opplæring.

Kulturskolen er ein jobb for hardingfelelæraren og ein «skule» for elevane, samt at det er ein kostnad for foreldre å ha elevar i kulturskolen. I dag er det nok mest aktuelt å snakke om at ein får grunnopplæring gjennom kulturskolen og ikkje direkte i spelemannslag. At læraren for hardingfeleelevar i kulturskolen er folkemusikar vil eg tru er avgjerande for opplæringa både på grunn av korleis slåttane vert tradert, men òg på grunn av det sosiale som ligg knytt til folkemusikkmiljøet i forhold til sosial og kulturell kapital.

Kulturskulelærarane i dette utvalet er relativt unge. Per 2017 har to av hardingfelelærarane runda 50 år, to av lærarane er i byrjinga av 30-åra og ein er i midten av 20-åra. Alle er dei eit resultat av institusjonalisert opplæring gjennom kulturskolen (eller musikkskulen). Unge lærarar som er i vinden i folkemusikkmiljøet kan vere ein motivasjon for elevar til å søke plass i kulturskolen. I dette døme er tre av fem lærarar A-klasse utøvarar, alle fem er aktive på kappleikssцена, tre av fem har gjeve ut CD med hardingfeleslåttar, fire av fem er aktive konserthaldarar og alle er aktive kurshaldarar. Dette gjer at elevane kan oppleve og høyre læraren utanfor det vanlege lærar – elev ramma. Det er òg ganske vanleg at lærar – elev ramma i folkemusikkmiljøet er ganske avslappa. Etersom folkemusikkmiljøet er lite, er det heller vanleg at lærar og elev møtast utanfor speletimane. Dette er noko som kan gjere at forskjellen mellom rollene ikkje blir så avskrekkande.

Om slåttetradisjon skriv Bjørndalen og Alver:

Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppøyst og omskapt. Det er tradisjonen sitt liv. For tradisjonen er ikkje som eit manglebrett eller ein tresko, som vi kan gøyma på museum slik han var for 300 år sidan, og framleis er. Vi veit korleis ein slått var i 1850 og i 1908 og i 1950. Han er omvølt og omrigga, han er ikkje lik seg som han var. Likevel er det same slåtten. Difor skal vi ikkje gråta over tradisjonen, han lever vidare som han alltid har gjort, og vert omskapt og omforma i ein variasjon utan like (Bjørndal & Alver, s. 203).

Det er med andre ord vanskeleg å prate om kva som er rett og galt når det gjeld slåttetradisjon og kva slåttar som kan bli spelt kor. det er forskjell på å spele slåttar frå Tinn enn å spele i Tinntradisjon. Å spele i tradisjonen er noko anna, halde seg til tonalitet, rytme. Ein kan nok slå fast at det lokale særpreget må vike for å bevare sjangeren.

I kva grad påverkar det eleven om læraren er aktiv i fleire tradisjonsområdar? Greier ein lærar å skilje ut dei forskjellige nyansane i spelet og lære bort "korrekt tradisjon", eller burde ein ideelt sett hatt lærar som er fordjupa i ein tradisjon, slik FOT heldt fram? I dag er det nok heller vanleg at ein utøvar vert kjend med, og utøvar slåttar frå fleire tradisjonar.

Meyer Fjeld opplever at Tinn er det tradisjonsområdet som er mest bevisst på tradisjonen, fordi det er lettare å definere kjernerepertoaret til Tinn enn i til dømes Bø. Tinn har alltid vore bevisst på kva som er deira tradisjon og at den skal bli bevart, medan andre tradisjonar som til dømes Bø som nok har vore eit meir sentralt punkt enn Tinn, kanskje har hatt det vore fokus på improvisering og utvikling (Haugan, 1990, s. 18), medan i Tinn er det meir faste formar. Ein må òg kome i hug at tidlegare spelemenn reiste for å lære slåttar, medan no reiser læremeistaren for å lære bort slåttar.

Spelemannen Knut Kjøk frå Gudbrandsdalen var noko skeptisk til institusjonalisering av folkemusikken og meinte mellom anna at utdanning gjer folkemusikken fattigare. Han frykta at folkemusikken mister særpreget og sitt lokale uttrykk. Han meinte at slåttane som vert spelt frå dei på høgt utdanningsnivå vert meir og meir like: «det blir så lik klang og uttrykkslaust ofte. Dermed står vi i fare for å miste den rikdomen vi hadde før med stor variasjon innan folkemusikkuttrykket på bygdene» (Kjøk, 2010). Kjøk stilte seg òg noko skeptisk til kulturskulen.:

I dag får ungane same lærar på kulturskulen. Dette veit eg mykje om fordi eg sjølv har vore felelærer på kulturskulen både i Lom og i Sel til dømes.

Einsrettinga kan starte der, slik sett. Same læraren skal lære opp elevar år etter år. Når dei så blir vaksne og avsluttar på høgskule og universitet synest eg å høyre at klangen også der blir meir og meir lik. Dei får sikkert same læraren der og.

- Miljøet, den geografiske ståstaden er blitt den same, Oslo eller Trondheim for den del. Det er slik eg meiner vi snart berre får spelemenn frå Oslo, med same klang. Dåmen av den lokale spelemannen er ikkje meir. Det lokale svipet som ikkje var å ta feil av, blir borte (Kjøk, 2010).

Utsegna til Kjøk let seg diskutere. Det ligg nok noko i at variasjonane kan forsvinne om ein oppsøker sama lærar og ikkje legg i sitt eige. Ved mange høve kan ein høyre kven ein utøvar har lært å spele av, fordi det ikkje har blitt tillagt eigne variasjonar i spelet. Men dette kan kanskje vere fordi læraren ikkje har oppmoda eleven til å legge i eigne variasjonar, eller at eleven ikkje let seg inspirere til å hente variasjonar frå andre utøvarar. Det fins utøvarar som har satt mykje av sitt preg i spelet til elevane, som til dømes elevane av Knut Hamre frå Hardanger. Ein må òg kome i hug at opplæring i spelemannslag er ein form for einsretting, utan at dette vert trekt fram som ein negativ utvikling ettersom spelemannslaga forvaltar slåttetradisjonen på ein meir tradisjonell måte enn kulturskulen.

Ein får kulturell kapital av kven ein har lært av, og dette kan nok vere ein grunn til at ein elev legg seg til spelet til læraren, for at andre skal høyre kven ein har lært spel av. Det er ikkje uvanleg i eit sosialt samband, til dømes kappleik, at ein anerkjend lærar vert nemnd som hovudlærar til utøvarar som har gått vel så mykje i lære hjå mindre anerkjende lærarar.

I den store tradisjonen spelar ein etter noter, medan den vesle tradisjonen har eit viktig kjenneteikn vore for den munnlege traderinga og det er kvalitetar ved denne metoden som folkemusikkmiljøet meiner er verd å ta vare på. Difor har folkemusikarar heile vegen jobba for at den munnlege opplæringa skal vere ein del av kulturskulen, og slik blir tradisjonen halde i hevd.

Mange får sin fyrste hardingfeleopplæring i kulturskulen og ein del går vidare med hardingfele på høgskule, men det mange som framleis oppsøker eldre kjelder for å lære slåttar av dei. Det å skulle spele etter eit ideal er kanskje ein motivasjon for yngre og ferske utøvarar om ein høyrer eit opptak.

Den ideelle forma for opplæring kan nok vere det FOT tok sikte på: i kvar bygd skulle den beste spelemann stå for opplæring og tradisjonsbevaring. Kvifor er ikkje lokale spelemenn engasjert i Porsgrunn, Notodden, Bø? I Bø fins det utøvarar som er

dyktig nok til å kunne ha tatt på seg slikt, medan Porsgrunn og Notodden ikkje har det sama spelemannsmiljøet. Det ein kan trekke fram er at den munnlege opplæringa er tung. Det er tungt å drive systematisk munnleg opplæring av folkemusikk på hardingfele som i dag er ein spesialisert tradisjon. Det er nok ikkje utenkeleg at rekruttering ikkje hadde skjedd utan kulturskulens innsats, særleg med tanke på at kulturskulelærarane får gode som løn, fast arbeidstid / rammer å halde seg til, samstundes som ein kulturskulelærer gjerne har mange elevar å undervise, noko som krevjast lærarkvalifikasjonar som tålmod og nøyaktig spel. Det kan bli stilt spørsmål om kva som hadde skjedd utan kulturskulen. Hadde det skjedd noko utan tiltak som FOT og liknande? Truleg er kulturskulen det mest langsiktige perspektivet. På sikt hadde nok FOT og liknande tiltak kunna ut i å bli kommunalt.

Ein ser at det er to aktive juniorspelemannslag i dette prosjektet. Dei er eit tilbod i tillegg til vanleg time i kulturskulen. Desse har kome til i samarbeid mellom kulturskulen og spelemannslag. Når ein har det under kulturskulen, får leiaren betalt for å ha juniorspelemannslaget. Eit juniorspelemannslag er meir krevjande enn seniorlag, samstundes som juniorspelemannslag er eit godt tilbod som alternativ til spelemannslaget for vaksne. Eit vanleg spelemannslag ikkje er ein arena spesielt tilrettelagt barn, og når spelemannslaga vart skipa hadde barna leikarring som arena for opplæring av folkedans og songdansar. I juniorspelemannslaga får kulturskuleelevar møtt dei andre som speler hardingfele, og når ein er god nok har ein tilbod om å prøve seg i spelemannslaget til dei vaksne. Spelemannslaget i Seljord kjøper timar av kulturskulen for å få til juniorspelemannslaget, og repertoaret er tilpassa slik at juniorane kan spele med seniorlaget. Seljord har òg eit aspirantlag, der dei nyaste som har spelt i 2-3 år får vere med. Juniorane vert oppmoda til å bli medlem i folkemusikklaget, mykje grunna FolkOrg sitt reglement om at ein må vere FolkOrg-medlem for å delta på kappleik. Juniorane i Seljord deltek på kappleik som lag, medan i Bø er det ikkje lagt opp til at juniorlaget skal delta på kappleik som gruppe. Der møtast dei ein kveld i veka for å gå gjennom det dei har spelt på timane. Ei inndeling med senior- og juniorlag heng òg saman med kappleiksreglementet som òg har klasseinndeling for senior- og juniorlag og utøvarar. Det å skilje ut dei unge i eit eige lag er eit slags rekrutteringstiltak som liknar på ordninga i korps.

Etter institusjonalisering av folkemusikk har det blitt større rom for jenter både i spelemannslag og jenter som hardingfeleutøvarar, men ein ser framleis at det ofte er fleire av det mannlige kjønn som er med i tradisjonelle spelemannslag enn av det kvinnelige, men dette er i ferd med å endre seg. Spelemannslag har lenge vore mannsdominert. Slik det kjem fram i casestudie var det hovudsakleg menn som sto bak stiftinga av spelemannslaga, og lenge hadde kvinner i spelemannslag sin stad på kjøkenet eller som dugnadsarbeider på kappleik/den som hadde ansvar for økonomien og praktisk administrering.

I *Kulturutredningen* er det oppgjeve at 75% av elevane i kulturskulen er jenter (DSI, 2013).

I spørjeundersøkinga kom det inn svar frå 10 jenter og 3 gutar. Dette talet viser at det kan ha blitt større rom for at jenter kan utøve hardingfele, etter at folkemusikken kom inn i institusjonaliserte rammer.

For å få fleire yngre til å spele hardingfele svara mellom anna elevane i spørjeundersøkinga at det må bli reklamert meir rundt hardingfeletilbodet i kulturskular og kurs rundt omkring, samt gjere hardingfeletilbodet meir attraktivt. Eit svar var «kulturskulen burde ha eit juniorlag med mat, mykje sosialt og leik, litt spel. Folk kommer ikke hvis det ikke er gøy», slik ein ser det har vorte gjort i Tinn, særleg når det gjeld mat og det sosiale. Eit svar frå undersøkinga var òg at dei som er unge må få sjans til å høyre skikkeleg felemusikk.

Å få vist fram at folkemusikk ikkje er "traust" vil eg tru er viktig for at tradisjonsmusikken skal bli vidareført og for å få rekruttert fleire yngre til miljøet, samt å syne fram potensialet som ligg i det å spela som ein har sett i Tinn med resultatet Tinndølan.

Det ein kan sjå i forhold til det sosiale og opplæring generelt er at mykje er avhengig av kva type personlegdomar som er med i laga, eller lærar i kulturskulen samt engasjerte foreldre. Å få til betre samarbeid med kulturskulen, samt å få i gong juniorspelemannslag er kanskje eit svar på manglande fornying i dei tradisjonelle laga.

Det er ikkje berre kven ein har lært spel av som gjev kapital i folkemusikkmiljøet. Familie kan òg gjev kapital, til dømes om ein elev er i slekt med ein kjend spelemann vil det vekke interesse hjå andre utøvarar, men det kan òg forventas at eleven skal kunne

bli like god som den kjende spelemannen, noko som kan skape forventningspress for eleven. I spørjeundersøkinga har berre fire av tretten elevar familie som driv eller har drive med folkemusikk. Dette er kanskje eit resultat av institusjonaliseringa?

Hardingfeleinstrumentet som objektivert kulturell kapital er òg viktig. Det er særleg vanleg at ein under hardingfeleklasse A på Landskappleiken kan oppleve at konferansier introduserer spelemann, slåttane som skal bli spelt, kven som har laga fela og kva år fela er frå, og eventuelt kva nummer fela har dersom ho er nummerert. For utøvarane er det òg viktig å ha eit godt instrument, og til dømes ei hardingfele bygd av ein frå Helland-Steintjønndal-dynastiet, kan bidrage til auka kulturell kapital i folkemusikkmiljøet då dette er instrument som blant mange vert rekna som dei beste og flottaste hardingfelene som er laga.

Tilgangen til eit godt instrument er viktig, jf. Anne Svånaug Haugan sine ord om FOT som lånte ut instrument. Det kan vere vel så umotiverande for ein hardingfelelev å spele på eit dårleg instrument som for ein profesjonell utøvar.

Kanskje det at hardingfela har kome inn i kulturskulen gjer det lettare for dei som ikkje er frå folkemusikkfamiliar å prøve seg fram med til dømes hardingfele, når kulturskulen har hardingfeler til utlån og det ikkje er noko «opptaksprøve» for å få prøve seg på instrumentet. Det er med andre ord ikkje veldig stor fallhøgde å prøve seg som elev på hardingfele i kulturskulen. Dersom det skulle vise seg at instrumentet ikkje passar, kan ein oftast bytte instrument eller slutte. Kulturskulelærar har òg ein pedagogisk vinkling på undervisninga, noko kanskje ikkje ein «vanleg» utøvar har, noko som kanskje kan gjere at eleven lettare finn motivasjon til å forsetje, når krava til ein kulturskulelev vert tilpassa sitt nivå – framfor å lære av ein utøvar som nok i større grad kan bli utålmodig og forvente raskare læringskurve enn det som er å forvente av eleven.

Rekruttering er nok ikkje nødvendigvis ein stimulans i spelemannslaget, men ein stimulans i kulturskulen som gjer at ein kanskje blir med i eit spelemannslag når ein er vaksen ut av kulturskulen, sidan spelemannslaga er ein opplæringsinstitusjon for dei som allereie har kjennskap til slåttspel og mange kulturskuleelevar får kjennskap til spelemannslag gjennom kulturskulen.

Ragnhild Knudsen og Unni Boksasp peikte på at kulturskulen er viktig både fordi spelemannslaga ikkje har tid til denne forma for opplæring, og at kulturskulen ikkje har høve til å stå for det sosiale som spelemannslaga har. Slik møtast spelemannslaga og

kulturskulen, og kan utnytte seg av kvarandre. Det er tydeleg frå Spelemannslaget Vårhengt som ikkje har noko samarbeid med kulturskulen at rekrutteringa der er dårleg. Dette er eit lag som slit med få medlemmer, lite aktivitet og vanskar for å appellere til ungdom. I Vårhengt består spelegruppa av to pensjonistar og ein utøvar i 20-åra. Dette låge talet kan nok endrast dersom hardingfeleopplæring kjem inn i kulturskulen i Grenland, då grunnlaget for eit folkemusikkmiljø ligg der. Det berre manglar motivasjon og iver, noko som kan kome om det blir nye medlemmer. I Seljord skjer opplæring av yngre i kulturskulen og leiar av Seljord folkemusikklag Ragnhild Knudsen legg stor vekt på at dette samarbeidet er vesentlig for opplæring, då spelemannslaget ikkje har høve til å drive med systematisk opplæring av barn. I Tinn Spelemannslag er det, til likeins med Seljord folkemusikklag, eit viktig samarbeid mellom spelemannslaget og kulturskulen. Om dette sa Unni Boksasp: «Ein kulturskule kan ikkje ta av seg alt det sosiale rundt».

#### 5.4.1 Oppsummering

Samarbeidet mellom spelemannslag og kulturskulen er nok ganske avgjerande for dagens folkemusikkopplæring, og det i samarbeid med kulturskulen at spelemannslaga fortsatt kan ha ei rolle i dagens folkemusikksamfunn.

Ved hjelp av kulturskulen ser spelemannslaga at fleire yngre personar får interesse for å utøve folkemusikk og ved hjelp av spelemannslaga får kulturskuleelevane eit miljø å utfalde seg i sosialt og musikalsk.

Ein kan stille spørsmål om vi treng spelemannslaga når kulturskulen i utgangspunktet ikkje har som mål å rekruttere utøvarar til spelemannslag. Kva dyrkar kulturskulen? Individuelle spelemenn, spelemenn som sluttar å spele når dei er ferdige i kulturskulen, eller greier dei å dyrke spelemenn som forvaltarar av ein tradisjon? Det er med det siste punktet spesielt at spelemannslaga har ei viktig rolle. Spelemannslaga er interessert i å ivareta tradisjonane, og det er nok truleg at spelemannslag i større grad enn kulturskulen kan gå som føregangsbilete som forvaltar.

At samarbeidet mellom spelemannslag og kulturskulen er forskjellig frå stad til stad treng ikkje vere for negativt, men eg ser det som viktig at spelemannslaga kan gjev kulturskuleelevane eit miljø å fordjupe seg i tradisjonar, møte andre utøvarar og få opplevd det sosiale i folkemusikkmiljøet, det kan vere viktig for at spelemannslaga skal



ha den plassen dei har i dag. Igjen kan ein knyte an til den store og den vesle tradisjon. Den store tradisjon kan ikkje tilby, eller erstatte den vesle tradisjon med omsyn til miljø, utfolding eller identitet. For kulturskuleelevane sin del kan det nok fungere som ein motivasjon å ha eit miljø å utfalde seg i, og ikkje berre ha årlege kulturskulekonsertar å øve til. For kulturskulene som har juniorspelemannslag er det nok ein god motivasjon å spele til dans for dansarring og liknande. Når ein spelar til dans får ein òg øvd seg på å få inn takt og rytme i spelet, noko som er viktig for ein god dansespelemann som vil bli høgt verdset i folkemusikkmiljøet.

## 6 Konklusjon

Då eg byrja dette arbeidet i 2017 stilte eg meg skeptisk til spelemannslagas rolle i dagens folkemusikkmiljø, men kan heldigvis sjå at dette synet ikkje stemde. Spelemannslaga er framleis viktig for folkemusikken, men det bør skje endringar i organiseringa dersom laga skal overleve.

I prosjektet har det blitt belyst at lokale spelemannslag kan lukkast godt i dagens samfunn, ikkje minst retta til dagens ungdom, samstundes som det er spelemannslag i sama område som ikkje har sama integreringspolitikk av dagens ungdom og lite fornying.: Det er mellom anna viktig at spelemannslaga fornyar seg i tråd med resten av samfunnet, til dømes når det gjeld bruk av sosiale media. Ein kan oppleve at øving og aktivitet blir ein godt bevart løyndom og informasjonen berre når dei innvigde, og slik blir det ikkje auka rekruttering av.

Noko eg synes har vore interessant er å sjå kor forskjellig desse seks laga i Telemark stiller seg i forhold til aktivitet og rekrutteringsevne. Særleg interessant var det å sjå at det er kvinner som rår i dei laga som har fått til rekruttering i seinare år. Dette er unge kvinner som kjem utanfrå med nytt blikk og ein "dette må me gjere noko med"-haldning har bidrege til at lag som Tinn og Fjellrosa har fått ny livsgnist. Ein 5-årsplan som Tinn satt opp samt generasjonsskifte i både Tinn og Fjellrosa er ting andre lag absolutt bør ta med seg.

Spelemannslaga har spelt ei viktig rolle med omsyn til folkemusikkopplæring i kulturskulen, og det er både bra og viktig at utøvarane har jobba så hardt for at folkemusikkopplæringa skal ha den særstillinga den har i kulturskulen – med munnleg opplæring og engasjerte tradisjonsberarar som lærarar. Dette er med på å styrke folkemusikkmiljøet.

Det er nok òg forholdet mellom spelemannslag og kulturskulen som i stor grad avgjer i kva grad kulturskuleelevane får eit forhold til spelemannslag. I laga Falkeriset, Fjellrosa og Vårlengt er samarbeid med kulturskulen ikkje eller knapt eksisterande. Seljord og Bø har juniorspelemannslag under kulturskulen medan Tinn spelemannslag har fått eit nytt namn og renommé i folkemusikk-Noreg grunna kontakten mellom spelemannslaget og kulturskulen. I Bø er juniorlaget med på dansespeløving i seniorlaget og Tinn, som i utgangspunktet ikkje hadde mange utøvarar (korkje eldre eller

yngre) særleg i perioden 2000 – 2009, har i dag eit yrande miljø med fleire kappleiksutøvarar i spel, dans og kveding. I Seljord vert elevane i kulturskulen oppmoda til å bli medlem i laget, og dette er det einaste av desse laget som går særleg ut med denne oppmodinga.

I prosjektet fann eg at spelemannslaga nok ikkje er reduserte til å berre vere ein organisatorisk tilknytning i høve deltaking på kappleik. Utan spelemannslaga hadde ikkje utøvarar hatt ein arena for utøving (som kappleik og folkemusikkpub), eller eit miljø å vere del av og ha tilhøyr i.

Eg tenkte at dei lokale spelemannslaga kanskje mista litt sin "rolle" ettersom ein må vere direkte medlem i FolkOrg og medlemskontingenten til spelemannslaget kjem "på si", men ein ser at organisasjonen FolkOrg ikkje gjev sama identitetsmerke som eit lokalt spelemannslag gjer, og dette kan nok vere ein årsak til at spelemannslaga ikkje blir overkøyrd av ein nasjonal organisasjon.

Eg opplever heller ikkje at institusjonaliseringa i folkemusikkmiljøet har ført til svekking av dei tradisjonelle, frivillige organisasjonane – iallfall ikkje i stor grad. Framleis er det engasjerte foreldre som støtter opp om barnas folkemusikkaktivitet med å vere sjåfør og publikum på kappleik, og spelemannslaga held sitt arbeid uavhengig av kulturskulen.

Ikkje overraskande ser ein at forskjellen mellom by og bygd noko grad kan spele inn på rekruttering.

Men alt i alt, er dagens spelemannslag, kappleiksarbeid, folkemusikkopplæringa før og no, og arbeidet med å få ein handlingsplan for folkemusikk er bunde med, som Hans Majestet Kong Harald sa det i nyttårstalen 2017:

(...)at vi gjør noe fordi vi synes det er riktig og viktig, ikke for personlig økonomisk vinning (...)Og styrken ligger nettopp i at vi har skapt det sammen – med våre egne hender, at vi har gitt av vår tid, delt av vår kunnskap og vårt engasjement (HMK Harald, 2017).

## 7 Forkortingar

DSI – Departementenes servicesenter Informasjonsforvaltning

DKK - Det kongelige kultur- og kirkedepartement

Nf - Norges forskningsråd

Lfs – Landslaget for Spelemenn

## 8 Litteratur og kjelder

- Aksdal, B. (1993). Samspillformene. I B. Aksdal, & S. (. Nyhus, *Fanitullen - innføring i norsk og samisk folkemusikk* (2. utgave 1998. utg.). Oslo: Universitets forlag.
- Aksdal, B., & Nyhus, S. (. (1993). *Fanitullen - innføring i norsk og samisk folkemusikk* (2.utgave 1998. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Andersen, K. (2009, oktober 5). *Telen - kultur*. Henta frå Drar i gang igjen Fjellrosa: <https://www.telen.no/kultur/drar-i-gang-igjen-fjellrosa/s/2-2.3402-1.4700290>
- Aasen Leikvoll, G. K. (2009). 2001 - 2009: Generasjonsskifte og årleg Bø-kappleik. I A. Storesund, *Spelemannslaget Bøheringen 1934 - 2009. Organisert arbeid for tradisjonsmusikken på hardingfele i Bø gjennom 75 år*. Bø i Telemark: Telemark museum - årsskrift nr.8.
- Berg, O. (1947). *Spelemannslaget Fjellrosa 1932 - 1947*. Notodden: Teledøpens Boktrykkeri, Notodden.
- Bjørndal, A., & Alver, B. (u.d.). *"Og fela ho lét"*.
- Bjørndal, A., & Alver, B. (1985). - *Og fela ho lét- norsk spelemannstradisjon* (2.utgave 1985. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Blengsdalen, A. S. (2014). Gunnar og eg. Om hardingfeleopplæring før og no. I J. V. (red.), *Årbok for Telemark 2014*. Telemark Mållag.
- Buen, K. (1983). *"Som gofa spøla" : tradisjonen rundt spelemannen Knut Dahle 1834-1921*. Tuddal: Buen kulturverksted.
- Burke, P. (1994). *Popular Culture in Early Modern Europe*. England: Ashgate Publishing Limited.
- Det kongelige kultur- og kirkedepartement. (2007). *St.mld.nr.39 (2006 - 2007) Frivillighet til alle*. <https://www.regjeringen.no/contentassets/68b20a00c377479c98d8bac4c4e38cf6/no/pdfs/stm200620070039000dddpdfs.pdf>.
- DKKK. (2007). *St.mld.nr.39 (2006 - 2007) Frivillighet til alle*. <https://www.regjeringen.no/contentassets/68b20a00c377479c98d8bac4c4e38cf6/no/pdfs/stm200620070039000dddpdfs.pdf>.
- DSI. (2013). *Norges offentlige utredninger: Kulturutredning 2014*. Oslo: <https://www.regjeringen.no/contentassets/1e88e03c840742329b9c46e18159b49c/no/pdfs/nou201320130004000dddpdfs.pdf>.
- FolkOrg- organisasjon for folkemusikk og folkedans. (2017). *Vedtekter for FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans*. Henta frå <http://folkorg.no/content/uploads/2017/01/Vedtekter-revidert-2017.pdf>
- FolkOrg- organisasjon for folkemusikk og folkedans. (2017). *Vedtekter for FolkOrg - organisasjon for folkemusikk og folkedans*. Henta frå <http://folkorg.no/content/uploads/2017/01/Vedtekter-revidert-2017.pdf>
- Haugan, A. S. (1990). *Hardingfeleopplæring*. Tuddal: Buen kulturverkstad.

- Haugan, A. S. (2011). *Takt og tonar - Soga om folkemusikken og folkedansen i Numedal*. Kongsberg: Folkemusikksenteret i Buskerud.
- Heitmann, J. H., & Selle, P. (1999). *Frivillige organisasjoner. Fornyelse, vekst og utvikling*. Kristiansand: HøyskoleForlaget.
- HMK Harald. (2017, 12 31). *Det Norske Kongehus*. Henta frå Nyttårstalen 2017: <http://www.kongehuset.no/tale.html?tid=159946&sek=26947&scope=0>
- Hviden, Bjørn; Nf. (2005). Sosial kapital : klargjøring av ulike perspektiver på sosial kapital, kunnskapsstatus, funn og forskningsbehov, forslag til en videre satsing på forskning om sosial kapital i Norge. Trondheim. Henta frå [https://www.forskningsradet.no/CSSStorage/Flex\\_attachment/8212021661.pdf](https://www.forskningsradet.no/CSSStorage/Flex_attachment/8212021661.pdf)
- Hviden, Bjørn; Norges forskningsråd. (2005). Sosial kapital : klargjøring av ulike perspektiver på sosial kapital, kunnskapsstatus, funn og forskningsbehov, forslag til en videre satsing på forskning om sosial kapital i Norge. Trondheim. Henta frå [https://www.forskningsradet.no/CSSStorage/Flex\\_attachment/8212021661.pdf](https://www.forskningsradet.no/CSSStorage/Flex_attachment/8212021661.pdf)
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Jordstøyl, K. E., Omholt, P. Å., & Hommo, T. (2004). *Vinje Spilemannslag 1953 - 2003 Spelemannslaget Falkeriset*. Vinje: Vinje Spilemannslag og Spelemannslaget Falkeriset.
- Kjøk, K. (2010, april 10). - *Utdanning gjer folkemusikken fattigare*. Henta frå Gudbrandsdølen Dagingen: <https://www.gd.no/kultur/utdanning-gjer-folkemusikken-fattigare/s/1-934610-5062607>
- Kløvstad, J. (1995). *Ungdomslaget : Noregs ungdomslag 1896-1996*. Oslo: Samlaget.
- Kvarv, S. (2010). *Vitenskapsteori - tradisjoner, posisjoner og diskusjoner* (2. utgave 2014. utg.). Oslo: Novus AS.
- Landslaget for Spelemenn. (1947). *Spelemannsbladet*(3).
- Landslaget for Spelemenn. (1948). *Spelemannsbladet*. (1).
- Larsen, T. H. (1997). *Organisasjonskunnskap - en håndbok i foreningsarbeid* (1.utgave. utg.). Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- LfS. (1995). *Handlingsplan for folkemusikk og folkedans*. Henta frå <http://esitobo.org/wp-content/uploads/2015/08/Handlingsplanforfolkemusikkogfolkedans2.pdf>
- Mæland, J. (1973). *Landslaget for Spelemenn 1923 - 1973: 50 år*. Voss: Norsk Kulturråd.
- Myklebust, R. (1982). *50 år med folkemusikk*. Det norske samlaget.
